



ØKONOMIPLAN

2019-2022



Innhold

| | |
|--|-----|
| <i>Saman i skiftande tider</i> | 4 |
| <i>Kva er viktig framover?</i> | 5 |
| <i>Framtidsløftet og digitalisering</i> | 6 |
| <i>Vedtak i kommunestyret sak 096/18 - 13. desember 2018</i> | 8 |
| <i>Samfunnsutvikling</i> | 10 |
| <i>Utviklingstrekk</i> | 10 |
| <i>Sentrumsplanar</i> | 12 |
| <i>Klima, miljø og energi</i> | 13 |
| <i>Folkehelse</i> | 13 |
| <i>Nærbø sentrum - «Sambrukshuset»</i> | 14 |
| <i>Rammevilkår</i> | 16 |
| <i>Økonomiske oversikter</i> | 18 |
| <i>Drift</i> | 18 |
| <i>Driftsbudsjett per tenesteområde – netto driftsrammer</i> | 21 |
| <i>Investering</i> | 22 |
| <i>Omtale av sektorane</i> | 26 |
| <i>Sentraladministrasjonen</i> | 26 |
| <i>Opplæring og kultur</i> | 36 |
| <i>Helse- og sosialsaker</i> | 60 |
| <i>Tekniske saker og næring</i> | 84 |
| <i>Kyrkjer og andre trussamfunn</i> | 116 |
| <i>Ymse</i> | 118 |
| <i>Obligatoriske oversikter</i> | 124 |

Vedlegg

- A: Prisar og gebyr
- B: Kommunale handlingsplanar opplæring og kultur
- C: Budsjettforslag frå kyrkja

*Fotografiet på framsida er frå Kommunefilmen 2018
Fotografiet på side 35 er tatt av Tord Paulsen
Andre fotografi er tatt av Anne Lise Norheim*

Saman i skiftande tider

Hovudmålet for Hå kommune er at «Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå». Også i 2018 har vi hatt ei positiv utvikling i arbeidsløysa og godt sal av tomter til næringsformål. Folkeveksten har flata ut og venta vekst er lågare enn det vi har venta tidlegare. Tala er usikre og vi må legge til rette for rask endring når tidene skifter. Vi ser effekten av Framtidsløftet og er med på mange initiativ for å gjere nye, digitale løysingar og tenester betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane. Rådmannen legg fram ein økonomiplan med fokus på korleis me kan arbeide saman i skiftande tider. For å få til dette må Me løfte i lag!

Gjennom 2018 har vi hatt fokus på at heile organisasjonen og dei hovudtillitsvalte er involvert når det gjeld korleis vi skal forenkle, fornye og forbetre måten vi arbeider på. Slik riggar vi organisasjonen for å kunne tilpasse oss framtida sine utfordringar. I budsjettet for 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 bygger rådmannen vidare på korleis vi samarbeider i heile organisasjonen. Dette blir ytterligare understreka i Plan for frivillig arbeid i KS-sak 086/18 der det heiter «Vi ser, at vi nå og i tida framover, vil vere heilt avhengig av det frivillige arbeidet som skjer i kommunen. Gjennom å løfte i lag med dei frivillige lag og organisasjonane og ikkje minst enkeltpersonar, kan vi få til så mykje meir enn om vi står åleine».

Arbeidet med økonomiplanen for 2019-2022 har vært ekstra krevjande på grunn av at vi hadde eit gap (mellom forventa inntekter og utgifter) på 35 millionar kroner å dekke inn i 2019. Det har vært gjort eit grundig arbeid i organisasjonen, saman med dei tillitsvalde, for å finne auka inntekter og identifisere innsparingar slik at dette gapet er lukka ved konkrete tiltak og ikkje med ei generell innsparing for alle. Samstundes er det tatt omsyn til auka kostnader.

Viktige grep vi gjør i dette budsjettet er:

- Det er færre ungar i barnehagane frå hausten 2018. På grunn av at der er fleire små barn vil likevel utgiftene auke. Barnehageplassane for små barn (1-2 år) er om lag dobbelt så dyre som plassane til dei store barna. Antatt auka i dekningsgrad for dei minste barna vil kunne gje ei auka utgift på omlag 3 mill kroner i 2019.
- Planlegginga av ny barnehage på Brusand er i gang. I samband med reguleringsplanarbeidet at vi mottatt innsigelsar frå BaneNor (nærleik til jernbanen) og Fylkesmannen. På bakgrunn av dette føreslår rådmannen å skyve prosjektet eit halvt år ut i tid med ferdigstilling i 2022.
- I 2018 blei det innført ny lærarnorm for skulane i landet. Gjennomgang av dette i Hå viser at kommunen ser ut til å ha noko høgare lærardekning enn kravet. Vi ser at vi ligg an til å klare krava til lærardekning også om vi tar bort den planlagde årlege auken på 3,5 stillingar i skulane for 2019.
- Påbygg på Varhaug skule med plass til 550 elevar er planlagt ferdigstilt i 2020.
- Økonomiplanen inneheld føresetnad om å ikkje auka talet på sjukeheimplassar dei neste fire åra. Det betyr at rådmannen rår til at 2. etasje av gamle delen av Hå sjukeheim som var tenkt nytta til ein auke i korttidsplassar ikkje blir tatt i bruk.
Dette vart ikkje godkjent og utgifter til dette er tatt inn i heile økonomiplanperioden med halv verknad i 2019.

- Helsedirektoratet har ført tilbake trekket etter omlegginga av vertskommunetilskotet, noko som førte til at vi fekk tilført 3 mill. kroner meir i 2018. Dette, og lågare prognose i fråfall, fører til eit lågare nedtrekk i økonomiplanen.
- Ny avlastningsbustad for barn og ungdom på Nærbø er planlagt ferdigstilt i 2021.
- 2018 har vore eit kontrastfullt værår med ein snørik vinter, historisk tørkeperiode i sommar og ein svært regnfull haust. Våren 2018 fekk vi tilsegn på 20 mill. kroner til flaumsikring på Vigrestad. Arbeidet med første etappe starta opp hausten 2018. Vi har søkt NVE om midlar til fullføring av flaumtiltaka (deletappe 2 og 3) på Vigrestad.
- Oppgradering og utbygging av vassforsyningsnett av to hovudprosjekt. Det eine i frå Prestakryss til Håland, og det andre i frå Dysjaland – Varhaug – Kydland.
- I budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018-2021 vedtok kommunestyret å jobbe vidare med eit sambrukshus i Nærbø sentrum for å gje rom til kommunale funksjonar i sentrum og legge til rette for auka aktivitet og attraktivitet i sentrum. I forslag til budsjett for 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 går rådmannen nærare inn på kva som skal til for å gjennomføre dette. Sambrukshuset kan stå klart i løpet av 2025.

Kva er viktig framover?

Veksten i folketalet var negativ i 2017, men viser ein auke på 0,4 % så langt i 2018. Arbeidsløysa er låg, men salet av bustadtomter har enno ikkje tatt seg opp. Skatteinngangen i 2018 har vore lågare enn forventa og ut frå statsbudsjettet ser vi, som i tidlegare år, at auken i dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) ikkje samsvarer med auka krav til tenesteproduksjon og forventingar frå myndigheiter og innbyggjarar. Investeringsnivået i planperioden er om lag som i førre økonomiplan. Det er gjort ei streng prioritering for å kunne levere lovpålagte kommunaltekniske tenester, sikre mot flaumskadar og gje tilfredsstillande arbeidsforhold for tilsette og brukarar. I meir usikre tider er det spesielt viktig å halde på den økonomiske handlefridomen slik det er bestemt i kommuneplanen.

I tillegg til å lukke gapet på 35 mill. kroner er dei innsparingar og effektiviseringar som blei vedtatt ved behandlinga av budsjettet i desember 2017 realisert og vidareført som vedtatt. Driftsresultatet er sett opp i underkant av måltalet i kommuneplanen på 1,5 prosent av driftsinntektene. I forhold til regulert budsjett for 2018 aukar driftsinntektene med 1,27 prosent til 1,44 milliard kroner. Driftskostnadane aukar litt, og er budsjettert til 1,44 milliard kroner. Netto finanskostnadar og avskrivningar aukar og budsjettert netto driftsresultat er på 16,5 mill. kroner. Dette er 1,15 prosent av driftsinntektene. Overføring til investering aukar frå 1,6 til 1,8 prosent av brutto driftsinntekter.

Framover ser vi at utgiftene aukar meir enn inntektene. For å levere eit budsjett i balanse og med endringar som blei vedtatt i sak 096/18 er det derfor lagt inn krav til innsparingar på 16 mill. kroner i 2020. Dette aukar til 29,4 mill. kroner i 2022 dersom innsparingane i 2020 ikkje blir realisert.

I økonomiplanperioden 2019 – 2022 er det lagt inn 699 mill. kroner i løyvingar på igangsette og nye investeringar, mot 694 mill. kroner i økonomiplanperioden 2018 – 2021. Dei store endringane i investeringane er større tilbygg på Varhaug skule, ny avlastningsbustad for barn og ungdom på Nærbø, renovering av Hybelhuset og store investeringar i flomsikring.

Detaljregulering og planlegging tar meir tid enn venta slik at midlar til bygging av sambrukshuset i Nærbø sentrum blir skutt ut i tid.

Dei budsjetterte inntektene frå sal av tomter til bustadbygging er redusert også i 2019. Rådmannen rår til at nivået på gjeld ikkje skal auke meir enn rekna i økonomiplanen for 2018-2021 og det høgste nivået på lånegjeld per innbyggjar ser vi i 2020 på kr. 65 600 per innbyggjar. Rådmannen føreslår også å nytte overskottet frå 2017 som vart sett på disposisjonsfond til investeringar.

Det er knytt utryggleik til fleire av postane i budsjettet, spesielt når det gjeld skatteinntekter, stønadar/refusjonar og tomtosal. Det er derfor viktig å ha eit robust budsjett, ha kontroll på prosjektframdrift og lånefinansiering og halde ein del midlar på fond som i dag. Det er viktig at vi vurderer heile drifta i organisasjonen og gjer prioriteringar som gir handlingsrom framover. God økonomistyring, effektiv drift og høg gjennomføringsevne må til for å utvide det økonomiske handlingsrommet.

Framtidsløftet og digitalisering

DigiRogaland

Hå er med i DigiRogaland som er eit samarbeid om digitalisering for 8 kommunar i Rogaland. Alle kommunar i fylket har fått tilbod om å slutte seg til dette frå 1.1.2019.

Målsettinga er å innfri nasjonale krav om auka bruk av fellesløysingar og å etablere grunnlag for ein felles, solid og heilskapleg plattform for digitale tenester og IKT-system. Eit felles kompetansemiljø på digitaliseringsområdet vil gi ein breiare plattform for felles initiativ og ein arena å møte nasjonale initiativ på. Ved felles innsats ønskjer vi å legge til rette for at innbyggjarar og næringsliv skal ha eit reelt digitalt førsteval og unngå digitale skilje i tenestetilbodet i regionen. Kommunane opplever at digitale trendar utfordrar slik tenesteproduksjonen føregår i dag og at det er krevjande å møte dei nasjonale initiativa innanfor ulike tenesteområde. Det felles regionale samarbeidet skal hjelpe kommunane til å møte desse utfordringane. Dette får vi ikkje til åleine. Hå kommune har vært ein av fleire pådrivarar for å få etablert DigiRogaland. Fylkesmannen tildelte 3 mill. kroner i 2018 til DigiRogaland kalla «Kommunale innovasjon- og fornyingsprosjekt».

I samarbeid med 11 kommunar i regionen blir det fortsatt jobba vidare velferdsteknologi.

Fylkesmannen har i 2018 tildelt Hå kommune kr. 250 000 til innovasjonsprosjektet «Innsida ut» for å vidareutvikla det digitale servicetorget vårt.

Forsking i Hå

Veksten innan tenestebehovet for gruppa psykisk utviklingshemma er så stor at vi treng hjelp utanfrå for å finne nye metodar og idear i tenesteleveringa. Norsk Forskningsråd har gitt støtte til ein offentleg Phd (doktorgrad) som gjennom aksjonsforsking skal forsøke å endra måten vi gir tenester på innan deler av området psykisk utviklingshemming. Dette skal gjerast ved å mobilisere den som har utviklingshemming sjølv, pårørande, frivillige og velferdsteknologi saman med den vitenskaplege høgskulen VID.

Vedtak i kommunestyret sak 096/18

– 13. desember 2018

KS- 096/18 Vedtak:

1. Forslag til økonomiplan 2019 - 2022 jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2019-2022», blir godkjent med disse merknadene:

| DRIFT | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--|---------------|--------------|--------------|--------------|
| barnehage | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| personalressurser skule | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| personalressurser helse korttidsetasje | 3 500 | 7 000 | 7 000 | 7 000 |
| drift kulturbygg | 200 | 200 | 200 | 200 |
| Framtidsløftet | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| ENDRING UTGIFTER (pluss er auke) | 3 700 | 7 200 | 7 200 | 7 200 |
| skatteanslag - auke | -1 700 | | | |
| ENDRING INNTEKTER (minus er auke) | -1 700 | - | - | - |
| DRIFT SUM | 2 000 | 7 200 | 7 200 | 7 200 |

| INVESTERING | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---------------|--------------|-------------|---------------|
| rehab Olsvoll | | | 5 200 | |
| flomsikring skyves ut | | | -5 200 | 5 200 |
| reduksjon ENØK (frå vindkraft) | -2 500 | -2 500 | -2 500 | -2 500 |
| Planlegging Stokkalandsmarka skule | | | 2 000 | -2 000 |
| Framskynding veg Småholv - Grønholv (724) | | 5 000 | | -5 000 |
| SUM | -2 500 | 2 500 | -500 | -4 300 |
| totalt renter & avdrag (pluss er økning) | - | 225 | 972 | 395 |

| | | | | |
|---|--------|--------|--------|--------|
| Samla endring driftsresultat i KNOK | 2 000 | 7 425 | 8 172 | 7 595 |
| redusert overføring til investering | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| meir/mindreforbruk - auka gap å dekke inn | - | -5 425 | -6 172 | -5 595 |
| auka gap blir dekt - nytt driftsresultat | 1,15 % | 1,00 % | 1,36 % | 1,45 % |

Følgande tekstforslag:

- Det vert rekna halvårsdrift for korttidsetasje i 2019
- I løpet av planperioden må det startast opp arbeid med sentrumsplan på Vigrestad og omkjøringsvegen aust for Vigrestad.
- Dagens fleksible ordning med tilbod om deltid for kommunal kontantstøtte vert vidareført.
- Før rehabilitering av bygningar på Olsvoll vert sett i verk, må det gjerast ein gjennomgang av bruken av lokala.

2. Økonomiplanen skal leggjast til grunn for kommunen sitt budsjettarbeid og anna planleggingsverksemd, jf. § 44 i kommunelova.
3. Forslag til årsbudsjett 2019, drift- og investeringsbudsjett, jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2019-2022», blir godkjent med dei merknadene som følger av punkt 1.
4. I samsvar med kommunelova er det vedtekne budsjettet for 2019 bindande for kommuneforvaltninga. Utval, styrer, råd og administrasjon må bruka løyvingane i budsjettet i samsvar med kommunestyret sine intensjonar og vedtak, jf. kommunen sitt reglement for delegasjon med omsyn til budsjett. Rådmannen kan gjera nødvendige tekniske justeringar i budsjettet.
5. Kommunen nyttar til ein kvar tid den maksimalsatsen for inntektsskatteøyren som staten fastsett for kommunane, likeeins andre maksimalsatsar fastsett for kommunale tenester.
6. Avgifter, gebyr, priser og tilskott 2019 blir fastsett som omtalt i vedlegg A «Prisar og gebyr» .
7. Bruk av lånemidlar på i alt 13,15 mill. kroner til investeringar i 2019, (evt som endra i pkt 1) kr jf. Investeringsbudsjettet, blir godkjent. Det er ikkje planlagt å ta opp nye lån til investeringar, men nytte ubrukte lånemidlar. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån til vidare utlån (Start-lån) i Husbanken innanfor ei ramme på 5,0 mill kr.
8. For vedtekne investeringsprosjekt som ikkje er fullførte pr. 31.12.2019 kan unyttta løyvingar bli overførte til 2020 (innanfor dei krava føresegnene set for slike overføringar). Rådmannen får derfor fullmakt til å setja av til fond eventuelle ubrukte driftsmidlar til investeringsprosjekt pr. 31.12.2019.
9. Revidert handlingsprogram for kommunedelplan for anlegg og områder for idrett og friluftsliv og Trafikktryggleiksplanen blir godkjent, jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2019-2022» og vedlegg B, «Kommunal handlingsplan for opplæring og kultur».



Samfunnsutvikling

Utviklingstrekk

Folkemengd og befolkningsendringar

Lågare vekst

Folketalet i Hå nådde 18 762 ved årsskiftet 2017-2018 etter ein nedgang i 2017 på 38 personar. Dette svara til ein negativ vekst på 0,2 prosent.

Fram til 2015 opplevde Hå ei svært høg folkevekst, og kommunen runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Frå 1. januar 2011 til 31. desember 2014 auka folketalet med 1 706 personar.

Folkeauken svara til om lag 2,4 prosent eller gjennomsnittleg 427 personar i året.

Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot.

Veksten dei siste to åra har vore vesentleg lågare. Den låge veksten skuldast hovudsakleg negativ eller låg nettoinnflytting. Sjølv om 2017 viste negative tal, viser utviklinga hittil i år (andre kvartal) ein positiv vekst.

Tabell 1. Folkemengd og befolkningsendringar


| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 (K2) |
|---|--------|--------|--------|--------|--------|-----------|
| Folketalet 1. januar | 17 635 | 18 115 | 18 528 | 18 591 | 18 800 | 18 762 |
| Fødde | 284 | 286 | 261 | 281 | 280 | 107 |
| Døde | 115 | 112 | 98 | 98 | 108 | 54 |
| Fødselsoverskot | 169 | 174 | 163 | 183 | 172 | 53 |
| Innvandring | 294 | 294 | 225 | 365 | 208 | 80 |
| Utvandring | 80 | 87 | 112 | 173 | 127 | 35 |
| Innflytting, innanlandsk | 832 | 781 | 661 | 568 | 540 | 274 |
| Utflytting, innanlandsk | 737 | 750 | 869 | 740 | 827 | 304 |
| Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring | 309 | 238 | -95 | 20 | -206 | 15 |
| Folkevekst | 480 | 413 | 63 | 209 | -38 | 68 |
| Folketalet ved utgangen av kvartalet | 18 115 | 18 528 | 18 591 | 18 800 | 18 762 | 18 830 |
| Folkevekst i % | 2,7 | 2,3 | 0,3 | 1,1 | -0,2 | 0,4 |

Framskriving av folketal

Når vi skal framskriva utviklinga i folketal, bruker vi ein modell for framskriving. Til framskrivingane treng vi ulike føresetnadar om fire demografiske komponentar: framtidig fruktbarheit, dødelegheit, innanlandske flyttingar og inn- og utvandring. Kommunen bruker Statistisk sentralbyrå (SSB) sine framskrivingar for kommunen som heilheit og KOMPAS modellen for å fordela folke- og barnetall på de ulike kretsane.

Vekst i folketal har vore høgt sidan 2008, men veksten har i dei siste åra vore vesentleg lågare enn dei føregåande åra. Det er truleg at framskrivingane ikkje heilt og fullt fangar den faktiske utviklinga framover, og i så måte er tala usikre. Utryggleiken aukar jo lengre fram i tid vi ser og jo mindre grupper vi framskriver. Noko av utryggleiken er illustrert her ved ei alternativ framskriving (og referanse til tidlegare framskrivingar), der vi bruker andre føresetnader.

Framskrivningar av folkemengd i Hå kommune pr. 31.12.



Desse tre framskrivingane illustrerer tre moglege alternativ for vekst. Saman illustrerer dei ei øvre og nedre grense for venta vekst. Me søkjer å finna utbyggingsløysingar som er robuste og kan bidra til fleksibilitet og med muligheit for endringar i takt med utviklinga i folketal.

Målstyrt hovudalternativ (MMMM)

Kommuneplanen 2014-2028 legg opp til ei befolkningsutvikling som tar utgangspunkt i SSB sitt hovudalternativ (MMMM) for framskriving av folkemengd på kommunenivå.

Hovudalternativet, kalla MMMM, legg til grunn middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring.

SSB oppdaterer og omstrukturerer framskrivingane sine anna kvart år. Hovudalternativet (MMMM) som ligg til grunn for kommuneplanen er SSB-framskrivinga frå 2012. I hovudalternativet (MMMM) frå slutten av juni 2018, har SSB lagt til grunn ei lågare befolkningsvekst: enn tidlegare framskrivingar frå 2012, 2014 og 2016.

Framskrivninga viser nå at folketallet er venta å auke frå 18 762 1. januar 2018 til 20 755 31. desember 2028. Det svarer til ein folkevekst på 1 993 innbyggjarar. Folkeveksten svarer til ein gjennomsnittleg vekst på ca. 0,9 prosent eller 181 personar i året. Framskrivninga bygger på ein føresetnad om at folkeveksten blir geografisk fordelt ut frå kommuneplanen sitt bustadbyggeprogram på 166 bustader i året.

Framskriving i aldersgrupper (MMMM 2018)

Dei fleste aldersgruppene vil ha en moderat vekst, Det vil samla sett være ein nedgang i gruppene som treng barnehagetilbod, mens det vil være ein auke i gruppa som treng skuletilbod. Dei gruppene som inneheld flest yrkesaktive (20-66 år) vil auka noko. Den største auke er i aldersgruppene 67-89 år.

Framskriving av folkemengd i aldersgrupper

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | Endring |
|----------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|---------|
| 0 år | 285 | 261 | 257 | 253 | 251 | 251 | -34 |
| 1-2 år | 549 | 561 | 545 | 521 | 515 | 513 | -36 |
| 3-5 år | 873 | 834 | 840 | 832 | 827 | 815 | -58 |
| 6-12 år | 2021 | 2076 | 2085 | 2081 | 2056 | 2038 | 17 |
| 13-15 år | 781 | 782 | 785 | 807 | 857 | 901 | 120 |
| 16-19 år | 1035 | 1004 | 1009 | 1020 | 1017 | 1033 | -2 |
| 20-44 år | 6415 | 6367 | 6341 | 6371 | 6395 | 6421 | 6 |
| 45-66 år | 4623 | 4697 | 4706 | 4706 | 4754 | 4824 | 201 |
| 67-79 år | 1589 | 1638 | 1720 | 1813 | 1881 | 1935 | 346 |
| 80-89 år | 472 | 497 | 531 | 546 | 561 | 600 | 128 |
| 90+ år | 119 | 114 | 113 | 119 | 118 | 116 | -3 |
| Sum | 18762 | 18833 | 18931 | 19070 | 19233 | 19446 | 684 |

Sentrumsplanar

Nærbø sentrum

Kommunestyret vedtok 14. juni 2018 i sak 040/18 å legge forslag til kommunedelplan for Nærbø sentrum ut på høyring med frist 12. september.

Med utgangspunkt i vedtatt planprogram har kommuneplanutvalet utarbeidd forslag til kommunedelplan for Nærbø sentrum. Kommunedelplanen seier noko om korleis vi skal utvikle eit trygt, triveleg og tilgjengeleg sentrum. Sentrum skal bidra til identitet og må bygge vidare på eksisterande kvalitetar som stasjonsby, samtidig som vi skal skape noko heilt nytt.

Planen sitt hovudgrep er å definere ei ny sentrumskjerne som integrerer jernbanestasjonen, torget og parken, og dei største handelsområda i eit meir kompakt og velfungerande sentrum. Den nye avgrensinga legg til rette for ein heilskapleg struktur som bind saman det nye sentrumsområdet, skaper liv i sentrum ved bevisst lokalisering og sambruk, bidrar til meir effektiv arealutnytting og aktiviserer offentlege uterom.

Planforslaget bygger på eit prinsipp om å lokalisere bustader, infrastruktur og tenester i ein kompakt sentrumskjerne for å redusere transportbehovet og gjøre det meir attraktivt å velje kollektivtransport, sykkel og gange.

Innbyggerane har blitt involvert gjennom gjestebod, folkemøte og høyringsprosessen. Kommunedelplanen er planlagt godkjent i løpet av 2018.

Varhaug sentrum

Hå kommune har starta arbeidet med å utarbeide en kommunedelplan for Varhaug sentrum.

Arkitektfirmaet K A P har utarbeidd ein forenkla stadsanalyse for Varhaug sentrum. Stadsanalysen skal være en del av arbeidsgrunnlaget for medverking etter «gjestebodmodellen» samtidig som han skal danne grunnlag for politiske avklaringar undervegs. Stadsanalysen skal fokusere på slik tilhøva er i Varhaug sentrum no, samt identifikasjon av spesielle utfordringar knytt til tema i planprogrammet.

Som i arbeidet med sentrumsplanen for Nærbø, blir gjestebodsmodellen og nytta som medverknadsmetode på Varhaug. I etterkant av den fyrste gjestebodsrunnen er det planlagt ein workshop der deltakarane mellom anna skal få arbeide vidare med identiteten for Varhaug sentrum.

Klima, miljø og energi

Klima- og energiplanen er under utarbeiding og blir utført av kommunen sine eigne fagfolk for å gi kompetanse og forankring av planen. Planarbeidet vil resultere i at konkrete tiltak blir foreslått i planen sin handlingsdel.

Planprogrammet er lagt opp med sikte på å dekke krava i den statlege planretningslina om å formulere framtidsretta og ambisiøse mål for utsleppsreduksjon. Det går fram av planprogrammet at mål om utsleppsreduksjon vil bli formulert under omsyn til at Hå kommune er ein av landets største landbruks- og husdyrkommunar. Ein viktig føresetnad for planarbeidet er eit tett samarbeid med både næringsliv og landbruksorganisasjonane.

Forslag til ny klima- og energiplan for Hå kommune er planlagt ferdig i 2019.

Folkehelse

Folkehelsearbeid er eit langsiktig arbeid som det kan vere vanskeleg å måle effekten av. Det er derfor viktig at folkehelsearbeidet blir synleggjort i plansamanheng. Folkehelsearbeid er ei sektorovergripande oppgåve som ikkje kan leggast til eit enkelt tenesteområde. Kommunen skal arbeide systematisk og tverrsektorielt med å utjamne sosial skilnad i helse og redusere utanforskap.

Folkehelseforumet i Hå har ansvaret for å samle opplysningar om folkehelsa i Hå og innstille til rådmannen si leiargruppe (RML) kva for indikatorar ein bør følgje opp. På bakgrunn av resultatata for folkehelseindikatorane i 2016 vedtok RML å satse på følgjande indikatorar:

- Trivsel i 10. klasse
- Lesferdigheiter i 5. klasse
- Fysisk aktivitet.

Rådmannen vil på nyåret evaluere utviklinga på desse indikatorane og vurdere om dei bør bytast ut med andre indikatorar. Når indikatorar er valt vil dette være ei retningslinje til prioritering av aktivitetar ute i organisasjonen.

Nærbø sentrum - «Sambrukshuset»

I budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018-2021 vedtok kommunestyret å jobbe vidare med eit sambrukshus i Nærbø sentrum for å gje rom til kommunale funksjonar i sentrum og legge til rette for auka aktivitet og attraktivitet i sentrum.

I forslag til budsjett for 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 går rådmannen nærare inn på kva som skal til for å gjennomføre dette.

Gjennomføring

Forutsetninga for kunne gå vidare er at kommunedelplanen for Nærbø sentrum blir vedtatt. Framdriftsplanen legg opp til politisk behandling av denne planen i løpet av 2018.

Sambrukshuset vil ut frå det vidare arbeid skissert nedanfor kunne stå klart i løpet av 2025.

Vidare arbeid vil omfatte:

Detaljert reguleringsplan

Denne omfattar områda 1C og OT1 som i tillegg til sambrukshuset også inkluderer mulig leilighetsprosjekt nord for tomt til sambrukshus. Rådmannen legg opp til at dette arbeidet kan starte 1. kvartal i 2019.

Arkitektkonkurranse

Rådmannen vil vurdere om det skal nyttast arkitektkonkurranse i samband med utvikling av sambrukshuset og antek at det vil være stor interesse knytt til dette. Erfaringane med arkitektkonkurranse frå både Bø og Ognå skule er gode.

Prosjektering

Arbeid med prosjektering av sambrukshuset vil kunne starte opp i løpet av 2021 i tråd med sak 14/17 «Instruks for gjennomføring av kommunale bygge- og anleggsprosjekt».

Bygging

Rådmannen legg opp til at sjølv bygginga av sambrukshuset kan starte i slutten av 2022, eller byrjinga av 2023. Forventa ferdigstilling vil kunne være i løpet av 2025.

Sanering av avløpsanlegg i Nærbø sentrum

I økonomiplanen for 2018 - 2021 er det sett av 22,6 mill. kroner til sanering i samband med ny sentrumsplan i perioden 2019 – 2021. Rådmannen foreslår å vidareføre dette. Kalkylen er justert for prisstigning til totalt 24,5 mill. Prosjekteringsarbeidet er planlagt starta opp hausten 2019, medan sjølv anleggsarbeidet kan starte i 2020. Prosjektet kan ha ein byggeperiode på ca. 1 1/2 år og vil kunne stå ferdig før bygginga av sambrukshuset tar til.



Moglegheiter og utfordringar

Jernbane

Å bygga opp mot jernbanen vil være både krevjande og utfordrande. Det er mange omsyn å ta, ikkje minst tryggleiksmessig for både jernbanen og ein framtidig byggeplass. I tillegg kjem utfordringane knytt til eit framtidig dobbeltspor.

Grunnforhold

Det er ikkje gjort nokon grunnundersøkingar av tomta. Det må gjennomførast i ein tidleg fase for å danne grunnlag for geoteknisk prosjektering.

Finansiering

Rådmannen vil sjå på kva moglegheiter som økonomisk ligg i den delen av område 1C som ikkje skal nyttast av kommunen til sambrukshuset. Ein sannsynleg moglegheit kan være å legge området ut for sal til ein eller fleire utviklingsaktørar. Området i kjernen av Nærbø sentrum blir vurdert som svært attraktivt for vidare satsing i sentrum.

Etter ein gjennomgang av mogeleg framdriftsplan for plan og saneringsarbeid foreslår rådmannen å sette av 37 mill i økonomiplanen 2019 – 2022. Dette er 30 mill. kroner lågare enn i økonomiplanen for 2018 – 2021 for å ta omsyn til at sambrukshuset ikkje ventast klart før i 2025.

Ein mogleg framdriftsplan

| Aktivitet | Kommentarar | Økonomiplanperioden | | | | | | | |
|----------------------------------|--|---------------------|------|------|------|------|------|------|------|
| | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
| Kommunedelplan for Nærbø sentrum | Målsetting at den blir vedtatt hausten 2018 | | | | | | | | |
| Detaljert reguleringsplan | Arbeidet med reg.plan for 1C + OT1 kan bli starta 1. kvartal 2019. | | | | | | | | |
| Arkitekt- og planarbeid | «prosjekt 1C + OT1». Oppstart kan eventuelt skje hausten 2019. | | | | | | | | |
| Saneringsarbeid | Sanering Torggt. Nærbø ifm tiltak ny Sentrumsplan, | | | | | | | | |
| Prosjektering av Sambruks- huset | Prosjekteringsarbeid jf. KST sak 14 /17 | | | | | | | | |
| Bygging av Sambrukshus | Byggeperiode 2021/2022 - 2025 | | | | | | | | |

Rammevilkår

Regionen vår er på veg ut av nedgangen i oljesektoren. Arbeidsløysa i Hå er låg, heilt nede under to prosent i september 2018. Skatteinngangen til Hå er om lag som i 2017, men på grunn av auka skatteinngang i landet vil Hå få meir inntektsutjamning i 2018. For 2019 er det anslått same auke som for landet.

Dei viktigaste føresetnadane for drifta i kommunen blir gitt gjennom statsbudsjettet. Dette blei lagt fram 8. oktober. Som i forrige statsbudsjett har regjeringa lagt dei fleste føringane inn i rammetilskottet, men ikkje som øyremerka midlar.

Samansettinga av befolkninga i kommunen er avgjerande for kor stort rammetilskottet blir og endringar frå eit år til det neste. Dei ulike sektorane har ulik vekt og saman med ei rekkje kriterier blir kvar kommune sin del av dei totale løyvingane rekna ut. For Hå utgjer dette ein auke frå 2018 til 2019 på 6,6 %.

Dei viktigste endringane i statsbudsjettet for 2019 er

- Justering for gratis kjernetid i barnehage gir auke i rammetilskottet
- Auka foreldrebetaling i barnehagane og auke i elevtalet i private skular gir reduksjon i rammetilskottet.
- Fleire skuleungar gir mindre trekk i rammetilskottet enn i 2018
- Auke i talet på innbyggjarar med psykisk utviklingshemming gir auka rammetilskott
- Auka eigendel for refusjon til ressurskrevande brukarar gjer at kommunen sine netto utgifter for desse aukar meir enn løns- og prisvekst.

Rådmannen legg som tidlegare år til grunn prognosemodellen frå KS for anslag på skatt og rammetilskott i 2019.

Kommunestyret vedtok å auke skatteanslaget i 2019 med 1,7 mill. kroner.

Kommuneplanen sine økonomimålsettingar

Kommuneplanen 2014-2028 har følgjande mål og strategiar for arbeidet med økonomiplanen:

Målsetjing:

- Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Ein skal ikkje ha periodar med overforbruk og la etterkomarane måtte vinne igjen handlefridomen.

Strategiar:

- Kontrollert vekst i driftsutgiftene.
- Driftsoverskot som sikrar tilstrekkelege midlar til nyanlegg og avsetningar. Netto driftsresultat bør ikkje vere lågare enn 1,5 prosent av driftsinntektene.
- Ubundne fondsmidlar som sikrar handlefridom og som tener som reservekapital.
- Låneopptak innanfor forsvarlege rammer
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter på kommunale tenester. Ein skal likevel ta omsyn til om ein skilde har svak evne til å betale. Opererer kommunen i ein marknad, kan marknadsorienterte prisar vurderast.
- Ressursbruk som er mest mogleg effektiv.



Økonomiske oversikter

Økonomiplanen er basert på føresetnader i gjeldende kommuneplan, tidlegare økonomiplanar, årsrapporten, tertialrapportar, politiske vedtak gjennom året og forventa endring i folketalet.

Statsbudsjettet gir styringssignal som blir lagt til grunn for pris- og lønnsvekst og forventa utvikling i skatteinntekter og rammetilskott. I tillegg kjem signal om nye reformer både i statsbudsjettet og i kommuneproposisjonen.

Økonomiplanen blir lagt fram i faste 2019-prisar.

Tabellane er justert i høve til kommunestyret sitt vedtak i sak 096/18.

Drift

Tabell – driftsresultatet

| Millionar kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|--|-----------|----------|----------|----------|-------------|----------|----------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsinntekter | -438,4 | -396,3 | -423,0 | -405,5 | -403,6 | -405,8 | -404,1 |
| Skattar | -470,0 | -496,5 | -471,5 | -482,4 | -485,5 | -490,3 | -495,2 |
| Rammetilskott m.v. | -484,9 | -474,1 | -499,1 | -526,9 | -532,2 | -537,5 | -542,9 |
| Vertskommunetilskott | -31,7 | -27,1 | -30,2 | -27,1 | -26,1 | -25,1 | -24,1 |
| Sum driftsinntekter | -1 425,1 | -1 393,9 | -1 423,8 | -1 441,9 | -1 447,3 | -1 458,7 | -1 466,3 |
| Driftsutgifter | 1 380,5 | 1 396,5 | 1 441,2 | 1 444,2 | 1 459,6 | 1 470,5 | 1 474,9 |
| Nødvendige reduksjonar i utgifter | - | - | - | - | -16,0 | -27,3 | -29,4 |
| Brutto driftsresultat | -44,6 | 2,6 | 17,4 | 2,3 | -3,7 | -15,6 | -20,8 |
| Renteutgifter | 21,7 | 22,7 | 22,7 | 26,5 | 30,2 | 33,7 | 35,3 |
| Renteinntekter/utbytte | -33,0 | -33,6 | -33,6 | -35,6 | -36,5 | -37,5 | -37,5 |
| Avdrag, netto | 102,5 | 68,1 | 68,1 | 72,7 | 77,9 | 81,9 | 84,1 |
| Netto finanstransaksjonar | 91,2 | 57,2 | 57,2 | 63,6 | 71,6 | 78,1 | 82,0 |
| Motpost avskrivningar | -67,6 | -75,5 | -79,1 | -82,4 | -82,4 | -82,4 | -82,4 |
| Netto driftsresultat | -21,0 | -15,7 | -4,4 | -16,5 | -14,5 | -19,9 | -21,2 |
| Netto fondsendring | -30,1 | -7,8 | -18,9 | -9,2 | -9,9 | -4,8 | -3,7 |
| Til investeringar | 29,3 | 23,5 | 23,3 | 25,7 | 24,4 | 24,7 | 24,9 |
| Meir/mindre forbruk (overskot) | -21,9 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto driftsresultat i % av driftsinntektene | 1,48 % | 1,12 % | 0,31 % | 1,15 % | 1,00 % | 1,36 % | 1,45 % |

*) med godkjente endringar per 31.10.2018

Inntekts- og utgiftsføresetnader

Skatteinntekter og rammetilskott

Dei frie inntektene er summen av inntektsskatt, formuesskatt og statlege rammeoverføringar. Bruken av midla er ikkje retta inn mot bestemte utgiftsformål. Rådmannen har som tidlegare år brukt berekningar frå KS sin prognosemodell. Denne baserer seg på forventa løns-, pris- og folkevekst og føringar frå statsbudsjettet med omsyn til nye og reduserte løyvingar. Samla auke frå økonomiplanen 2018-2021 er 3,9 prosent for 2019 som er litt meir enn løns- og prisveksten.

Kommunestyret vedtok å auke skatteanslaget i 2019 med 1,7 mill. kroner og auken frå 2018 blir då 4,0 prosent.

Der kan komme endringar i rammetilskottet som følgje av Stortinget si handsaming av budsjettet. Om naudsynt, vil rådmannen foreslå budsjettjustering ved behandling av første tertialrapport i 2019 eller i eiga sak.

Andre inntekter

I denne posten inngår brukarbetalingar, sal av tenester, og gebyr. Ulike tilskott og refusjonar i driftsrekneskapen er inkludert her. Endringane i måten vertskommunetilskottet blir rekna er reverserte, slik at nedtrappinga går seinare enn det vi la til grunn i førre økonomiplan.

Brukarbetalingar aukar i snitt med prisveksten, men talet på brukarar har òg betydning for forventa inntekter samla sett. Refusjonar og tilskott vil ofte ha direkte samband med utgifter vi har. Gebyra for kommunale sjølvkosttenester innanfor tenesteområdet for tekniske saker og næring er auka meir enn prisveksten for å dekke auka kostnader her.

Ei fullstendig oversikt over alle gebyr og eigenbetalingar er lagt ved i eit eige vedlegg.

Finans

Budsjettet er basert på eit rentenivå på 2,04 prosent i 2019. Dette stiger til 2,84 prosent i 2021.

Om lag 250 mill. kroner er plassert i ulike bankar.

Hå kommune har ingen plasseringar i aksjar eller obligasjonar der vi ikkje er ein aktiv eigar, men frå juli 2017 har vi plassert 10 mill. kroner i eit pengefond. Ein del av midla er ubundne.

Frå 2015 blir låneopptak betalt ned over 25 år. Per 1. september 2018 er 35,2 prosent av låna til ulike faste rente, resten er til flytande renter.

Det er lagt til grunn utbytte frå Lyse i tråd med deira prognose. Det er forutsett at utbyttet frå Jæren Everk er seks mill. kroner per år.

Løns- og prisutvikling

Årslønnsveksten frå lønnsoppgjera i 2018 er tatt inn i budsjettet. Statsbudsjettet legg opp til ein løns- og prisvekst på 2,8 prosent i 2019.

Pensjonskostnader

Pensjonspremien er usikker og vi ser variasjonar år for år. Vi har brukt budsjetta frå KLP (Kommunale Landspensjonskasse) og SPK (Statens Pensjonskasse) – dette er innarbeidd

dette i lønskostnadane i alle sektorane. KLP sine prognosar (der vi har størst del av pensjonskostnadane) er om lag som for 2018.

Utryggleik

Det er knytt betydeleg utryggleik til fleire av postane i budsjettet. Dersom inntekter, driftsutgifter eller prosjektframdrift ikkje blir som forventa, kan det gi store utslag på resultat og nøkkeltal. Nokre døme på dette er:

- 1 prosent lågare skatteinngang betyr 5 mill kroner mindre i inntekt eller ein reduksjon på 0,35 prosentpoeng på driftsresultatet.
- Seinare sal av tomter til industri og bustader enn føresett vil gi lågare salsinntekter og behov for å auke låneopptaket eller skyve prosjekter ut i tid. Dette kan gi auka finanskostnadar som igjen påverkar driftsresultatet negativt. På bakgrunn av utviklinga i 2018 er føresetnadene om sal av bustadtomter redusert i forhold til økonomiplanen 2018-2021. Også investeringsnivået for tomteutvikling er justert ned. Rådmannen foreslår at eventuelle meirinntekter frå tomtosal blir lagt til tomtefondet for bruk til andre tomteutviklingsprosjekt.
- Høgare renter gjer høgare finanskostnadar. Dersom den flytande renta på lån aukar med 0,2 prosentpoeng i 2019 vil det bety ca. 1,8 mill. kroner i auka rentebetaling.

Årsverk

Omlag 70 prosent av kostnadane er knytt til løn. Dei fleste av kommunen sine tilsette møter innbyggjarane kvar dag. Samla oversikt over årsverk i kvart tenesteområde:

Tabell – årsverk

| Ressursbruk - rammer | Budsjett | | | | Økonomiplan | | |
|--------------------------|----------|---------|---------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Administrasjon & eigedom | 36,6 | 38,8 | 103,4 | 105,5 | 105,5 | 105,5 | 105,5 |
| Opplæring og kultur | 677,8 | 674,0 | 633,2 | 633,6 | 637,6 | 641,1 | 644,6 |
| Helse og sosial | 536,9 | 540,5 | 522,0 | 533,7 | 544,7 | 543,7 | 544,9 |
| Tekniske saker og næring | 58,9 | 58,2 | 58,1 | 58,2 | 57,4 | 57,4 | 57,4 |
| SUM | 1 310,2 | 1 311,5 | 1 316,7 | 1 342,0 | 1 345,2 | 1 347,7 | 1 352,4 |

*) med godkjente endringar 31.10.2018

Driftsbudsjett per tenesteområde – netto driftsrammer

Den kommunale tenesteproduksjonen er organisert i tre tenesteområde. Tabellen viser netto ressursfordeling (rammer for drift) for tenesteområda og for administrasjonen. I denne tabellen er politisk sekretariat og kyrkjer/trussamfunn tatt inn saman med administrasjonen. Endring frå opphavleg budsjett i 2018 skuldast vedtak gjort i løpet av 2018 og at alle budsjetta til eigedomsavdelinga er samla og del av sentraladministrasjonen. Endringar til 2019 inneheld også løns- og prisvekst. Netto ressursbruk er foreslått redusert eller prioritert om innanfor dei aller fleste områder. Detaljert omtale av dette fins i kvart tenesteområde-kapittel.

Driftsbudsjett per tenesteområde – tabellar

| Ressursbruk - rammer 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|-------------------------------------|-------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Administrasjon & kyrkje/trossamfunn | 59,1 | 60,3 | 160,9 | 167,8 | 168,2 | 167,6 | 166,8 |
| Opplæring og kultur | 492,8 | 500,1 | 443,5 | 451,1 | 458,4 | 462,4 | 464,8 |
| Helse og sosialsaker | 371,7 | 396,4 | 364,4 | 376,5 | 387,4 | 387,1 | 388,0 |
| Tekniske saker og næring | 38,9 | 43,8 | 48,0 | 45,9 | 43,5 | 42,1 | 40,7 |
| Netto driftsrammer | 962,4 | 1 000,5 | 1 016,8 | 1 041,6 | 1 057,6 | 1 059,2 | 1 060,3 |
| Sum årsverk | 1 310,2 | 1 311,5 | 1 316,7 | 1 342,0 | 1 345,2 | 1 347,7 | 1 352,4 |

*) med godkjente endringar 31.10.2018

For å balansere budsjettet i åra 2019-2021 blei det lagt inn ein føresetnad om at rammene vil bli redusert med om lag 35 mill. kroner i 2019. Denne reduksjonen er identifisert og lagt inn i dette budsjettet. Det er likevel eit krav om innsparing i 2020 på 16 mill. kroner. Dette aukar til 29,4 mill. kroner i 2022 om ikkje innsparingane i 2020 blir identifisert. Dette vil bli fordelt på tenesteområda med 10% kvar på sentraladministrasjonen og tenesteområdet for tekniske saker og næring og 40% kvar på tenesteområda for helse- og sosialsaker og opplæring og kultur.

I kommunestyret si handsaming av budsjettet for 2018 blei det vedteke reduksjon i driftsutgifter på grunn av vakante stillingar, i administrasjonen og effekt av framtidsløftet. Dette er identifisert og tatt inn i rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan.

Investering

Nivået på investeringar i denne planperioden er om lag som i førre plan. I økonomiplanperioden 2019 - 2022 er det lagt inn 699 millionar kroner. I førre økonomiplan for 2018 – 2021 var det lagt inn 694 millionar kroner.

Tabellane viser investeringar per tenesteområde og korleis investeringane blir finansiert.

Investering per tenesteområde er

| Investering 1000 kroner | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| IT, ENØK, kyrkje | 15 066 | 21 680 | 14 376 | 14 262 | 15 762 |
| Sambrukshus Nærbø | - | 1 000 | 2 000 | 4 000 | 30 000 |
| Opplæring og kultur | 8 800 | 50 050 | 64 400 | 28 800 | 20 800 |
| Helse og sosial | 70 775 | 24 490 | 30 250 | 22 450 | 9 250 |
| Tekniske saker og næring | 60 093 | 90 000 | 104 000 | 65 200 | 86 900 |
| SUM | 154 734 | 189 720 | 212 526 | 137 012 | 165 012 |

*) Avvik frå førre plan skuldast at prosjekt som er gjort ferdig er tatt ut av oversikten, i tillegg til godkjente endringar i løpet av 2018.

Finansiering av investeringane

| Finansiering 1000 kroner | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Bruk av fond/salgsinntekter | 26 500 | 42 615 | 14 510 | 17 910 | 15 350 |
| Tilskott | 2 050 | 85 104 | 23 020 | 22 650 | 16 750 |
| MVA kompensasjon | 29 322 | 21 742 | 22 355 | 14 817 | 17 252 |
| Fra Lyse, Jæren Everk, Jæren Energi, Vindparken | 19 750 | 21 742 | 20 136 | 20 165 | 20 155 |
| Avdrag på ansvarlig lån til Lyse | 3 785 | 3 785 | 3 785 | 3 785 | 3 785 |
| Bruk av lånemidler | 131 497 | 13 150 | 131 220 | 57 185 | 87 420 |
| SUM finansiering | 212 904 | 187 220 | 215 026 | 136 512 | 160 712 |

Bruk av fond/salgsinntekter redusert med 40 mill. kroner i perioden 2019-2021 (dei åra som er i begge økonomiplanar). Auken i investeringane i 2019 er foreslått finansiert med ubrukte lånemidler og det udisponerte overskottet frå 2017 slik at vi ikkje tar opp nye lån i 2019. Vi har og fått tilsegn om 65,9 mill. kroner meir i tilskott som er lagt inn i finansieringsplanen.

Forventa lånegjeld ved utgangen av 2022 er 1,2 milliard kroner. Dette er same nivå som i siste året i førre plan. Det høgaste nivået på lån og lån per innbyggjar er i 2020 med total lånegjeld på ca. 1,2 milliard kroner og 65 600 kroner per innbyggjar i lån. Dersom salsinntektene blir som budsjettet i 2019 og 2020 er føreslår rådmannen å sette det som ikkje trengs til tomteutvikling av på tomtefondet til seinare bruk.

Eigenkapitaltilskott til KLP er finansiert ved bruk av driftsmidlar og grunnen til at posten «Til investering» i hovudoversikten på side 16 er høgare enn talet i tabellen «Finansiering av investeringane» over.

Lånegjeld per innbyggjar

| pr. 31.12 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Lån pr. innbyggjar: | 60 630 | 63 420 | 65 600 | 63 780 | 63 600 |
| førre plan | 66 200 | 64 100 | 61 700 | 60 300 | - |

I rådmannen sitt forslag til økonomiplan er dei store prosjekta innanfor tenesteområde for opplæring og kultur tilbygg på Varhaug skule og ny barnehage på Brusand. Rådmannen foreslår å skyve bygging av planlagt barnehage på Brusand ut eit halvt år på grunn av reguleringsarbeid. Opplæring og kultur har ansvar for 23 prosent av dei totale investeringane. Totale investeringar er auka i planperioden på grunn av større kapasitet på Varhaug skule.

Innanfor tenesteområde for helse og sosialsaker vil bygginga av to nye etasjar på Hå sjukeheim bli ferdig våren 2019. Dei to store prosjekta i denne økonomiplanen er ombygging av Heimtun og bygging av ny barnebustad på Nærbø. I tillegg skal hybelhuset renoverast. Helse og sosial sin del av investeringane i økonomiplanperioden er 12 prosent.

Kommunestyret vedtok å legge inn rehabilitering av Olsvoll i 2021 med 5,2 mill. kroner.

Det er foreslått å sette av 37 millionar kroner til det føreslåtte sambrukshuset i Nærbø sentrum. Dette er om lag 5 % av dei totale investeringane. Bygget kan stå ferdig i 2025. Det er ikkje lagt inn inntekter frå sal av tomter i denne perioden.

Når det gjeld tenesteområdet for tekniske saker og næring er forslaget til investeringar i perioden 2019-2022 kraftig auka i 2019 og 2020, men med ein reduksjon i 2021. Dette tenesteområdet har nå ansvar for 50 prosent av dei totale investeringane i planperioden. Største delen av investeringane går til flaumsikring. **Kommunestyret vedtok å skyve flomsikringstiltak for 5,2 mill. kroner frå 2021 til 2022.**

Ei oversikt over alle investeringane er vist på neste side.

Jærmuseet

Hå kommune ser det som viktig å få på plass eit magasin og administrasjonsbygg for den vidare utviklinga av Jærmuseet i Hå. I økonomiplanen for 2017-2020 blei det sett av 5 mill kroner i kvart av åra 2017 og 2018 som direkte bidrag til finansieringa av administrasjonsbygget. Så langt er ikkje totalfinansiering på plass og Hå kommune har ikkje betalt tilskott. Når dette skjer må det skje over driftsbudsjettet. Midla som var sett av i tidlegare investeringsbudsjett er sett av på disposisjonsfond. Kommunen kan og garantere for låneopptak slik at Jærmuseet kan finansiere resten på gunstige vilkår.

Investering detaljar

| Investering 1000 kroner | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| IT | 8 366 | 7 367 | 7 876 | 7 387 | 7 387 |
| ENØK | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 |
| Diverse eigeidom | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 |
| Den norske kyrkje | 200 | 7 813 | - | 375 | 1 875 |
| IT, ENØK, kyrkje | 15 066 | 21 680 | 14 376 | 14 262 | 15 762 |
| Sambrukshus Nærbø | | 1 000 | 2 000 | 4 000 | 30 000 |
| Barnehage Brusand | 2 000 | - | 10 000 | 21 000 | 11 000 |
| Uteområde barnehage | 600 | 600 | 600 | 600 | 600 |
| Rehabilitering/opprusting barnehage | - | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Rehabilitering/opprusting skule | 4 500 | 4 500 | 4 500 | 4 500 | 4 500 |
| Inventar/uteområde skule | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 |
| Varhaug skule | - | 42 000 | 43 600 | - | - |
| Stokkalandsmarka skule | - | - | - | 2 000 | - |
| Hå Gamle Prestegard (HGP) + nye løa | 200 | 450 | 3 200 | 200 | 200 |
| Kulturvern | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 |
| Opplæring og kultur | 8 800 | 50 050 | 64 400 | 30 800 | 18 800 |
| Påbygg Hå sjukeheim inkl parkering | 63 200 | | | | |
| Kjøp av bustader/leiligheter | 5 000 | 4 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| Bilar omsorgstenesta | 575 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| Ombygging Heimtun | - | 5 500 | - | - | - |
| Vedlikehaldsplan helse og sosial | 2 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 |
| Rehabilitering Olsvoll | | | | 5 200 | |
| Avlastningsbolig Nærbø | | 4 000 | 16 000 | 8 000 | - |
| Hybelhuset | | 5 000 | 5 000 | - | - |
| Ekstra biler, sykehjemssenger | | 1 740 | - | - | - |
| Helse og sosialsaker | 70 775 | 24 490 | 30 250 | 22 450 | 9 250 |
| Lager, verksted, renovasjon | 1 300 | 1 000 | 2 500 | 6 000 | 5 500 |
| Kart og oppmåling | 500 | 400 | 200 | 200 | 200 |
| Kommunale vegar, trafikksikring, gatelys | 6 500 | 13 100 | 17 300 | 7 700 | 28 600 |
| Grønt, nærmiljøanlegg, parkar, friluftsliv | 2 500 | 3 600 | 2 100 | 2 100 | 2 100 |
| Brann bil/utstyr/prosjektering | 750 | 1 250 | 750 | 1 250 | 750 |
| Vassverk/ -leidningar | 9 010 | 15 000 | 18 100 | 3 600 | 12 200 |
| Kloakk/reinseanlegg/avløp | 27 283 | 49 300 | 50 200 | 28 300 | 21 200 |
| Bustadområde | 8 250 | 3 850 | 3 850 | 3 850 | 5 350 |
| Næringsområde | 2 000 | 500 | 7 000 | 10 000 | 8 000 |
| Sentrumsutvikling | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 3 000 |
| Tekniske saker og næring | 60 093 | 90 000 | 104 000 | 65 000 | 86 900 |
| TOTAL BRUTTO INVESTERING | 154 734 | 187 220 | 215 026 | 136 512 | 160 712 |



Omtale av sektorane

Sentraladministrasjonen

Dette området omhandlar politisk sekretariat, administrasjon, økonomi, rekneskap, løn, innkjøp, servicetorg, dokumentsender, IKT, samfunnsanalyse og eigedomsforvaltning.

Mål

Målet er å ha administrative tenester av høg kvalitet til pris på nivå med nabokommunane (og godt under gjennomsnittet for landet).

Utfordringar i neste periode

Meir enn nokon gong har administrasjonen fokus på å effektivisere og bruke midlane klokt. I arbeidet med Framtidsløftet er det blitt identifisert mange små og store forbetnings- og effektiviseringstiltak. Det å gjennomføre alt dette gjer gevinstar på kort og lang sikt. Mange av tiltaka går på betre samordning på tvers i organisasjonen. Døme på dette er felles annonsering, felles innkjøpsavtalar og gjennomgang og forbetring av tilsettingsprosessen.

- Fortsette Klart språk i Hå – HÆ,
- Få på plass Intranettet «Steinbukken»
- Fortsetje satsinga på leiarutvikling for å styrke kompetansen på endringsleiing, nytt kull planleggast i 2020.

Endringar frå 2018

Dei største endringane i driftsbudsjettet i forhold til førre økonomiplan er :

- Samling av budsjetta for driftstenester, reinhald og vedlikehald under eigedomssjefen.
- Meir prosjektleiing blir kostnadsført direkte mot dei store investeringsprosjekta
- Digitalisering og betre prosessar innan rekneskap, dokumentsender, innkjøp, lønningsavdeling og tilsettingar gjev lågare ressursbruk i timeverk, men auka driftskostnadar på IT-system.
- Innsparingar på annonsering, advokat-tenester, ikkje tilsette i vakant stilling, straumforbruk, forsikringar og opplæringsbudsjettet på til saman 2,5 mill. kroner.

Ressursbruk

Driftsbudsjett og årsverk

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|---------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 57 470 | 62 204 | 169 929 | 175 573 | 175 544 | 176 275 | 174 746 |
| Driftsinntekter | -11 434 | -15 090 | -22 604 | -22 144 | -22 016 | -22 816 | -22 016 |
| Netto drift | 46 035 | 46 801 | 147 325 | 153 429 | 153 528 | 153 459 | 152 730 |
| Årsverk | 32,6 | 38,7 | 103,4 | 105,5 | 105,5 | 105,5 | 105,5 |

*) med godkjente endringar 31.10.2018

I det følgjande er det knytt kommentarar til dei ulike ansvarsområda og tenestene som blir levert.

Politisk sekretariat

Driftsbudsjett sentraladministrasjonen

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|-------|----------|-------|-------------|-------|-------|
| | 2017 | 2018 | 2018*) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 1000 Kommunestyre/Formannskap | 4 136 | 4 524 | 4 555 | 4 673 | 4 673 | 4 673 | 4 673 |
| 1003 Andre utval og nemnder | 1 245 | 1 440 | 1 440 | 1 468 | 1 468 | 1 468 | 1 468 |
| 1005 Val | 516 | 30 | 30 | 732 | 30 | 660 | 30 |
| 1007 Partistøtte | 182 | 184 | 184 | 187 | 187 | 187 | 187 |
| 1100 Revisjon/Kontrollutval | 1 037 | 1 223 | 1 223 | 1 331 | 1 331 | 1 331 | 1 331 |
| 1209 Politisk sekretariat | 1 442 | 1 090 | 1 096 | 1 135 | 1 135 | 1 135 | 1 135 |
| Sum driftsutgifter | 9 126 | 8 810 | 8 847 | 9 995 | 9 165 | 9 895 | 9 165 |
| Sum driftsinntekter | -567 | -6 | -319 | -469 | -341 | -441 | -341 |
| Netto drift | 8 558 | 8 491 | 8 528 | 9 526 | 8 824 | 9 454 | 8 824 |
| Sum årsverk | 1,9 | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,5 |

*) med godkjente endringar 31.10.2018

Kommunestyre og formannskap

Utgiftene gjeld løn til ordførar og varaordførar, og godtgjersle til folkevalde. Det er budsjettert med utgifter i samsvar med Reglement for løn og godtgjersle for folkevalde 2015- 2019. Reglementet blei revidert og godkjent av kommunestyret i KS-sak 067/14.

Andre utval og nemnder

Dette er godtgjersle til styre, råd og utval utanom kommunestyret og formannskap.

Val

Det er utgifter til kommunestyre- og fylkestingsval i 2019 og stortingsval i 2021. Stortingsvala er normalt rimelegare enn kommunevala. Ved valet i 2017 var det for første gong elektronisk kryssing i manntalet. Ved valet i 2019 skal Hå kommune delta i forsøk med elektronisk utsending av valkort.

Partistøtte

Hå kommune gir stønad til kommunestyregruppene finansiert gjennom rammetilskottet frå staten. I tillegg har Hå kommune ein lokal stønad til kommunestyregruppene. Forslag til løyving er sett opp for 2019 i samsvar med tidlegare praksis. Den delen av løyvinga som er finansiert av rammetilskottet, blir justert med antatt prisstigning (2,8 prosent). Det lokale tilskottet på 90.000 kroner, blir vidareført som nå.

Revisjon og kontrollutval

Teneste 1000 gjeld godtgjersle til kontrollutvalet og utgifter til kontrollutvalssekretariat og revisjon. Kontrollutvalet har gitt si tilråding til budsjett 2019, jf. Sak 23/18 i Kontrollutvalet 12.09.2018.

Politisk sekretariat

Dette er utgifter til stillingane i politisk sekretariat. Eit halvt årsverk blei flytta til økonomi-avdelinga i 2018 for å styrkje innkjøpsfunksjonen.

Sentraladministrasjonen

Driftsbudsjett

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|---------|----------|--------|-------------|---------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 1200 Administrativ leiging | 3 987 | 3 477 | 3 094 | 2 600 | 2 600 | 2 600 | 2 600 |
| 1202 Personal/tiltak/lønn | 8 945 | 10 348 | 10 224 | 9 849 | 10 649 | 9 949 | 9 849 |
| 1203 Økonomi/rekneskap | 6 774 | 5 699 | 5 788 | 5 618 | 5 618 | 5 618 | 5 618 |
| 1205 IT-Fellesfunksjon | 5 194 | 6 772 | 6 388 | 7 026 | 7 026 | 7 026 | 7 026 |
| 1206 Servicetorg | 1 704 | 1 617 | 1 656 | 2 290 | 2 290 | 2 290 | 2 290 |
| 1207 Dokumentsenter | 1 557 | 1 728 | 1 757 | 1 516 | 1 516 | 1 516 | 1 516 |
| 1905 IT-fellesfunksjonar | | | | | | | |
| Sum driftsutgifter | 34 591 | 39 936 | 39 202 | 38 880 | 39 680 | 39 680 | 38 880 |
| Sum driftsinntekter | -6 430 | -10 295 | -10 295 | -9 981 | -9 981 | -10 681 | -9 981 |
| Netto drift | 28 161 | 29 641 | 28 907 | 28 899 | 29 699 | 28 999 | 28 899 |
| Sum årsverk | 28,6 | 31,1 | 31,1 | 31,1 | 31,1 | 31,1 | 31,1 |

*) med godkjente endringar 31.10.2018

Administrativ leiging

Budsjettet for 2019 er sett opp som for 2018 med nokre reduksjonar for å ta omsyn til effektivisering og samordning av til dømes annonsering.

Personaladministrasjon, -tiltak, AMU og tillitsvalde

Tenesta arbeidar målretta med mellom anna inkluderande arbeidsliv (IA), HMS-arbeid, rekruttering og kompetanseheving, personalsakar, leiarutvikling, organisasjonsutvikling, lønsforhandlingar og anna samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar. I 2018 har fleire tenester og funksjonar blitt digitalisert.

Kostnadane på tenesta gjeld stillingar innan personal- og lønsarbeid, men òg felles utgifter til kompetanseutvikling, bedriftshelseteneste, gruppe- og ulykkesforsikring. Midlar til å styrke leiarutvikling blei løyvd i 2014. I 2018 avslutta 30 leiarar frå Kull 2 sitt leiarutviklingsprogram finansiert av fond og OU-midlar frå KS. Satsinga blir ført vidare for dei resterande leiarane i 2020. Programmet er ein del av den heilskapelege organisasjonsutviklinga Hå kommune driv. Felles kursmidlar er sett opp i høve til prioriteringar i den årlege Opplæringsplanen.

Utgifter til bedriftshelsetenesta er budsjettert uendra som i 2018.

Utgiftene til gruppe- og ulykkesforsikring blir avgjort etter årlege anbudsrundar. Utgiftene har dei siste 5 åra svinga mellom 2,0 og 2,4 mill. kroner per år. I 2019 reknar ein med om lag 2,0 mill. kroner som er anslaget forsikringsmeklar har gitt. Dette er ein nedgang på omlag 0,4 mill frå økonomiplanen 2018-2021.

Økonomi/rekneskap/løn/innkjøp

Budsjetta for 2019 er i hovudsak sett opp som for 2018. 0,7 årsverk er flytta frå tenesteområde for Opplæring og kultur, og 0,7 årsverk blir nytta i tenesteområde for Tekniske saker og næring. Auka oppgåvemengde innanfor økonomi/merkantilt område som følgje av at budsjetta for eigedomsavdelinga er flytta saman medfører ikkje auka ressursbruk.

Hå kommune innførte i 2018 bruk av digitalt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) for kommunen sine anskaffingar. Innføring og bruk av KGV er lovpålagt sidan 01.07.2018.

Innføring av KGV gir fleire gevinstar for kommunen. Den digitale innkjøpsprosessen er meir effektiv og gir betre oversikt. Sparte transaksjonar, likebehandling av tilbydarar, dynamisk oppdatering av opplysningar, tryggleik og gjenbruk av data er blant fordelane ved å bruke fagsystemet KGV.

IT og IT-fellesutgifter

Ein av strategiane i Kommuneplanen 2014 - 2028 er å ha godt utbygde løysingar for dei som ønskjer å kommunisere elektronisk med kommunen.

Det er over 5000 PC-brukarar inkl. tilsette og elevar i skulane, som dagleg nyttar it-tenestar med ulikt tilgangsnivå avhengig av rolle, stilling og arbeidsoppgåver. I tillegg nyttar eit stort tal på personar kommunen sitt opne trådlause nettverk som er bygd ut i og rundt eit stort tal på kommunale bygg med over 500 sendarar. Dette nettet kan nyttast både med eigne PC-ar og smart-telefonar. Det er nå 3 600 PC/datamaskiner i bruk. I tillegg til å skifte ut eldre maskiner kjøper vi Chromebooks til alle elevar og lærarar. I første del av 2019 vil alle lærarar, elevar og andre tilsette i skulane være utstyrte med berbare einingar, alle lærerar og elevar vil ha eigen Chromebook og bruke Google for Education for samhandling i læringa.

Systema våre blir nytta heile døgnet og krev robuste og stabile løysingar. Dette stiller store krav til drift, oppdateringar og vedlikehald av systema. Vi har stort fokus på å styrkja og tryggja datasentralane, nettverka og sentral infrastruktur mot driftsstans, øydeleggingar og åtak. Alle kommunale bygg er kopla saman i eit eige kommunikasjonsnettverk. Vi arbeider med å legge eigne fiberkablar ut til flest mogleg av bygga for å gi auka hastighet og meir stabile samband utan leigekostnad.

På teneste 1905 fører ein fellesutgifter som kommunikasjon, utbygging og drift av fellesutstyr og programvare. Fellesutgiftene blir fordelt på dei aktuelle tenestene. For 2019 ser vi at driftskostnadane aukar på grunn av auka årlege kostnader med nye løysingar som blir kjøpt inn.

Servicetorg

Eit viktig mål for Hå kommune er at vi skal bli kjenneteikna av god service til innbyggjarane. Servicetorget er førstelinja der innbyggjarane kan få informasjon om kommunen og andre offentlege tenester, rettleiing i søknadsprosessar, og hjelp i saker som ikkje krev omfattande behandling. Oppgåver som innbyggjarane kan få hjelp i servicetorget til er til dømes rettleiing i byggesaker, opplysningar om kart, leidningsnett, eigedom og reguleringsplanar og til å kjøpe tomt i Stokkalandsmarka. Servicetorget gir innsyn i offentlege dokument, handterer endringar i renovasjonsabonnement, lagar nabolister og meklarpakkar, og behandlar søknader om parkeringskort for forflyttingshemma, redusert barnehagebetaling, kontantstøtte og skjenkeløyve. I tillegg har servicetorget sentralbordet, og ansvaret for utleige av Lensmannsløa.

Eit satsingsområde framover er å vidareutvikla det digitale servicetorget. I 2018 tildelte fylkesmannen 250 000 kroner i skjønnsmidlar til innovasjonsprosjektet vårt, «Innsida ut». Det blir og arbeid kontinuerlig med å sjå på kva for oppgåver servicetorget kan ta over for å avlaste saksbehandlarar, spesielt innanfor tenesteområdet for tekniske saker og næring.

Vi er i full sving med å finna fram til løysingar og system som gjer det enklare for innbyggjarane å bestilla alt i frå time hjå saksbehandlar og familiebadning i Stampen, til henting av søppel og booking av selskapslokale. Dette vil føre til meir effektive arbeidsprosessar internt, og ikkje minst betre service til innbyggjarane. Servicetorget består av fem medarbeidarar (4,3 årsverk). I samband med GDPR er leiar for servicetorget også personvernombud for heile organisasjonen og innbyggjarane i Hå. Dessutan høyrer stillinga som kommunikasjonsansvarleg til i denne eininga. Stillinga gir mellom anna støtte til heile verksemda i digital kommunikasjon, mediehandtering, utvikling av digitale løysingar og utvikling av internettsider.

Dokumentsenter

Dokumentsenteret skal sørge for at Hå kommune sitt arkiv er i samsvar med gjeldande lovar og reglar, at arbeidsoppgåvene blir utførte på ein rasjonell og effektiv måte, og at det blir gitt nødvendig opplæring og rettleiing til saksbehandlarar og leiarar i kommunen. Dokumentsenteret skal yte god service til forvaltning og publikum, og sikre at Hå for ettertida kan dokumentere sine vedtak og tiltak.

I 2019 vil dokumentsenteret fortsatt delta aktivt i arbeidet med digitalisering i kommunen, t.d. ved overgang til fullelektroniske arkiv, innføring av elektroniske skjema og ekspedering/mottak via digitale kanalar. Dokumentsenteret vil satsa aktivt på god opplæring og rettleiing i arkiv og dokumentforvaltning ved hjelp av tilpassa kursopplegg og handbøker. I tillegg vil det bli ordna og levert ca. 100-150 hyllemeter eldre arkiv til vårt depot IKA Rogaland.

Kostnadane er sett opp som tidlegare år. Utgiftene med unntak av ei stilling blir belasta tenestemråda.

Tillitsvalde og arbeidsmiljøutvalet (AMU)

I høve til Hovudavtala er totalt 2,37 årsverk sett av til dei hovudtillitsvalde med frikjøp for arbeidstakarorganisasjonane i kommunen. I tillegg kjem ei 100 prosent stilling for tillitsvalde budsjettert i skule- og barnehage-sektoren.

Midla er avsett til velferds- og fellesarrangement, bedriftsidrett, fellestrim, lokale julearrangement, deltaking i Nordsjørittet og gratis inngang på Hå gamle prestegard. AMU disponerer midlane i eiga sak. Kommunedagen 2018 blei finansiert med midlar som AMU hadde sett av over fleire år.

Driftsbudsjett tillitavalde og AMU

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|---------|-------|-------------|-------|-------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 1806 Tillitsvalde | 1 364 | 1 438 | 1 459 | 1 544 | 1 544 | 1 544 | 1 544 |
| 1807 AMU | 398 | 954 | 954 | 954 | 954 | 954 | 954 |
| Sum driftsutgifter | 1 804 | 2 477 | 2 498 | 2 583 | 2 583 | 2 583 | 2 583 |
| Sum driftsinntekter | -42 | -85 | -85 | -85 | -85 | -85 | -85 |
| Netto drift | 1 762 | 2 392 | 2 413 | 2 498 | 2 498 | 2 498 | 2 498 |
| Sum årsverk | 2,1 | 2,1 | 2,1 | 2,2 | 2,2 | 2,2 | 2,2 |

*) med godkjente endringer 31.10.2018

Skatt

Skatteoppkrevjarkontoret krev inn skattar og avgifter for Hå i storleik 2 milliardar kroner kvart år.

Driftsbudsjett skatt

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|---------|-------|-------------|-------|-------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 1204 Skatt | 1 727 | 1 954 | 1 954 | 2 036 | 2 036 | 2 036 | 2 036 |
| Netto drift | 1 727 | 1 954 | 1 954 | 2 036 | 2 036 | 2 036 | 2 036 |

Vi har felles skatteoppkrevjarkontor for Hå, Klepp, Time og Gjesdal. Kontoret er lokalisert på Bryne, og det er inngått vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b der Time kommune er vertskommune. Kostnadane blir delt etter innbyggjartal i dei fire kommunane.

Jæren kemnerkontor budsjetterer med 9,5 årsverk i 2019, uendra frå 2018. Desse er ikkje del av stillingsramma til Hå kommune.

Andre tenester

Driftsbudsjett andre tenester

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|--|-------------------|----------|---------|--------|-------------|--------|--------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 1800 Tilfeldige utgifter/ inntekter | 915 | 920 | 920 | 924 | 924 | 924 | 924 |
| 2423 Bevilgning / skjenkekontroll | -88 | -43 | -43 | -43 | -43 | -43 | -43 |
| 2652 Kommunale bustadar | 99 | 77 | 141 | 251 | 251 | 251 | 251 |
| 3200 Forretningsdrift | -929 | -966 | -932 | -932 | -932 | -932 | -932 |
| 3601 Friluftsområde | 162 | 165 | 165 | 170 | 170 | 170 | 170 |
| Sum driftsutgifter | 4 180 | 4 225 | 4 323 | 4 332 | 4 332 | 4 332 | 4 332 |
| Sum driftsinntekter | -4 021 | -4 072 | -4 072 | -3 962 | -3 962 | -3 962 | -3 962 |
| Netto drift | 159 | 153 | 251 | 370 | 370 | 370 | 370 |

*) med godkjente endringer 31.10.2018

Tilfeldige utgifter og inntekter

Den største utgifta her er kontingent til Kommunenes Sentralforbund (KS) på 854 000 kroner. I tillegg blir kostnadar til Landssamanslutning for nynorsk-kommunar, Kommunalt Innkjøpsforum, Forening for Vindkraftkommunar og KS sitt eigedomsskatteforum ført her.

Kommunale bustader

Utleigebustadane blir nytta av kommunalt tilsette. Nokre av bustadene blir nytta til flyktingbustader. Leigesatsane er føresetta å auke med 2,8 % i 2019.

Forretningsdrift

Sirevåg Havn KF i Hå står for innkrevjing av avgifter og drift av hamna i Sirevåg. Kommunen står framleis som eigar av kai-investeringane frå før 01.01.2007. KF-et betalar leige til kommunen for kaiene. (I tillegg får kommunekassen leigeinntekter av industriareal.) Inntektene har sin motsats i kommunale investeringar og finansutgifter for utbygginga. Det er

budsjettert med ei overføring frå hamna til kommunen på 0,375 mill kroner i 2019, det same som 2018. 2,35 mill kroner er leigeinntekt frå Felleskjøpet i Sirevåg.

Friluftsområde

Teneste 3601 gjeld årleg tilskott til Rogaland Arboret. Det vart i 2013 ein overeinskomst mellom kommunane om kontingentbeløp basert på innbyggjartal. Utgiftene i 2019 er rekna til 170.000 kroner.

Bygg/eigedomsforvaltning

Ansvar til eigedomsavdelinga er å forvalte og utvikle kommunen si eigedomsmasse og står for vedlikehaldet av denne samt byggeleiaroppgåver.

I tillegg har eigedomsavdelinga ansvar for vaktmeistrar og reinhaldarar. Det blei gjort ei endring i 2018 slik at kostnadane til vaktmeistrar, reinhaldarar og vedlikehaldsmidlar som tidlegare var budsjettert i tenesteområda no er samla i eigedomsavdelinga. Tabellen viser omfanget av det som Eigedomsavdelinga har ansvar for. Tala inkluderer avskrivningar på 44 mill. kroner.

Vedlikehald kommunale bygg

Eit område som ein ser det er behov for å styrke, er korleis skal ein disponere og utvikle kommunen sin bygningsmasse sett heile kommunen under eitt når aktiviteten aukar.

I forkant av årets budsjett la rådmannen også i år fram ei eiga sak om vedlikehald av kommunal bygningsmasse (jf. sak 06/16 i Kontrollutvalet). Den gir eit godt bilete på dagens situasjon og synar det totale vedlikehaldsetterslepet.

Kommunen nyttar systemet IK bygg som internkontrollsystem for bygg. Dette er eit digitalt system som involverer alle brukarnivå i bygga. Eigedomsavdelinga har i løpet av 2017 og 2018 heldt interne kurs i bruken av systemet noko som aukar den total kompetansen og gjer et betre bilete på den reelle situasjonen

Forvaltingsutgifter

Dette omfattar bare byggforsikringar. Nivået på kostnadane er som i 2018 etter råd frå forsikringsmeklar.

Drift og vedlikehald av administrasjonslokale

Utgift til vedlikehald av Rådhuset er ført opp på same nivå som i 2018.

Tabellen inneheld rekneskap og opphavleg budsjett for dei ulike teneste slik dei er ført i tenesteområda og gjer eit oversyn over omfanget av det som nå er samla i eigedomsavdelinga.

Driftsbudsjett og årsverk - eideomsavdeling

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|---|-------------------|----------|---------|---------|-------------|---------|---------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 1208 Byggleiing | 3 185 | 2 237 | 2 323 | 2 534 | 2 534 | 2 534 | 2 534 |
| 1210 Forvaltningsutgifter eigedom | 1 250 | 1 142 | 1 142 | 1 154 | 1 154 | 1 154 | 1 154 |
| 1301 Drift og vedlikehald av adm. eigedomsavd. | 5 986 | 6 041 | 6 144 | 6 124 | 6 124 | 6 124 | 6 124 |
| 1302 Vaktmester og reinhald adm. | 5 115 | 3 553 | 4 329 | 4 266 | 4 266 | 4 266 | 4 266 |
| 2210 Lokale til barnehagedrift | 8 508 | 8 263 | 8 308 | 9 948 | 9 948 | 9 948 | 9 948 |
| 2213 Vaktmester og reinhald | 6 683 | 6 057 | 6 100 | 5 200 | 5 200 | 5 200 | 5 200 |
| 2218 Uteanlegg barnehage | 151 | 520 | 520 | 570 | 570 | 570 | 570 |
| 2220 lokale til skuledrift | 22 954 | 26 200 | 26 851 | 27 225 | 27 225 | 27 225 | 27 225 |
| 2223 Vaktmester og reinhald skule | 17 206 | 16 478 | 16 631 | 17 408 | 17 408 | 17 408 | 17 408 |
| 2228 Uteanlegg skuledrift | 270 | 560 | 560 | 560 | 560 | 560 | 560 |
| 2345 Bygg til eldresenter/dagsenter | 767 | 894 | 822 | 815 | 815 | 815 | 815 |
| 2347 Vaktmester og reinhald eldresenter | 3 904 | 4 134 | 4 169 | 4 209 | 4 209 | 4 209 | 4 209 |
| 2412 Legevakt | 354 | 354 | 354 | 354 | 354 | 354 | 354 |
| 2534 Kjøkken | 752 | 194 | 194 | - | - | - | - |
| 2612 Institusjonslokale | 9 955 | 10 761 | 11 170 | 12 772 | 12 772 | 12 772 | 12 772 |
| 2613 Vaktmester og reinhald institusjon | 5 520 | 5 751 | 5 799 | 6 423 | 6 423 | 6 423 | 6 423 |
| 2614 Uteanlegg institusjon | 17 | 10 | 10 | 15 | 15 | 15 | 15 |
| 2653 Bustader eldre og funksjonshemma | 3 899 | 4 649 | 4 603 | 4 617 | 4 617 | 4 617 | 4 617 |
| 2654 Beredskapsbustader eigedomsavd. | 4 286 | 3 596 | 3 596 | 3 687 | 3 687 | 3 687 | 3 687 |
| 2655 Kommunale eigedomsavd. | 215 | 220 | 220 | 300 | 300 | 300 | 300 |
| 3352 Nærbøparken | 28 | 20 | 20 | 15 | 15 | 15 | 15 |
| 3850 Kulturvern | - | - | 68 | 320 | 320 | 320 | 320 |
| 3860 Kommunale kulturbygg | 443 | 35 | 35 | 70 | 70 | 70 | 70 |
| 3861 Vaktmester og reinhald kultur | 1 677 | 1 700 | 1 463 | 944 | 944 | 944 | 944 |
| Sum driftsutgifter | 110 750 | 110 703 | 113 105 | 117 747 | 117 747 | 117 747 | 117 747 |
| Sum driftsinntekter | -7 703 | -7 333 | -7 833 | -7 647 | -7 647 | -7 647 | -7 647 |
| Netto drift | 103 047 | 103 370 | 105 272 | 110 100 | 110 100 | 110 100 | 110 100 |
| Sum årsverk | 68,7 | 68,7 | 68,7 | 70,7 | 70,7 | 70,7 | 70,7 |

*) med godkjente endringar 31.10.2018

Auken frå budsjett 2018 til 2019 er litt over prisstigning, og skuldast at gjennomgangen i samband med overføringa avdekka enkelte mindre avvik som er retta opp med omsyn til stillingar og driftskostnader. Det er og lagt inn ei auke på to 100 %-stillingar på reinhald når dei nye etasjane på sjukeheimen blir tatt i bruk.

Investeringar sentraladministrasjonen

Investering sentraladministrasjon

| Investering 1000 kroner | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|----------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| IT | 8 366 | 7 367 | 7 876 | 7 387 | 7 387 |
| ENØK | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 |
| Diverse eigedom | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 |
| Den norske kyrkja | 200 | 7 813 | | 375 | 1 875 |
| Administrasjon, IT, kyrkje | 15 066 | 24 180 | 16 876 | 16 762 | 18 262 |

Frå økonomiplan 2017-2020 er det tatt inn ei årleg løyving på 2,5 mill kroner som skal dekke byggjeleiing i den grad dei ikkje er tatt inn i prosjektbudsjetta, i tillegg til mindre uføresette prosjekt etter godkjenning av rådmannen. Eit døme på eit slikt prosjekt var sanering av bygg i Gudmestadvegen 22 i 2016.

IT – investering

I samband med digitaliseringa vil stadig fleire tenester verta tilgjengelige for innbyggjarar og andre via internett. Slike løysingar krev investeringar og intern tilpassing av arbeidsprosessar. Samtidig vil eit aukande tal på interne brukarar føre til auka behov for lisensiert programvare og utstyr som må kjøpast. Nettverksutbygging krev også auka investeringar.

Alle IT-investeringane er budsjetterte under teneste 1205 IT-investering. Om lag 3 mill kroner kvart år gjeld felles utstyr og system, mens resterande om lag 5 mill kroner gjeld utstyr/programvare retta mot tenestemråda og stabar.

ENØK-tiltak

I Klima- og Energiplanen er det ei målsetting å oppnå minst ei innsparing på 10 % i energibruken i kommunale bygg. Arbeid med revidering av denne planen pågår.

Kommunen har inngått kontrakt med Niras AS om energimerking av kommunale bygningar over 1000 m². Dette er ei lovpålagt oppgåve. I tillegg føretek Niras ei energikartlegging av utvalte formålsbygg. Arbeidet starta i august 2017 og er nå i ferd med å bli slutført.

Rådmannen vil komme tilbake til kommunestyret med ei eiga sak om dette når arbeidet er avslutta og endelege rapportar er motekne.

For å finansiere ENØK-investeringane er det som i gjeldande økonomiplan føresett at 4 mill. kroner av det årlege utbyttet frå Jæren Everk blir nytta til dette. I tillegg er det lagt inn 2 mill. kroner (eksl. MVA) per år i bidrag frå Vindparken på Skinnansfjellet som skal gå til energitiltak. **Auken blei tatt ut av kommunestyret i sak 096/18.**

Startlån

Dette er lån kommunen tar opp i Husbanken for vidareformidling til bustadbyggjarar og bustadkjøparar. Vilkår for tildeling og nedbetaling er vedtatt av kommunestyret. Normalt blir startlån nedbetalt kvartalsvis over 18 år. Dei 3 første åra er avdragsfrie. Kommunen har størsteparten av risikoen ved desse låna. Rådmannen rår derfor til at det blir løyvt 5 mill. kroner per år i denne økonomiplanperioden.



Opplæring og kultur

Tenesteområdet for opplæring og kultur har ansvar for barnehage, skule og kultur. Det er totalt 962 barn i dei kommunale barnehagane, 2630 elevar i den kommunale grunnskulen og 485 elevar i kulturskulen. Totalt var det om lag 675 årsverk i tenesteområdet pr. 1. januar 2018. Hovudutfordringane i budsjettet for 2019 er at talet på små barn, og dermed plassar i barnehagen, går opp med om lag 30 plassar, mens elevtalet i skulen har auka med om lag 80 elevar.

Mål og strategiar

Kommunen skal gi eit variert, aktivt og stimulerande tilbod som gjer rom for oppleving og utvikling i barnehage, skule og fritid. Barna/elevene skal oppleve barnehagen og skulen som ein naturleg og spennande del av det samla oppvekstmiljøet sitt, der læring og sosial utvikling står i fokus. I samarbeid med heimen vil kommunen arbeide aktivt med å gi barna ein god barndom. Det er eit hovudmål at alle barn/elevar i barnehage og skule i Hå opplever læring og meistring kvar dag. Ved å legge til rette for eit rikt kulturliv kan kommunen dokumentere og formidle vår felles kulturarv, formidle kunnskap og oppleving og legge til rette for eigenaktivitet og ulike former for sosiale aktivitetar.

Utfordringar i neste periode

Innan tenesteområdet er det for tida to store byggeprosjekt. Det eldste bygget på Varhaug skule skal rivast, nybygg skal settast opp og skulen skal utvidast. Vidare blir det arbeida med Brusand barnehage. I gjeldande økonomiplan skal barnehagen stå klar i 2021. På grunn av omfattande reguleringsarbeid vil ikkje barnehagen kunne stå ferdig før tidlegast i 2022. Vi har dei siste tre åra avslutta tre vellukka byggeprosjekt, Bø og Oгна skule og Vigrestad barnehage.

Prognosane i barnehagebruksplanen viser at det blir nedgang i talet på barnehagebarn. Samstundes er dekningsgraden for dei minste barna på veg opp. Dette medfører at det er ei auke på om lag 30 plassar inneverande barnehageår. Grunnen til at talet på plassar går opp er at 1-2-åringar teller to plassar, medan 3-5-åringar teller ein plass. Samstundes ser vi at bruk av kommunal kontantstøtte går litt ned i 2018-2019. Dette er ein nedgang vi budsjetterer med i 2019, men ikkje i resten av økonomiplanperioden. Saman med auka dekningsgrad for dei minste, gjer innføringa av nasjonal bemanningsnorm ei auke i aktiviteten på om lag 3 mill. kroner i 2019. Nasjonal norm for bemanning i barnehagane seier at det skal være ein tilsett per 3 barn som er 1-2 år og ein tilsett per 6 barn som er 3-5 år. Vi får stadig fleire med godkjent utdanning, og det er stadig tilsette under utdanning. Dette gjer at lønsutgiftene også aukar tilsvarande i åra som kjem.

Den største utfordringa i budsjettet for 2019 er at barnehagebudsjettet i sterk grad er bunde opp i lovpålagde tiltak og bemanningsnorm. Dette medfører at auka i plassar i barnehagane hovudsakeleg må finansierast ved innsparingar i skule og kultur si ramme. Barnehagane i Hå driver svært effektivt, og det er lite innsparingar å hente her.

Dette skuleåret har vi hatt ei elevtalsauke på om lag 80 elevar. I gjeldande økonomiplan ligg det inne ei auke på 3,5 lærarstillingar i året for å halde tritt med elevtalsutviklinga. I budsjett for 2019 finn ikkje rådmannen rom for ei slik auke, og foreslår å ikkje auke med 3,5

lærarstillingar. Dette vil gje ei innsparing på 2,4 mill kroner i 2019 og i åra framover. Opptrapping med 3,5 stillingar ligg inne i resten av økonomiplanperioden.

Frå og med dette skuleåret er det innført nasjonal lærarnorm. I lærarnorma er det hovudtrinna (1-4, 5-7 og 8-10) ved den einskilde skule som dannar utgangspunkt for tildelingane. Utdanningsdirektoratet ser ikkje skule eller kommune under eitt, for å ikkje legge for sterke føringar for den einskilde kommune. Ut frå rapporteringane vi gjer kvar haust blir det løyvd ekstra ressursar i 2018 og 2019 der lærardekninga ikkje held normtalet. Hå kommune vil ut frå dette få 2,8 millionar ekstra i 2019. I 2018 blei det innført ny lærarnorm for skulane i landet. Den viser at kommunen har noko høgare lærardekning enn kravet. Det er likevel usikkerheit lokalt. Av den grunn vil vi gå djupare inn i grunnlagstala i 2018, slik at vi sikrar korrekte tal. Vi ser at vi ligg an til å klare krava til lærardekning også om vi ikkje vidarefører opptrappinga på 3,5 årsverk i 2019.

Vi er i gang med å sjå på korleis vi kan endre på ressurstiltingsmodellen for skulane, og det er sett ned ei prosjektgruppe med skuleleiarar og arbeidstakarorganisasjonar. Her ser vi på korleis vi kan nytte ressursane best mogleg på den enkelte skule, samstundes som vi sikrar at vi framleis skal tilsette dei best kvalifiserte lærarane vi kan få tak i. Modellen skal være klar før årsskiftet, før ny ressurstilting til våren. Rådmannen har lagt inn ei forventa innsparing på 1,75 mill kroner i budsjett for 2019.

Innan kultur blei det gjort forholdsvis store innsparingar i budsjett for 2017, tilsvarande dryge 1 mill kroner. Innsparingane blei sett i verk mellom anna ved å redusere bemanninga i bibliotek og kulturskule, og å ikkje fylla vakante stillingar. Desse innstramingane har blitt vidareførte.

I og med at vi venter på at Meieriinternatet på Vigrestad skal bli klart for innflytting, får vi ikkje starta opp bibliotekfilialen i 2019. Det ligg derfor inne ei innsparing på 150 000 kroner for 2019.

Rådmannen føreslår vidare at innsparingane i kultur si ramme blir gjort ved at det blir gitt 200 000 kroner mindre støtte til drift av kulturbygg kvart år i økonomiplanperioden og at det blir gitt 300 000 kroner mindre støtte til investering idrett kvart år i økonomiplanperioden.

Prosjektet «Alle Med i Hå» starta i august 2017. Vi har fått prosjektmidlar frå Bufdir og Kulturdepartementet for to skuleår. Kvart barn som ikkje blir integrert i samfunnet og kjem seg i jobb kostar samfunnet mange millionar i utgifter og tapte skatteinntekter. Ved hjelp av andre prosjektmidlar er stillinga nå 60%. I løpet av det første året var det over 50 barn som starta opp med ein fritidsaktivitet, noko som er eit strålende resultat. Rådmannen føreslår derfor å gjere stillinga fast og auke stillinga til 100%. Vi vil utvide målgruppa både mot barnehagebarn og (unge) vaksne. Vi ser at dette arbeidet gjer gjenlyd langt ut over kommunen sine grenser, både regionalt og nasjonalt. Vi vil fortsette å søke om støtte til dette arbeidet for at stillinga i størst mogleg grad kan bli finansiert av eksterne tilskot også i framtida.

Vi ser at framtidsløftet, med digitalisering og automatisering gjer at vi arbeider raskare og meir effektivt i administrasjonen. På grunn av dette har vi i 2018 spart inn ei konsulentstilling i administrasjonen i opplæring og kultur. Denne innsparinga gjer full effekt i 2019.

Driftsbudsjett opplæring og kultur

Tabellen viser driftsrammene for heile tenesteområdet. Det er bare i hovudtabellen at heile eigeomsavdelinga er tatt inn slik den var budsjettert tidlegare.

Driftsbudsjett opplæring og kultur

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-------------------|----------|----------|----------|-------------|----------|----------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 629 182 | 598 086 | 559 929 | 551 750 | 558 850 | 562 775 | 565 195 |
| Driftsinntekter | -136 365 | -97 944 | -116 444 | -100 603 | -100 403 | -100 403 | -100 403 |
| Netto drift | 492 817 | 500 142 | 443 485 | 451 147 | 458 447 | 462 372 | 464 792 |
| Årsverk | 666,86 | 664,38 | 633,22 | 633,62 | 637,62 | 641,12 | 644,62 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Driftsbudsjett opplæring og kultur med dei enkelte tenesteområda

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|---------|---------|-------------|---------|---------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Administrasjon | 8 189 | 6 145 | 5 669 | 5 678 | 5 678 | 5 678 | 5 678 |
| Skule | 230 192 | 231 785 | 235 184 | 234 314 | 239 114 | 241 514 | 243 914 |
| Barnehage | 153 909 | 156 913 | 158 744 | 167 077 | 169 177 | 170 677 | 170 677 |
| Kultur - SAMLA | 39 221 | 43 725 | 43 888 | 44 078 | 44 478 | 44 503 | 44 523 |
| Netto drift | 431 511 | 438 568 | 443 485 | 451 147 | 458 447 | 462 372 | 464 792 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Årsverk

| Årsverk | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|-------|-------|-------|-------|
| Administrasjon | 5,9 | 5,9 | 5,9 | 5,9 |
| Skule | 337,3 | 341,3 | 344,8 | 348,3 |
| Barnehage | 244,9 | 244,9 | 244,9 | 244,9 |
| Kultur - SAMLET | 45,5 | 45,5 | 45,5 | 45,5 |
| SUM | 633,6 | 637,6 | 641,1 | 644,6 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Endringar (rådmannen sitt forslag)

| Endringar frå førre plan 1000 kroner | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Ramme 2019 i økonomiplan 2018-2021 | 506 262 | 509 362 | 511 762 | 514 162 |
| Justert eiendomsavd | -61 796 | -61 796 | -61 796 | -61 796 |
| Lønns- og prisvekst | 12 320 | 12 320 | 12 320 | 12 320 |
| Frivillighetssentralen overføres til helse | -854 | -854 | -854 | -854 |
| Nye tiltak i denne økonomiplanen | 3 820 | 5 720 | 7 245 | 7 265 |
| Reduksjon / innsparing | -10 805 | -8 505 | -8 505 | -8 505 |
| Ramme i økonomiplan 2019-2022 | 448 947 | 456 247 | 460 172 | 462 592 |

I sak 096/18 vedtok kommunestyret å legge til ein million kroner årleg til både barnehage og skule. Drift kulturbygg blei auka med 200 000 kroner, tilsaman ei auke på 2,2 mill. kroner kvart år. Dette er tatt inn i tabellane.

Felles administrasjon

Tenesteområdet har ein felles administrasjon på rådhuset.

Driftsbudsjett administrasjonen

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|-------|----------|-------|-------------|-------|-------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 1200 Administrativ leiding | 4 545 | 4 470 | 3 973 | 3 395 | 3 395 | 3 395 | 3 395 |
| 1202 Personaladministrasjon | 1 300 | 1 068 | 1 070 | 1 073 | 1 073 | 1 073 | 1 073 |
| 1203 Økonomi og rekneskap | 510 | 607 | 626 | 1 210 | 1 210 | 1 210 | 1 210 |
| Sum utgifter | 6 410 | 6 255 | 5 779 | 5 713 | 5 713 | 5 713 | 5 713 |
| Sum inntekter | -55 | -110 | -110 | -35 | -35 | -35 | -35 |
| Netto drift | 6 355 | 6 145 | 5 669 | 5 678 | 5 678 | 5 678 | 5 678 |
| Årsverk | 7,9 | 6,9 | 6,9 | 5,9 | 5,9 | 5,9 | 5,9 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Barnehage

Mål

- Ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som legg grunnlag for positiv utvikling.
- Barn med spesielle behov skal få tilstrekkeleg hjelp.
- Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet.

Nøkkel- og utviklingstal

KOSTRA-tala for 2017 viser dette innan barnehagesektoren

| BARNEHAGE tal pr. 31.12 | Hå | | Klepp | | Time | | Rogaland | |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|---------|----------|---------|
| | 2016 | 2017 | 2016 | 2017 | 2016 | 2017 | 2016 | 2017 |
| 0-åringar | 282 | 285 | 240 | 243 | 266 | 246 | 6120 | 5930 |
| 1-2 åringar | 562 | 549 | 525 | 518 | 538 | 510 | 12446 | 12372 |
| 3-5 åringar | 909 | 873 | 841 | 845 | 864 | 841 | 19408 | 19084 |
| Totalbefolkning | 18 800 | 18 762 | 19 042 | 19 217 | 18 656 | 18 699 | 472 024 | 473 256 |
| Prosentvis andel av befolkninga 1-5 år | 9,32 % | 9,10 % | 8,43 % | 8,36 % | 8,94 % | 8,54 % | 8,04 % | 7,90 % |
| Netto driftsutgift pr innbyggjar | 9087 | 9159 | 9547 | 9577 | 9779 | 9931 | 9328 | 9523 |
| Netto driftsutgift pr barn 1-5 år brukt på bhg | 116 138 | 120 843 | 133 089 | 135 023 | 130 133 | 137 449 | 138 225 | 143 704 |
| Dekningsgrad 1-5 år | 83,5 | 83,5 | 92,8 | 92,1 | 88,4 | 89,5 | 90 | 89,8 |
| Dekningsgrad 1-2 år | 66,7 | 63,2 | 81,9 | 84 | 75,8 | 77,8 | 79,7 | 79,4 |
| Dekningsgrad 3-5 år | 93,9 | 96,2 | 99,6 | 97,2 | 96,2 | 96,6 | 96,7 | 96,5 |
| Talet på barn i komm. brhg i forhold til alle barn i bhg. i % | 83,3 | 82,5 | 67 | 67 | 53,9 | 52 | 51,4 | 50,9 |
| Talet på minoritets. barn i bhg i forhold til innv.barn 1-5år i % | 66,9 | 72,8 | 80 | 80,1 | 74,5 | 75,7 | 77,5 | 76,8 |
| Talet på minoritets. barn i bhg i forhold til alle barn med bhg-pl. i % | 13,8 | 15,8 | 15,1 | 16,3 | 12,3 | 11,8 | 16,3 | 16,8 |
| Korr. brutto driftsutg til kom bhg pr korr opphaldst. | 58 | 60 | 58 | 61 | 60 | 64 | 64 | 67 |
| Korrigerte oppht. pr årsverk i komm. bhg | 11 280 | 11 486 | 11 466 | 11 302 | 11 690 | 11 611 | 11 351 | 11 325 |
| Talet på barn. brhg m opphaldstid 33t el meir i kom. Bhg i % | 86,7 | 88,1 | 96,2 | 96,5 | 97,2 | 97,1 | 97,2 | 97,6 |
| Talet på styrarar og ped.leiarar med godkjent bhg-lærarutdanning i % | 74,6 | 77,1 | 84,9 | 87,6 | 84,9 | 86,6 | 88,5 | 88,6 |
| Talet på tilsette med barnehagelærarutdanning i % | 29,7 | 32,1 | 34,4 | 33,9 | 33,3 | 32,4 | 33,3 | 33,1 |

Hå kommune ligg høgast av Jærkommunane (Time og Klepp) når det gjeld den prosentvise delen av innbyggerane i alderen 1-5 år.

- Driftsutgifter per barn på 1-5 år brukt på barnehage er lågare i Hå enn i Klepp og Time. Det skuldast mellom anna at Hå har relativt færre barn i barnehage. Ser vi på brutto driftsutgifter per opphaldstime ligg Hå på 60, noko som er lågare enn Klepp og Time (61 og 64). Gjennomsnittet i Rogaland er 67. Større bruk av deltidsplassar i Hå kan gjere at driftsutgiftene er høgare enn dei elles ville vore. Dette er mellom anna på grunn av krav til pedagogar per barn og ikkje per plass.
- Dekningsgraden i Hå er lågare enn i nabokommunane. Dette gjeld særleg barn i alderen 1-2 år. Ein av faktorane bak dette kan være tilbodet om kommunal kontantstøtte for to-åringar.
- Hå har ein lågare prosentvis del av minoritetspråklege barn i barnehage enn nabokommunane og Rogaland. Likevel er delen av innvandrarbarn i forhold til alle barn i barnehage høgare enn Time, men ligg under Klepp og Rogaland. Det kan spela ei rolle at dekningsgraden for barn elles er høgare i nabokommunane. Det kan også skuldast at det totalt sett er fleire innvandrarbarn i Hå.
- Det er framleis mange som nyttar barnehage som eit deltidstilbod i Hå, samanlikna med Klepp, Time og Rogaland.
- Hå kommune ligg under Klepp og Time når det gjeld den prosentvise delen av styrarar og pedagogiske leiarar som har godkjent barnehagelærarutdanning. Hå ligg også under gjennomsnittet for Rogaland, men trenden er gledeleg og positiv i Hå. Det har over år vore nye assistentar som vil starte på barnehagelærarstudie. Fleire er nå ferdig utdanna, og vi får eit stort kull (14 stk.) som avsluttar våren 2019. Det vil også etter det være fleire som er undervegs i utdanningsløpet.

Ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som legg grunnlag for allsidig utvikling

I Kvalitetsplan for barnehage 2018-2021, er merksemda retta mot kvalitet og innhald. Barnehageåret 2018-2019 har vi fokus på leing i alle ledd. Fokus på leing i barnehagen er eit kontinuerleg arbeid og er viktig for barn sin trivsel, utvikling og læring. *Personalet i barnehagen har ansvar for å legge til rette for* struktur, forutsigbarhet og tydelege rammer. Barn treng å kjenne at den vaksne er tydeleg, men samtidig god. Vi erfarer at kompetente og engasjerte leiarteam med høg kompetanse legg eit solid grunnlag for kvalitet i den einskilde barnehage.

Barnehagar skal arbeide for å førebygge og handtere mobbing. Saman med jærskulen er barnehagane i dei fire Jærkommunane med i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Prosjektet er ei felles nasjonal satsing på trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø.

I Hå har vi over år hatt fokus på å rekruttere fleire barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar. Dette er eit arbeid vi nå hauster frukter av. Pedagogdekninga går opp i barnehagane og framleis har vi nær 20 studentar under utdanning. Arbeidet med å rekruttere og behalde barnehagelærarar held fram. Talet på assistentar som har teke fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar har også auka.

Stortinget har vedtatt eit minimumskrav til grunnbemanning (bemanningsnorm) for ordinære barnehagar. Norma stiller krav om at barnehagane har ei bemanning som tilsvarer minimum

éin vaksen per tre barn under tre år og éin vaksen per seks barn over tre år. Norma blei innført 1. august 2018.

1. august 2018 fekk vi eit skjerpa krav til den pedagogiske bemanninga i barnehagen. Kravet auka frå 33 til 43 prosent. Regjeringa legg vekt på at vaksentetthet saman med kompetanse er av stor betydning for kvaliteten på barnehagetilbodet. Det framtidige målet til regjeringa er å få 50 prosent barnehagelærarar i alle barnehagar.

Barn med spesielle behov skal få tilstrekkeleg hjelp

Barnehagen har plikt å ta omsyn til kvart enkelt barn og ha individuelle tilpassingar innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Tilbodet skal bli tilpassa barnet sitt funksjonsnivå.

Nokre barn vil ha behov for tilpassingar utover det ordinære barnehagetilbodet. Barnehagelova gjer barn med nedsett funksjonsevne rett til individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet. Barnehagelova gjer også barn rett til spesialpedagogisk hjelp, dersom barnet har særleg behov for det. I nokre tilfelle kan barnet ha behov for både tilrettelegging av barnehagetilbodet og for spesialpedagogisk hjelp.

Spesialpedagogisk team ligg under barnehageadministrasjonen, og består for tida av fem spesialpedagogar med masterutdanning. Teamet skal bidra til nødvendig kompetanse og ivareta arbeidsoppgåver knytt til det einskilde barnet. Arbeidsoppgåvene vil være direkte arbeid knytt mot barn i kommunale og private barnehagar, samt rettleiing av foreldre og personale. I tillegg er det barn utan barnehageplass som har rett på spesialpedagogisk hjelp i heimen.

Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet

I gjeldande barnehagebruksplan er det eit overordna prinsipp at vi har tilnærma likeverdig kvalitet og god funksjonalitet i alle barnehagebygg.

Etterspørselen etter barnehageplassar har dei to siste åra vore lågare enn prognosane i barnehagebruksplanen. På tross av det er det ei auke i bruk av plasser i barnehagen. Grunnen til det er at vi har fleire små barn (1-2 år) i barnehagen, med andre ord har vi fått ei auke i dekningsgraden for dei minste barna. Dersom vi bruker opptakstala frå 15. august 2018 saman med folketal for 1. januar 2018, får vi ei dekningsgrad på 68,1 prosent for 1-2 åringane. I 2017 hadde vi ei dekningsgrad på 63,2 prosent for 1-2 åringar.

| | Barnehageopptak | Folkemengd | Dekningsgrad |
|--------|-----------------|------------|--------------|
| | 15.08.2018 | 01.01.2018 | 01.01.2018 |
| 1-2 år | 374 | 549 | 68 |
| 3-5 år | 795 | 873 | 91 |
| 1-5 år | 1169 | 1 422 | 82 |

Barnehageplassane for småbarn (1-2 år) er om lag dobbelt så dyre som plassane til dei store barna. Hausten 2018 førte dette til ei kostnadsauke innanfor barnehagebudsjettet på om lag 1,3 mill. kroner.

Bruk av lokal kontantstøtte

Etter ei undersøking i bruk av kontantstøtte finn vi at det er ein liten nedgang i antal brukarar av ordninga. I tillegg ser vi at det er ein auke på om lag 10% av dei som nyttar ordninga på heiltid. Desse barna bruker ikkje barnehagetilbod i kommunen.

Det er om lag 1/4 av mottakarane som nyttar den lokale kontantstøtteordninga 2 dagar per veke. Denne mottakergruppa kombinerer barnehagetilbod og kontantstøtte. Med bakgrunn i at vi må telle antal barn, og ikkje fulle plassar i utrekning av pedagognorma, fører deltidsordninga til ein kostnadsauke for kommunen. I påvente av at kommunen får full pedagogdekning medfører delt kontantstøtteordning at det må søkast om fleire dispensasjonar frå utdanningskravet. I barnehagebruksplanen vil rådmannen av den grunn føreslå å fortsette tilbodet med full kontantstøtte, men gå bort frå ordninga med delt kontantstøtte. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret.**

Driftsbudsjett barnehage

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|---------|----------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2010 Barnehage ordinær | 137 821 | 134 580 | 136 459 | 144 596 | 146 696 | 148 196 | 148 196 |
| 2012 Barnehage, open bh | 1 063 | 1 106 | 1 208 | 1 205 | 1 205 | 1 205 | 1 205 |
| 2019 Kontantstøtte - utgift | 4 046 | 4 479 | 4 180 | 3 839 | 3 839 | 3 839 | 3 839 |
| 2110 Styrka barnehagetilbod | 13 609 | 16 161 | 16 304 | 16 815 | 16 815 | 16 815 | 16 815 |
| 2111 Minoritetsbarn/tospråklig | 229 | 587 | 593 | 622 | 622 | 622 | 622 |
| Sum utgifter | 204 852 | 198 620 | 202 994 | 208 471 | 210 571 | 212 071 | 212 071 |
| Sum inntekter | -48 084 | -41 707 | -44 250 | -41 394 | -41 394 | -41 394 | -41 394 |
| Netto drift | 156 768 | 156 913 | 158 744 | 167 077 | 169 177 | 170 677 | 170 677 |
| Årsverk | 255,6 | 245,6 | 245,6 | 244,9 | 244,9 | 244,9 | 244,9 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Maksimalsat for eigenbetaling ligg til grunn for foreldrebetaling i barnehagane.

Kommunestyret vedtok å auke løyvinga til barnehage med ein mill. kroner årleg og dette er tatt inn i tabellen over (teneste 2010).

Støtte til private barnehagar

Tilskotet til private barnehagar blir rekna ut frå kommunerekneskapen to år før. Desse tala blir indeksregulert og utgjer driftstilskotet saman med kapitaltilskot for bygningsmassen, som blir rekna ut frå byggeår. Med atterhald om godkjent statsbudsjett og eventuelle endringar frå staten, blir driftstilskotet i 2019 til dei private barnehagane 202 441 kroner per plass for barn på 1-2 år, og 96 180 kroner per plass for barn på 3-5 år.

I tillegg til dei tre ordinære ikkje-kommunale barnehagane, har kommunen ein privat open barnehage, Noas Ark (Nærbø). Budsjettet til Noas Ark er på om lag 0,8 mill kroner i 2019.

Tiltak

- Fortsette arbeidet med å styrke barnehagane sine leiarteam. Det pågår eit målretta arbeid frå styrarnivå og ut i kvar barnehage. I tillegg er det leiarprogram for nye barnehagelærarar i kommunen.
- Deltaking i Inkluderande barnehage- og skulemiljø som ei vidareføring for å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø i kommunen.
- Arbeide vidare for å rekruttere og behalde barnehagelærarar i barnehagane. Det er om lag 20 tilsette som er under utdanning og får tildelt kommunalt stipend.

Forslag til innsparingstiltak/auka inntekter barnehage:

Innsparing av sekretærressurs i barnehagane

Dei kommunale barnehagane har sekretærressurs på 20% og 30%, fordelt etter størrelse på barnehagen. Ei rekke administrative arbeidsoppgåver er nå digitalisert, og sekretær kan utføre arbeidsoppgåver eksternt frå barnehagen. Effektiviseringa medfører at barnehagane totalt kan redusere sekretærressursen med 70 prosent. Dette vil gje ei innsparing på om lag 400 000 kroner per år.

Fleire små barn, og færre barn totalt i barnehagane frå hausten 2018:

Dekningsgraden på dei minste barna i barnehagen har dei siste åra auka. Den er likevel låg viss vi samanliknar med nabokommunane. Parallelt er det ein liten nedgang i bruk av kontantstøtte, noko som fører til usikkerhet kring behovet for barnehageplassar for dei minste barna kommande år. Barnehageplassane for små barn (1-2 år) er om lag dobbelt så dyre som plassane til dei store barna. Antatt dekningsgrad for dei minste barna i barnehagen vil kunne gje ei auka utgift på omlag 3 mill kroner i 2019.

Skule

Mål

Kommunen sitt hovudmål med skulane er i tråd med Kunnskapsløftet (K06), Jærskulen sitt grunnlagsdokument og kommuneplanen 2014 – 2028:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeide aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle elevar i skulen i Hå opplever læring og mestring kvar dag.
- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.

Nøkkeltal og utviklingstrekk

KOSTRA-tala for 2017 viser dette innan skule

| SKULE | Hå | | Klepp | | Time | | Rogaland | |
|--|--------|--------|---------|---------|--------|--------|----------|---------|
| | 2016 | 2017 | 2016 | 2017 | 2016 | 2017 | 2016 | 2017 |
| Antal barn 6-15 år | 2752 | 2 802 | 2793 | 2 780 | 2607 | 2 651 | 62499 | 63 122 |
| Totalbefolkning | 18 800 | 18 762 | 19 042 | 19 217 | 18 656 | 18 699 | 472 024 | 473 256 |
| Prosentvis andel av befolkninga 6-15 år | 14,6 % | 14,9 % | 14,7 % | 14,5 % | 14,0 % | 14,2 % | 13,2 % | 13,3 % |
| Netto driftsutg. grunnskulesektor pr. innbyggjar | 13879 | 14430 | 13879 | 14430 | 13675 | 13966 | 13051 | 13429 |
| Netto driftsutg. til grunnskulesektor pr. innbyggjar 6-15 år | 94 812 | 96 621 | 100 731 | 102 946 | 97 857 | 98 508 | 98 567 | 100 744 |
| Talet på elevar i kom. gr.sk av i % av kom. innbyggjarar 6-15 år | 91,9 | 91,3 | 97,5 | 97,34 | 97,31 | 96,27 | 95,57 | 95,2 |
| Lønsutgift grunnskule, skulelokalar, skuleskyss pr elev | 90 750 | 92 092 | 88 827 | 91 124 | 84 250 | 84 641 | 87 054 | 88 799 |
| Talet på elevar i grunnskole som får spes.und i % | 7,3 | 6,6 | 6,2 | 6,4 | 7,2 | 6,9 | 7,7 | 7,8 |
| Talet på lærarar med universitets-/høgskuleutdanning og ped. utdanning i % | 88,1 | 87,9 | 82,1 | 80,8 | 86 | 84,7 | 88,6 | 87,5 |
| Driftsutgifter til inventar og utstyr pr. elev i grunnsk. | 402 | 282 | 870 | 984 | 747 | 977 | 831 | 936 |
| Driftsutgifter til undervisningsmateriell, pr elev i grunnsk. | 1921 | 1774 | 1270 | 1259 | 1484 | 1885 | 1295 | 1348 |

*Tal ikkje oppgjevne

NB: Alle data er datert 31.12 dersom ikkje annan dato er oppgitt.

Kommentarar til tabellen:

- Netto driftsutgifter til grunnskulen pr. innbyggjar 6-15 år er lågare i Hå enn i Klepp og Time. Dette skuldast mellom anna at fleire frå Hå går i private ungdomsskular. Om ein går ut frå at dei som ikkje går i den kommunale skulen hadde kosta det same som dei som går der, hadde utgiftene til Hå vore rundt 105 000 kroner, Klepp 105 000 kroner, Time 103 000 kroner og Rogaland 106 000 kroner.
- Lønsutgifter, utgifter til skulelokale og skuleskyss pr. elev er høgare i Hå enn i Time og Rogaland. Det skuldast mellom anna stadig høgare skyssutgifter.
- Talet på elevar som har rett til spesialundervisning går ned, frå 7,3%, til 6,6% frå 2016 til 2017. Det er ei svært gledeleg utvikling. Skulane og PPT har over tid arbeidd grundig for å få til ei best mogleg tilpassa undervisning for alle. Vi håper at denne utviklinga fortset. Behovet for spesialpedagogisk hjelp har likevel auka frå 5,5% til 6,6% i perioden frå 2013 til 2017. Fleksibilitet, organisering og den tilpassa opplæringa blir utfordra når større delar av ressursane og undervisninga blir bundne opp til enkeltelevar. Til samanlikning ligg Hå kommune på linje med Time og Klepp, og noko under Rogaland når det gjeld talet på elevar som får spesialundervisning.
- Ser ein på driftsutgifter til inventar, utstyr og undervisningsmateriell samla, nyttar Hå kommune noko mindre på desse postane enn nabokommunane. Hå nyttar 2 056 kr. per elev. Klepp 2 243 kr. per elev og Time nyttar 2 862 kr. per elev.
- Talet på kvalifiserte lærarar viser at kommunen held seg på om lag same nivå som i 2016, om lag 88%. Dette er høgare enn både Klepp og Time og om lag på same nivå som Rogaland totalt. Vi er godt nøgde med at målretta arbeid med rekruttering og kvalifisering ser ut til å gjere at vi har ei god lærardekning. Samtidig har vi utfordring med å rekruttere lærarar med kompetanse i enkelte fag. Den nasjonale satsinga «kompetanse for kvalitet» blir nytta til å kvalifisere lærarar i kjernefaga (norsk, engelsk og matematikk).

Driftsbudsjett skule

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|---------------------------------------|-----------|---------|----------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 1806 Tillitsvalde | 738 | 729 | 742 | 925 | 925 | 925 | 925 |
| 2020 Undervisning, ordinær | 145 616 | 155 658 | 154 124 | 155 302 | 160 143 | 162 543 | 164 943 |
| 2021 Spesialundervisning | 47 753 | 39 661 | 44 140 | 41 241 | 41 441 | 41 441 | 41 441 |
| 2024 Undervisning minoritetsspråklege | 4 507 | 4 046 | 4 083 | 3 965 | 3 965 | 3 965 | 3 965 |
| 2026 Administrasjon skulane | 17 759 | 16 296 | 16 510 | 17 781 | 17 781 | 17 781 | 17 781 |
| 2027 Kantine skulane | -138 | 161 | 170 | 68 | 68 | 68 | 68 |
| 2130 Vaksenopplæring | 828 | 800 | 800 | 840 | 840 | 840 | 840 |
| 2133 Opplæring innvandararar | -131 | - | 98 | 548 | 548 | 548 | 548 |
| 2136 Opplæring psykisk utvh. | 1 051 | 1 118 | 1 123 | 730 | 730 | 730 | 730 |
| 2150 Skulefritidstilbod | - | -9 | 54 | 0 | - | - | - |
| 2151 SFO -ekstra tilrettelegging | 3 519 | 4 519 | 4 546 | 3 797 | 3 797 | 3 797 | 3 797 |
| 2220 Lokaler til skuledrift | 3 644 | 3 325 | 3 325 | 3 725 | 3 725 | 3 725 | 3 725 |
| 2223 Vaktmeister og reinhald, skular | 705 | 281 | 269 | 339 | 339 | 339 | 339 |
| 2230 Skuleskyss | 3 667 | 5 050 | 5 050 | 5 050 | 5 050 | 5 050 | 5 050 |
| 2857 Tilskott til private skular | 150 | 150 | 150 | 0 | - | - | - |
| Sum utgifter | 291 685 | 271 898 | 289 421 | 284 719 | 284 843 | 287 243 | 289 643 |
| Sum inntekter | -65 842 | -43 719 | -57 831 | -50 405 | -49 555 | -49 555 | -49 555 |
| Netto drift | 225 843 | 228 179 | 231 590 | 234 314 | 235 288 | 237 688 | 240 088 |
| Årsverk | 328,8 | 336,8 | 336,8 | 337,3 | 341,3 | 344,8 | 348,3 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Kommunestyret vedtok å auke løyvinga til personalressursar skule med ein mill. kroner årleg og dette er tatt inn i tabellen over (teneste 2020).

Lærardekning

Elevtalet i Hå kommune er aukande. Etter framskrivingar per 01.01.2018, vil Hå kommune ha 2683 elevar i kommunal grunnskule i 2022, ei elevtalsauke på om lag 110 elevar frå 2018.

Forholdet mellom elevar og lærarårsverk utan kompensasjon for elevtalsauke:

| 01.jan Skuleåret | 2018 17/18 | 2019 18/19 | 2020 19/20 | 2021 20/21 | 2022 21/22 |
|------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Elevar i kommunal grunnskule | 2 572 | 2 629 | 2 640 | 2 658 | 2 683 |
| Lærarårsverk inkl. adm | 243,8 | 243,8 | 247,3 | 250,8 | 254,3 |
| Elevar pr. lærarårsverk | 10,5 | 10,8 | 10,7 | 10,6 | 10,6 |

*Elevtal 18-21 er prognosar pr 1.sep 2018

*Antar 230 elever fra Hå på priv skular

Tabellen viser korleis elevtalet pr. lærar vil utvikle seg utan opptrapping på 3,5 årsverk 2019. Vi ser at elevtalet vil auke med om lag 110 elevar frå 2018 til 2022. Utan ei opptrapping av lærarårsverk i 2019, ser vi at lærardekninga held seg om lag på nivå med året 2018.

I 2018 blei det innført ny lærarnorm for skulane i landet. Den viser at kommunen har noko høgare lærardekning enn kravet. Det er likevel usikkerheit lokalt. Av den grunn vil vi gå djupare inn i grunnlagstala i 2018, slik at vi sikrar korrekte tal. Vi ser at vi ligg an til å klare krava til lærardekning også om vi ikkje vidarefører opptrappinga på 3,5 årsverk i 2019

Talet på elevar med spesielle behov har vore aukande dei siste åra, sjølv om vi ser ein gledeleg nedgang i 2017. Auka bruk av spesialpedagogisk hjelp gjer lågare lærardekning. Hå kommune har organisert det slik at skulane ikkje blir kompensert når nye elevar får behov for spesialundervisning. Heile ramma er lagt ut, slik at lærarressursane blir brukt for å få til tilpassa undervisning. Behov for spes.ped-ressurs på den enkelte skule blir tatt frå denne totalramma.

Rådmannen føreslår å ta bort den faste årlege auken på 3,5 stillingar i skulane for 2019.

Refusjon ATO elevar.

(ATO: Alternativt tilpassa læringsarena.) Kommunen er i gang med eit prosjekt der vi ser på refusjonsordninga for ATO elevar. Denne elevgruppa har utfordringar som gjer at kommunen må gi helsehjelp, også i skuletida. Vi ynskjer i større grad å skilja skule og helsesrelaterte oppgåver når elevane er på skulen. Dette vil gi eit meir reelt tilbod og kostnadsbilete. Vi vil og kunna få rettare og større refusjonar frå staten om vi klarer å dele kostnadane meir korrekt mellom helse og opplæring. Brukarar med store hjelpebehov vil og kunna gis hjelp i høve helselovgivinga og ikkje berre etter opplæringslova. Vi har som mål at denne nye ordninga blir iverksett innan 1.1.2019. I budsjett 2019 legg vi opp til ei innsparing på 1 mill kroner innanfor dette området, i form av auka refusjonar frå staten.

Ny ressurstilodelingsmodell – skule.

Vi har sett ned ei gruppe som skal sjå på og kome med ein ny ressurstilodelingsmodell for skulane. Denne gruppa består av rektorar, tillitsvalte og administrasjonen. I dag får skulane overføring gjennom ei heimelsordning. I praksis er ordninga slik at rektorane rår over driftsbudsjettet og administrasjonen i kommunen betaler ut løn for stillingsheimlane som er i bruk. Målet med ny modell er at rektorane nå skal få ei tildeling som omfattar både løn og drift. Skulane vil då i større grad kunna prioritera ut frå egne behov. Den ordninga vi ser på er ikkje ulik Time, Gjesdal og Klepp sine tildelingsmodellar. Dette vil kunna gi fleksibilitet og moglegheit til noko innsparing utan at det går ut over lærarstillingar. Det er likevel slik at ein stor del av kommunen sine utgifter går til løn. Ei innsparing vil, naturleg nok, ha innverknad på stillingane ute i skulane.

I økonomiplanen forventar rådmannen ei innsparing på 1,75 mill. kroner i 2019 og vidare 2,5 mill. kroner årleg i påfølgande år.

Lærarnorm

Det blei innført ny nasjonal lærarnorm frå 01.08.2018. Frå hausten 2019 skal det være minimum ein lærar per 15 elevar på 1-4 trinn og minimum ein lærar per 20 elevar på 5-10 trinn. Utgangspunktet for utrekninga er GSI (Grunnskolen Informasjonssystem) rapportering frå 2014/2015, og kvart hovudtrinn (1-4, 5-7 og 8-10) blir sett på kvar for seg. Ut frå denne rapporteringa får kommunen tilført ekstra ressursar om det er skular/hovudtrinn med for låg lærardekning. Det vil seie at ein skule kan ha nok ressursar totalt sett, men for lite på 1-4 trinn. Då vil kommunen få tilført ekstra for det ein har for lite på 1-4 trinn. Hå kommune har enkeltskular med for låg dekning på enkelttrinn, men alle skulane har god nok lærardekning totalt sett. Ut frå rapporteringane vi gjer kvar haust blir det løyvd ekstra ressursar i 2018 og 2019 der lærardekninga ikkje held normtalet. Hå kommune vil ut frå dette få 2,8 mill. kroner i 2019.

Digitalisering

Hå kommune vedtok våren 2017 at alle elevane, i løpet av 2018, skal få kvar sin Chromebook. Chromebook er ein ny type datamaskin som er utvikla for å kunne gjere ting raskare og enklare. Chromebook-maskinar bruker eit operativsystem med lagring i nettskya. Prisen på Chromebook-maskinane er lågare enn for ein PC, og mesteparten av programvaren er gratis. I og med at maskinane ikkje har harddisk, er dei raskt klare til bruk når elevane slår dei på, noko som er viktig for å få til effektiv og god læring. Hovudmålet med fellesløysingane er å sikre gode moglegheiter for samarbeid og deling, samt god arbeidsflyt. Lærarane vil få gode verktøy for kartlegging og oppfølging av elevar og til å gjere læringa variert og meningsfull. Tilbakemeldingar er noko av det som gjer best effekt på elevane sin læring, og med desse nye fellesløysingane vil lærarane få særskilde gode verktøy for tilbakemelding og vurdering. Siste investering i denne runden vert gjort i januar 2019. Då vil vi kjøpe maskinar til lærarane og fylle på slik at det vert nok maskinar til alle elevar og lærarar.

Tiltak

For å sikre og halde fokus på auka læring og på eit betre skulemiljø foreslår rådmannen:

- Halde oppe innsatsen med å rekruttere og kvalifisere lærarar i 2019. Vi har om lag 10-12 lærarar som gjennom den nasjonale satsinga «kompetanse for kvalitet» kvalifiserer seg

til undervisning i kjernefaga norsk, engelsk og matematikk. I tillegg arbeider vi godt saman med Jærskulen for å synleggjere skulane og rekruttere nye lærarar.

- Auka innsats på motivasjon i skulen. Elevane i Hå kommune har over år meldt om for dårleg motivasjon for skule i elevundersøkinga. Dette er derfor hovudsatsinga dei nærmaste åra. Til dette arbeidet får vi støtte og hjelp frå UDIR (Utdanningsdirektoratet), gjennom rettleiarkorpset. Vi nyttar også *Kvalitetsplan for skulane i Hå*, samt *Kvalitet og utvikling i Jærskulen*, som reiskap for å betre resultat og læringsmiljø.
- Eit høgt trykk på pedagogisk bruk av IKT i undervisninga, gjennom satsinga på 1/1 løysing med Chromebook og Gsuite/Canvas. Våren 2019 vil vi være i mål med innkjøp til elevar og lærarar. Gjennom satsinga og felles opplæring av lærarane, meiner vi at elevar og lærarar får eit framifrå verktøy til framtidsretta undervisning og godt samarbeid.

Forslag til tiltak skule:

«Alle Med i Hå»:

Prosjektet «Alle Med i Hå» starta i august 2017. Kommunen har fått prosjektmidlar frå Bufdir og Kulturdepartementet til å drifte denne stillinga i 50% for to skuleår. Rådmannen ønskjer å gjere stillinga fast og auke stillinga til 100% frå hausten 2019. Dette vil innebære ei auka utgift på 270 000 kroner for 2019, deretter ei årleg auke på 650 000 kroner resten av økonomiplanperioden.

Forslag til innsparingstiltak/auka inntekter skule:

Ikkje auke med 3,5 lærarstillingar

Auke med 3,5 lærarstillingar i 2019 blir tatt bort. Vi ser at vi ligg an til å klare krava til lærardekning også om vi ikkje vidarefører opptappinga på 3,5 årsverk i 2019. Lærarnormen gjer oss opning for å ta denne opptappinga bort i 2019. Innsparing: 2,4 mill. kroner i 2019.

Ny ressurstilodelingsmodell skule

Ved å sjå på ny tildelingsmåte vil skulane få større fleksibilitet i bruk av ressursar. Kvar skule vil kunne prioritere der det er mest behov. Dette gjer opning for innsparing på 1,75 mill. kroner i 2019.

Ny modell for refusjon av kostnader for ATO-elevar

Tilbodet til den enkelte elev vil være like godt, men vi meiner vi kan fordele kostnadane meir korrekt mellom helse og opplæring. Dette gjer rett til auka refusjonar frå staten på om lag 1 mill. kroner i 2019.

Ta bort støtte til Tryggheim private skular

Kommunen har dei siste åra gitt eit ekstra tilskot til Tryggheim skular, 150 000 kroner i 2018. Dette er støtte som rådmannen ikkje ser at det er rom for i budsjett for 2019.

Tildeling lærarnorm

Ekstra tildeling på 2,8 mill. kroner frå UDIR for ny lærarnorm i 2019.

Kultur

Mål

- Ta vare på, dokumentere og formidle kulturarven, sentrale fysiske kulturminne og verdifulle kulturhistoriske landskapsområde.
- Barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår i trygge og stimulerende nærmiljø.
- Eldre skal ha ein trygg og meningsfull livssituasjon der gode møteplassar, kultur- og fritidsaktivitetar er ein del av kvardagen.
- Alle, uavhengig av funksjonsnivå eller sosial og økonomisk stilling i samfunnet, skal kunne ta del i organisasjonsliv, ulike aktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk i eige nærmiljø.

Kultur og fritidsaktivitetar har ei sentral rolle i å skape gode oppvekstvilkår og for personleg vekst og læring. Gode fritidsaktivitetar har også ei sentral rolle i rus- og kriminalitetsførebygging blant barn og unge. Samarbeid og samordning av tilbod i lag og organisasjonar, kommunale fritidstilbod, kulturskule og grunnskule er viktig.

Det er høgt tal på ulike arrangement i kommunen, i regi av organisasjonar og dei kommunale avdelingane. Dette gjer innbyggjarane mange val, både når det gjeld musikk, litteratur, føredrag, kunst og lokalhistorie.

Idrettslaga i Hå sine nær 7700 medlemmar får eit variert tilbod gjennom mange veldrivne private anlegg i kommunen. Hå kommune gjer tilskot til investering på 33% av godkjent kostnadsoverslag til anlegg som kan få spelemidlar og 50% investeringstilskot til andre anlegg.

Innan idretten er ein no inne i ei fase der rehabilitering og standardauke av eksisterande anlegg vil være meir sentralt enn satsing på nye anlegg. Dei siste åra er det av den grunn overført midlar frå investering til andre føremål innan idrett. I forslag til økonomiplan foreslår rådmannen å redusere tilskot til investering idrett med 300 000 kroner i forhold til føregående år. Reduksjonen er gjort på tilskot til investering i nye anlegg, spesifisert under i vedlagt tabell.

I kommunen er det også mange kulturbygg eigd og drive av frivillige lag og organisasjonar, som gjer lokalar for meir enn 70 barne- og ungdomsforeiningar, med nær 3 000 medlemmar under 20 år. I tillegg kjem aktivitetar for vaksne. I forslag til økonomiplan er tilskot til drift av private kulturbygg redusert med 200 000 kroner i forhold til føregående år.

Fritidsavdelinga

Fritidsavdelinga skal stimulere barn, ungdom, eldre og funksjonshemma til allsidige kulturelle aktivitetar. Særleg skal ein oppsøke ungdom i miljø der dei er og forsøke å rekruttere dei inn i positive aktivitetar.

Dei kommunale klubbane skal tene mange funksjonar: Klubbane er styrte av ungdommen sjølv og har medverknad og demokrati som vesentlige føresetnader. I klubben finst ikkje eit A- eller B-lag, og ungdommen er i ei trygg ramme med støtte frå vaksne. Klubben som rusfri arena har også ein viktig funksjon. Klubben er også ein viktig nøkkel til integrering av ungdom med ulik etnisk og kulturell bakgrunn.

Fritidsklubbane i Loen og Lensmannsløa har eit jamt høgt besøk på 40 i snitt. Enkelte kveldar kjem det opp mot 70 ungdommar. Det er ei stor utfordring for klubbleiar å ta hand om desse på ein forsvarleg måte, særleg med tanke på psykisk helse. Vi har hatt god erfaring med lærlingar og vil prøve å få dette til vidare. Likevel kan ein ikkje basere eit så viktig arbeid på lærlingar, då denne faktoren er for usikker, av ulike grunnar.

Det er også viktig å få med unge med nedsett funksjonsevne i fritidsaktivitetar. Manglande inkludering i barneåra blir vurdert som ein medverkande grunn til at menneske fell utanfor sosialt fellesskap og arbeidsliv i vaksen alder.

Driftsbudsjett fritidsavdelinga

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|---------------------------------------|-----------|--------|-------------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 (*) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2310 Fritidsklubb | 1 640 | 1 679 | 1 694 | 1 711 | 1 711 | 1 711 | 1 711 |
| 2312 Ungdomsråd | 146 | 125 | 125 | 132 | 132 | 132 | 132 |
| 2315 Skulemusikkorps | 837 | 1 035 | 1 044 | 1 148 | 1 148 | 1 148 | 1 148 |
| 2319 Andre aktivitetstilbod barn/unge | 1 637 | 1 971 | 1 983 | 2 001 | 2 001 | 2 001 | 2 001 |
| 2343 Aktivitetstilbod funksjonshemma | 975 | 996 | 1 003 | 1 019 | 1 019 | 1 019 | 1 019 |
| 2346 Velferdstiltak eldre | 298 | 340 | 340 | 342 | 342 | 342 | 342 |
| 2348 Frivillighetssentral | 688 | 542 | 548 | 0 | - | - | - |
| 3835 Kulturskule | 6 015 | 6 089 | 6 160 | 6 135 | 6 135 | 6 135 | 6 135 |
| Sum utgifter | 14 627 | 14 942 | 15 062 | 14 200 | 14 200 | 14 200 | 14 200 |
| Sum inntekter | -2 390 | -2 165 | -2 165 | -1 712 | -1 712 | -1 712 | -1 712 |
| Netto drift | 12 237 | 12 777 | 12 897 | 12 488 | 12 488 | 12 488 | 12 488 |
| Årsverk | 17,2 | 17,2 | 17,2 | 16,2 | 16,2 | 16,2 | 16,2 |

*) med godkjente endringar per 31.10.2018

I samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren skal det utviklast gode kultur- og fritidstiltak for å betre opplevd livskvalitet og helse hos eldre. Hå kommune har fått årleg statsstøtte til Den kulturelle spaserstokken. I starten var statsstøtta til Spaserstokken 170.000 kroner årleg. Frå og med 2017 er støtta halvert. Vi held oppe eit akseptabelt tilbod gjennom bruk av eigne krefter.

Ved aktivitetar i Hå kulturskule opplever barn musikk- og skaparglede og lærer samhandling på ulike nivå. Kulturskulen har dei siste åra styrka gruppefaga. Delvis grunna etterspurnad, men også for å klare inntektskrav i høve elevpengar. Kulturskulen har dei siste åra hatt god utvikling ved å satse på større produksjonar som musikal og opera. Som del av innsparingar i 2017-budsjettet har kulturskulen redusert med 45% stilling skuleåret 2017/2018 og 30% reduksjon skuleåret 2018/2019. Dette betyr også reduserte elevinntekter på kr. 50 000 for eit skuleår.

Per september 2018 er det 485 elevplassar i aktivitet og 220 på venteliste.

Gjennom Innbyggjarrådet kjem det gode innspel til kommunen sin eldrepolitikk, i tillegg til at menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom også får uttale seg her.

Tiltak

- Koordinering av ungdomsarbeid gjennom rus- og kriminalitetsførebygging.

- Vidareføre Opplevelseskortet, eit samarbeid med Nav, retta mot barn i familiar med dårleg råd. Kortet gjer gratis inngang til eit visst tal kulturarrangement eller besøk i kulturanlegg.
- Støtte til lag og organisasjonar for å dekke meirutgifter i samband med integrering av menneske med nedsett funksjonsevne.
- 10 større arrangement for ungdom.
- Fokus på psykisk helse i tverrfagleg ungdomsteam.
- Vidareutvikle ungdomsklubbane i Lensmannsløa og Loen og vidareføre arbeidet med UKM, ein arena der ungdom får opptre og syne fram talent i profesjonelle rammer.
- Grunna innstrammingar i budsjettet held ikkje Swing-meisterskap fram.
- Sykkeldag og andre natur-/kulturturar i samarbeid med Folkehelsa i Hå, Hå gamle prestegard, Vitengarden og idrettslaga.
- Satsing på fritidsaktivitetar for barn og unge som treng særleg støtte, A-laget 5. -8. trinn, Vennegruppe 9. trinn – 18 år. Ferieklubb for 1. – 7. trinn i samarbeid med Jærmuseet.
- Halde fram arbeidet med større fellesproduksjonar som opera og musikal i kulturskulen. I 2019 blir musikalen «High School Musical» sett opp.
- Halde fram med «Kulturscena i Hå», eit kulturprogram med ulike uttrykk for alle aldrar, «Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken».
- Samarbeide med Ognå Gje Jazz – Festival, med særleg vekt på lokale krefter og barn.
- Ei årleg veke for gjensidig respekt i samband med FN sin minnedag for Holocaust-ofra. I 2019 planlegg vi mellom anna ved å legge ned snublestein ved Ognå skule/Ognå bibliotek til minne om jøden Ludvig Melzer, i samarbeid med Hå historielag og Jødisk museum.
- Legge til rette for frivillige og kommunale møteplassar for eldre og tilby kulturtiltak for dei som ikkje bur heime.
- Satse på «Spisevenner» - ein sunn og sosial arena for eldre heimebuande.

Biblioteka

Hå folkebibliotek har ein desentralisert struktur, med eit hovudbibliotek på Nærbø og kombinasjonsbibliotek på Varhaug, Vigrestad og Ognå. Filialen på Vigrestad er for tida stengd grunna oppussing, men skal flytte inn i Meieriinternatet. Grunna innstrammingar i budsjettet vart filialen på Høyland lagt ned, men held fram som skulebibliotek. I tillegg driv kommunen fengselsbiblioteket på Åna.

I 2017 hadde biblioteka eit utlån (alle media) på 8,1 pr. innbyggjar og kvar Hå-bu besøkte i gjennomsnitt biblioteket 6,2 gonger dette året. Det er over landsgjennomsnittet, men ein nedgang frå året før. Utlånet gjekk ned med 6,5% og besøket sank med 12,8%. Nedgangen skuldast at vi har hatt midlertidig stengt på Vigrestad og at opningstidene har blitt redusert.

Det er eit gode for publikum å ha nær tilgang til biblioteket, men det er ei utfordring å ha nok ressursar til å halde fram med tidlegare opningstider. Grunna innstrammingar vart opningstidene i 2017 redusert ved alle biblioteka. Dette vart gjort etter ei vurdering av besøk, dag og tid.

Frå 2017 er det 0,55 årsverk mindre enn tidlegare år. Dette blir for tida kompensert ved at Vigrestad er stengd og ressursen derfrå blir fordelt på Varhaug og Nærbø. Hovudbiblioteket er eit ressurscenter for avdelingane og skulebiblioteka i kommunen. Der er derfor viktig at personalet der har tid til å utføre «usynlege» oppgåver som innkjøp, registrering, fjernlån etc.

Tendensen i bibliotek elles i landet er at biblioteka aukar opningstidene ved hjelp av «meiroke». Meiroke bibliotek er ei ordning der lånar inngår ein skriftleg avtale med biblioteket om bruk av lokalet og deler av tenestene utanom bemanna opningstid. Det vanlege er at biblioteket då er tilgjengeleg frå 07.00 – 23.00. Vi har fått Biblioteksentralen til å berekne kostnad med å innføre «meiroke» i Hå. Dei har kome til at for hovudbiblioteket på Nærbø må ein berekne om lag kr 800.000 og for ein filial kr 650.000 i investeringar. Rådmannen har ikkje funne rom for slike investeringar i budsjettforslaget for 2019.

Mediebudsjetten har dei siste åra stort sett vore uendra, medan prisane stig. Derfor har innkjøp av aviser og tidsskrift gått litt ned. E-bøker er ein relativt ny utgiftspost på mediebudsjettet. Vi ser at E-bøker ikkje erstattar papirbøker enno, men det kan kome.

Den nye biblioteklova seier at biblioteket skal drive aktiv formidling og være ein stad for samtale og debatt. Vi har søkt midlar frå Fritt Ord, Nasjonalbiblioteket og Fylkesbiblioteket til prosjekt som «Køyr debatt», «500 arrangement i 500 bibliotek» og «Makerspace/Folkeverkstad». Dette har ført til at aktivitetsnivået i biblioteket har auka mykje dei siste åra, i tråd med den nasjonale bibliotekstrategien.

Det er eit godt samarbeid mellom folkebibliotek og skulebibliotek i kommunen. Vi har felles innkjøpsordning, forfattarbesøk og lesestimuleringsprosjektet «Lesespirå».

Driftsbudsjett biblioteka

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|--------|----------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2028 Skulebibliotek | 3 211 | 3 521 | 3 546 | 3 478 | 3 478 | 3 478 | 3 478 |
| 3700 Biblioteka | 4 952 | 5 363 | 5 415 | 5 358 | 5 508 | 5 508 | 5 508 |
| 3705 Bibliotek Åna kretsfengsel | -1 | -17 | -12 | 0 | - | - | - |
| Sum utgifter | 9 799 | 9 950 | 10 032 | 9 953 | 10 103 | 10 103 | 10 103 |
| Sum inntekter | -1 637 | -1 083 | -1 083 | -1 117 | -1 117 | -1 117 | -1 117 |
| Netto drift | 8 162 | 8 867 | 8 949 | 8 836 | 8 986 | 8 986 | 8 986 |
| Årsverk | 13,1 | 13,1 | 13,1 | 13,1 | 13,1 | 13,1 | 13,1 |

*) med godkjente endringar per 31.10.2018

Tiltak

- Lesestimuleringstiltak, mellom anna «På terskelen til Morgonhuset», «Lesespirå» og eit godt skulebibliotektilbod.
- 2019 er det Det nasjonale bokåret. Hå folkebibliotek skal være med og markere dette. Vi har søkt midlar til ulike typar formidling som barnebokbad, forfattarsamtalar, Mellomklubben, Nysgjerrigtimen og barneteater.
- Sommaren 2018 gjennomførte biblioteket lesekampanjen «Sommarles». Om lag 60% av alle skulebarn i Hå var med. Dette held vi fram med også i 2019.
- Utvikle Litlaståvå: Foredrag, debatt og informasjon, i tråd med ny lov om folkebibliotek.

Kommunale kulturbygg

Aktiviteten ved Hå gamle prestegard og Obrestad fyr er ein positiv ressurs for Hå kommune sine innbyggjarar og god omdømebygging. Arbeidet ved anlegga inneber aktiv formidling av kunst, lokalhistorie og kystkultur, samt ivaretaking av freda og verna anlegg i kommunen. I

2019 vil om lag 5 mill. kroner av eit totalbudsjett på om lag 7 mill. kroner være egne inntekter.

I 2018 var det 35 år sidan Hå gamle prestegard vart opna for publikum. Særleg godt motteke har dei eigenproduserte lokalhistoriske utstillingane vore. Det er også dei som kostar mest. Grunna eit strammare budsjett dei siste åra har den tekniske kvaliteten på desse gått ned, sjølv om vi innhaldsmessig prøver å halde nivået oppe. Vi søker ofte eksterne midlar til dei eigenproduserte utstillingane, men det varierer om vi får tilsegn. Driftsbudsjettet kunne trenge eit løft på denne sida, men rådmannen har ikkje funne rom for dette. Vi tar nå 40% i provisjon av kunstsalet for å styrke inntektssida. Inntekter for utleige av Obrestad fyr, om lag kr 300.000 pr. år, går med til ordinært vedlikehald og faste utgifter ved anlegget. Det er vedtatt plan for vedlikehald av sjølve bygningane på prestegarden og fyret. Grunna klimaet ved kysten er vedlikehaldet svært utfordrande og vedlikehaldet må halde fram.

Driftsbudsjett museum/bygg

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|------------------------------------|-----------|--------|----------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 3352 Nærbøparken | 24 | 23 | 23 | 23 | 43 | 43 | 43 |
| 3750 Jærmuseet | 293 | 940 | 940 | 990 | 1 010 | 1 035 | 1 055 |
| 3752 Hå bygdemuseum | 887 | 740 | 740 | 865 | 865 | 865 | 865 |
| 3771 Hå gamle prestegard | 1 641 | 1 847 | 1 940 | 1 979 | 1 979 | 1 979 | 1 979 |
| 3850 Kulturvern | 2 132 | 2 087 | 2 046 | 2 081 | 2 081 | 2 081 | 2 081 |
| 3855 Samfunnshus/kulturanlegg | 1 678 | 1 778 | 1 778 | 1 778 | 1 778 | 1 778 | 1 778 |
| 3859 Anna kulturaktivitet | 2 050 | 1 658 | 1 671 | 1 981 | 1 981 | 1 981 | 1 981 |
| 3860-61 Vaktm/reinhald, kulturbygg | 54 | 2 249 | 2 135 | 2 358 | 2 358 | 2 358 | 2 358 |
| Sum utgifter | 16 527 | 14 728 | 14 993 | 18 875 | 18 225 | 18 250 | 18 270 |
| Sum inntekter | -7 822 | -5 655 | -5 855 | -5 920 | -5 810 | -5 810 | -5 810 |
| Netto drift | 8 705 | 9 073 | 9 138 | 12 955 | 12 305 | 12 330 | 12 350 |
| Årsverk | 12,1 | 12,1 | 12,6 | 15,2 | 15,2 | 15,2 | 15,2 |

*) med godkjente endringar per 31.10.2018

Tiltak

- Fortsatt vedlikehald og oppussing av bygningar med stor kulturhistorisk verdi.
- 14 eigenproduserte prosjekt, kunst- og lokalhistoriske utstillingar og ei eigenprodusert utstilling i 2019 om døden – Minner, sorg og endringar i samfunnet i høve dette temaet.
- Familiearrangement til jul og påske, haustmarknad, onsdagsforedrag og konsertar.
- Vidareutvikle det interkommunale firsamarbeidet «On the Edge» og «På terskelen til Morgonhuset» som er ei rekke arrangement der vi tek i bruk fleire kulturbygg i kommunen, i tillegg til landskapet.

Kommunestyret vedtok å auke løyvinga til drift av kulturbygg med 0,2 mill. kroner årleg og dette er tatt inn i tabellen over.

Samfunnshus/kulturbygg, anna kulturaktivitet

Hå kommune har mange vel drivne private kulturbygg. For å halde oppe bygningsmessig standard, og stimulere til dugnadsarbeid i eigarorganisasjonane, er det naudsynt med store tilskot frå stat og kommune. Prioriteringar for privateigde hus er sett opp i samarbeid med Kontaktutvalet for bygg og anlegg.

Tilskota frå kommunen blir fordelt på denne måten:

| Tilskot til kulturbygg | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Drift av anlegg * | 528 000 | 528 000 | 328 000 | 328 000 | 328 000 | 328 000 |
| Investering | 700 000 | 800 000 | 800 000 | 800 000 | 800 000 | 800 000 |
| Utstyr | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Vedlikehald | 350 000 | 350 000 | 350 000 | 350 000 | 350 000 | 350 000 |
| Sum | 1 678 000 | 1 778 000 | 1 578 000 | 1 578 000 | 1 578 000 | 1 578 000 |

Driftsbudsjett friluftsliv og idrett

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|---------|--------|-------------|--------|--------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 3600 Friluftsliv | 415 | 412 | 416 | 416 | 416 | 416 | 416 |
| 3800 Idrett | 9 648 | 10 347 | 10 353 | 10 183 | 10 283 | 10 283 | 10 283 |
| Sum utgifter | 13 082 | 10 774 | 15 284 | 10 619 | 10 719 | 10 719 | 10 719 |
| Sum inntekter | -3 019 | -15 | -4 515 | -20 | -20 | -20 | -20 |
| Netto drift | 10 063 | 10 759 | 10 769 | 10 599 | 10 699 | 10 699 | 10 699 |
| Årsverk | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |

*) med godkjente endringar per 31.10.2018

Prioriteringar over investering og drift til idrettslag og idrettsanlegg er sett opp i samsvar med tilråding frå idrettsrådet. I tilrådinga frå idrettsrådet er det lagt vekt på eit breitt tilbod om fysisk aktivitet til alle og at særleg barn og ungdom, uavhengig av funksjonsnivå, skal stimulerast til fysisk aktivitet i sitt lokalmiljø.

Tilskot til idrettslag og idrettsanlegg

| Tilskot idrettslag/anlegg | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Drift av lag | 1 550 000 | 1 550 000 | 1 550 000 | 1 550 000 | 1 550 000 | 1 550 000 |
| Drift av anlegg* | 820 000 | 1 420 000 | 1 520 000 | 1 520 000 | 1 520 000 | 1 520 000 |
| Drift 7 hallar | 1 750 000 | 1 750 000 | 1 750 000 | 1 750 000 | 1 750 000 | 1 750 000 |
| Investering | 3 300 000 | 3 500 000 | 3 200 000 | 3 200 000 | 3 200 000 | 3 200 000 |
| Utstyr | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Dagleg leiar | 700 500 | 700 500 | 700 500 | 700 500 | 700 500 | 700 500 |
| Vedlikehald | 180 000 | 180 000 | 180 000 | 180 000 | 180 000 | 180 000 |
| Kjøp fellesutstyr | 60 000 | 60 000 | 60 000 | 60 000 | 60 000 | 60 000 |
| Større kulturarr. | 80 000 | 80 000 | 80 000 | 80 000 | 80 000 | 80 000 |
| Rentestøtte | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| SUM | 8 840 500 | 9 640 500 | 9 440 500 | 9 440 500 | 9 440 500 | 9 440 500 |

Forslag til innsparingstiltak i kultur:

Mindre støtte drift kulturbygg

I forslag til økonomiplan foreslår rådmannen å redusere tilskot til drift av private kulturbygg med 200 000 kroner pr. år i heile økonomiplanperioden.

Mindre støtte til investering idrett

I forslag til økonomiplan foreslår rådmannen å redusere tilskot til investering idrett med 300 000 kroner pr. år i heile økonomiplanperioden. Reduksjonen blir gjort på tilskot til investering i nye anlegg.

Drift bibliotek Vigrestad

Meieriinternatet på Vigrestad er ikkje klart for innflytting etter oppgraderingar. Bibliotekfilialen kan derfor ikkje opnast før tidlegast ved utgangen av 2019. Dette vil gje ei innsparing på om lag 150 000 kroner i 2019.

Investeringar i opplæring og kultur

Tenesteområde for opplæring og kultur har ansvar for 23 prosent av dei totale investeringane i denne økonomiplanen. Investeringar som IT-avdelinga har ansvar for kommer i tillegg.

Investeringar i planperioden

| Investering 1000 kroner | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------------------------------|-------|--------|--------|--------|--------|
| Barnehage Brusand | 2 000 | - | 10 000 | 21 000 | 11 000 |
| Uteområde barnehage | 600 | 600 | 600 | 600 | 600 |
| Rehabilitering/opprusting barnehage | - | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Rehabilitering/opprusting skule | 4 500 | 4 500 | 4 500 | 4 500 | 4 500 |
| Inventar/uteområde skule | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 |
| Varhaug skule | - | 42 000 | 43 600 | - | - |
| Stokkalandsmarka skule | - | - | - | 2 000 | - |
| Hå Gamle Prestegard (HGP) + nye løa | 200 | 450 | 3 200 | 200 | 200 |
| Kulturvern | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 |
| Opplæring og kultur | 8 800 | 50 050 | 64 400 | 30 800 | 18 800 |

Prosjekt som er overlevert i 2018 er tatt ut av oversikten.

1. Brusand barnehage

I økonomiplan for 2018-2021 er det sett av totalt 44 mill kroner til ny barnehage på Brusand. Kommunestyret vedtok i sak 096/17 å utsette ferdigstilling av barnehagen til 2021.

Rådmannen arbeider med å realisere ny barnehage på Brusand.

Tomta på Brusand er krevjande. Dette er knytt til grunnforhold, nærleik til jernbanen og rekkefølgekrev. Reguleringsplan for området har nyleg vore ute på høyring og det er kome innsigelsar frå Bane Nor og Fylkesmannen. Det er førebels uklart korleis dette vil påverke den planlagde framdrifta. På bakgrunn av dette føreslår rådmannen å skyve prosjektet eit halvt år ut i tid med ferdigstilling i 2022. Rådmannen foreslår derfor å flytte 11 mill. kroner i investeringsbudsjettet for 2020 til 2022, totale investeringar er uendra på 44 mill. kroner.

Ein 6 avdelings barnehage på Brusand vil ha plass til mellom 80 og 90 barn. I Askeladden barnehage går det i dag om lag 40 barn. Ved å bygge ein 6 avdelings barnehage på Brusand ønskjer rådmannen å utsette investering til ny barnehage i Stokkalandsmarka og gjere ei ny vurdering av denne ved neste rullering av barnehagebruksplanen, i 2020.

Rådmannen tilrår vidare at tomte der Askeladden barnehage er i dag blir lagt ut for sal når ny barnehage for Brusand står klar.

2. Varhaug skule

Kommunestyret vedtok i juni i sak 045/18, skisseprosjekt for Varhaug barneskule. Arbeid med forprosjekt har pågått sidan, og i forslag til økonomiplan for 2019 – 2022 legg rådmannen til grunn at Varhaug barneskule blir utvida til en kapasitet på 550 elever i tråd med KS vedtak 18.10.18, sak 062/18.

3. Skule i Stokkalandsmarka

Ut frå prognosane i skulebruksplanen 2019-2022 vil det bli behov for ei auke i kapasiteten i Vigrestad/Stokkalandsmarka om nokre år. Det blei derfor vedteke å ta inn i gjeldande økonomiplan midlar til prosjektering av ein 1-7 skule i Stokkalandsmarka. I gjeldande økonomiplan blei det også vedteke at etter at skulen i Stokkalandsmarka er bygd, skal Vigrestad skule bli 1-7 skule og Vigrestad storskule bli 8-10 skule. På grunn av kapasitet på Vigrestad storskule bør dette bli grundig belyst når skulebruksplanen blir revidert hausten 2020.

Rådmannen rår til å flytte planleggingsmidlar på 2 mill. kroner i investeringsbudsjettet til 2022. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret.**

4. Midlar til investeringstiltak i barnehagane

Barnehagesektoren fekk i førre barnehagebruksplan ei løyving på 5 mill. kroner over to år til å betre den bygningsmessige tilstanden på fleire barnehagar. Det pågår eit strukturert og målretta vedlikehaldsarbeid av barnehagebygg. For å kunne vidareføre oppgraderingar og vedlikehald er det naudsynt med midlar til gjennomføring. Vidare trengst det midlar til lyddepning og til å auke tryggleiken i barnehagane i forhold til innsyn gjennom dører og vindauge.

Rådmannen tilrår å sette av ein årleg pott på 1 mill. kroner til dette arbeidet gjennom heile økonomiplanperioden.

5. Uteområde i barnehagane

Det er årleg sett av 600.000 kroner til uteområda i barnehagane. Desse midla blir fordelt i høve til forfalt vedlikehald registrert i IK bygg. Dette er kostnader for å utbetre registrerte feil og manglar, ikkje til fornying av uteområda eller innkjøp av leikeutstyr.

Rådmannen tilrår at det fortsatt blir sett av 600.000 kroner til uteområde barnehagar årleg i heile økonomiplanperioden.

6. Vedlikehaldsplan for skulane

Hå kommune nyttar systemet IK bygg for å kartlegga tilstanden til kommunen sin bygningsmasse. Basert på dette systemet blir det utarbeida vedlikehaldsrapportar og forventade kostnader med å få dette utført. Rådmannen legg årlig fram ei sak for kommunestyret med vedlikehaldsbehov og ei prioritert liste som tek omsyn til inneklimate, fuktproblem, branntekniske omsyn og universell utforming. Årets sak om vedlikehald synar at det for skulane er eit vedlikehaldsetterslep på 21,7 mill. kroner. Inkludert i denne summen ligg Varhaug skule inne med noko over 3,1 mill. kroner. Det er spesielt Nærbø ungdomskule og Vigrestad skule som skil seg ut negativt her.

I året som ligg bak oss er det blitt utført vedlikehald og oppgraderingar ved fleira av skulane på totalt 5 mill. kroner. Det er lagt planar for å rette opp en del av etterslepet ved Vigrestad skule med midler frå budsjettet 2018.

Prioritert liste for 2019 er retta inn mot å forhindra vanninntrenging frå tak og vegger, samt forbetring av innemiljøet for elevar og tilsette. Dette gjeld Høyland skule, Vigrestad storskule, Motland skule og Nærbø ungdomsskule.

Rådmannen har varsla at det er behov for opprusting av symjehallen på Nærbø, og Cowi som har vore engasjert har lagt fram rapport som syner tilstanden til hallen. Symjehallen på Nærbø er fortsatt i forsvarlig tilstand og rådmannen vil ikkje anbefale større reovering no, men vil overvake den tekniske tilstanden fortløpande. Kostnader ved ein full utskifting av avfuktings- og ventilasjonsanlegg vil ligge i størrelsesorden 2 mill. kroner. Det er ikkje avsett egne midlar til dette.

Rådmannen tilrår å oppretthalde 4,5 mill. kroner til investeringstiltak og 1,4 mill. kroner til investering i uteområda kvart år i økonomiplanperioden.

7. Isolering av nye løa på Hå gamle prestegard

Loftsetasjen på løa frå 1927 er i bruk bare halve året pga. kulde og fukt. Varmetapet er stort for bygningen totalt sett. I hovudetasjen er det aktivitet og arbeidsplassar/kontor heile året, slik at bygningen ikkje kan stengast av sesongvis. Lokalet i 2. etasje er godt eigna til utstillingar, arrangement, klasserom for «Den kulturelle skulesekken» og til utleige. Utvendig isolering er den beste løysinga. Tømmerarbeid, nytt golv, el-anlegg og enøk-tiltak vil ligge på om lag 3 mill. kroner. Vi kan truleg få 1 mill. kroner i eksterne tilskot til arbeidet, men vedtak om kommunal finansiering må komme først for å utløyse slike tilskot.

Rådmannen tilrår å sette av 3 mill. kroner til dette i investeringsbudsjettet for 2020.

Vedlegg – opplæring og kultur - rådmannen sitt forslag

Naudsynte endringer i økonomiplanen 2019-2022

| Teneste | Tiltak 1000 kroner | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------|---|-------|-------|-------|-------|
| 2010 | Auka barnehageplassar | 3 500 | 5 000 | 6 500 | 6 500 |
| 2020 | "Alle med i Hå" 100%, frå aug 2019 | 270 | 650 | 650 | 650 |
| 3750 | Auka støtte Jærmuseet | 50 | 70 | 95 | 115 |
| | Netto endring frå økonomiplan 2018-2021 | 3 820 | 5 720 | 7 245 | 7 265 |
| | SUM auka årsverk | 0,50 | 1,00 | 1,00 | 1,00 |

Innsparingstiltak

| Teneste | Tiltak 1000 kroner | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------|--|---------|--------|--------|--------|
| | Skule: | | | | |
| 2021 | ATO ved Bø skule, auka inntekt | -1 000 | -1 500 | -1 500 | -1 500 |
| 2020 | Lagleiartillegg Varhaug u.skule | -55 | -55 | -55 | -55 |
| 2020 | Ikkje auke med 3,5 årsverk lærarar i 2019 | -2 400 | -2 400 | -2 400 | -2 400 |
| 2020 | Ny ressurstilleggsmodell skule | -1 750 | -2 500 | -2 500 | -2 500 |
| 2020 | Auka overføring pga lærarnorm | -2 800 | | - | - |
| | SUM Innsparing skule | -8 005 | -6 455 | -6 455 | -6 455 |
| | Reduserte årsverk skule: | -3,5 | -3,5 | -3,5 | -3,5 |
| | Barnehage: | | | | |
| 2010 | Mindre kontantstøtte | -600 | | - | - |
| 2010 | Sekretærstilling 70% | -400 | -400 | -400 | -400 |
| | Sum innsparing barnehage: | -1 000 | -400 | -400 | -400 |
| | Reduserte årsverk barnehage: | -0,7 | -0,7 | -0,7 | -0,7 |
| | Administrasjon | | | | |
| | Innsparing konsulent adm | -600 | -600 | -600 | -600 |
| | Annonseutg / kurs / adm | -400 | -400 | -400 | -400 |
| | Ingen støtte til Tryggheim skular | -150 | -150 | -150 | -150 |
| | Sum innsparing administrasjon: | -1 150 | -1 150 | -1 150 | -1 150 |
| | Redusert årsverk administrasjon | -1 | -1 | -1 | -1 |
| | Kultur: | | | | |
| | Bibliotekfilial Vigrestad ikke klar | -150 | | - | - |
| | Mindre støtte drift kulturbygg | -200 | -200 | -200 | -200 |
| | Mindre støtte investering idrett | -300 | -300 | -300 | -300 |
| | Sum innsparing kultur | -650 | -500 | -500 | -500 |
| | Redusert årsverk Kultur | -1 | -1 | -1 | -1 |
| | Sum total innsparing i opplæring og kultur | -10 805 | -8 505 | -8 505 | -8 505 |
| | SUM auke og innsparing | -6 985 | -2 785 | -1 260 | -1 240 |
| | Totale endringer årsverk | -5,70 | -5,20 | -5,20 | -5,20 |



Helse- og sosialsaker

Budsjettet for 2019 er prega av at behovet for helse og omsorgstenester aukar meir enn inntektene. Då talet på nye flyktingar går ned og inntekta blir redusert fortare enn kostnadane, foreslår rådmannen å nytta noko av flyktingefondet dei neste åra.

Mål og strategiar frå kommuneplanen

Eit av kommunen sine hovudmål er å sikre dei eldre ein trygg livssituasjon. Dei eldre skal oppleve mening, og vere ein ressurs i nærmiljøet saman med familien sin.

Eit anna hovudmål er å sikre eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov. Dette hovudmålet har som delmål å sikre best mogleg integrering i lokalsamfunnet, og å gje heilskaplege og koordinerte tilbod til brukarar med samansette behov.

Drift

Dei viktigaste utfordringane i komande periode

Økonomiplanen inneheld føresetnad om å ikkje auka talet på sjukeheimplassar dei neste fire åra. Det betyr at halve 2. etasje som var tenkt nytta til ein auke i korttidsplassar ikkje blir tatt i bruk. Det er to smitterom i kvar av dei to nye etasjane. Rådmannen foreslår å halde desse i beredskap i staden for å nytta dei til langtids plassar.

Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret og kostnadar på 3,5 mill. kroner i 2019 og 7 mill. kroner dei etterfølgande åra er lagt til.

I 2017 vart det tre færre vertskommunebebuarar. Helsedirektoratet har ført tilbake trekket etter omlegginga av vertskommunetilskotet, noko som førte til at Hå kommune fekk tilført 3 millionar kroner meir i 2018. Dette og lågare prognose i fråfall fører til eit lågare nedtrekk i økonomiplanen.

Veksten innan tenestebehovet for gruppa psykisk utviklingshemma er så stor at vi treng hjelp utanfrå for å finne nye metodar og idear i tenesteleveringa. Norsk Forskningsråd har gitt støtte til ein offentleg Phd (doktorgrad) som gjennom aksjonsforskning skal forsøka å endra måten vi gir tenester på innan deler av området psykisk utviklingshemma. Dette skal gjerast ved å mobilisera den utviklingshemma sjølv, pårørande, frivillige og velferdsteknologi saman med den vitsskapelege høgskulen VID.

Til slutt i kapittelet er det ei detaljert oversikt over endringane som er foreslått i budsjettet.

Driftsbudsjett helse og sosial

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|----------|----------|-------------|----------|----------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 586 566 | 615 952 | 592 467 | 587 972 | 592 903 | 587 644 | 585 144 |
| Driftsinntekter | -215 526 | -219 600 | -228 049 | -207 884 | -202 123 | -197 150 | -193 883 |
| Bruk av fond | | | | -3 369 | -3 378 | -3 378 | -3 299 |
| Netto drift | 371 041 | 396 352 | 364 419 | 376 719 | 387 403 | 387 116 | 387 962 |
| Årsverk | 513,72 | 540,5 | 522,0 | 544,7 | 544,7 | 543,7 | 544,9 |

*) med godkjente endringar pr 31.10.2018

Driftsbudsjett helse og sosial fordelt på ansvarsområder

| Ressursbruk | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Administrasjon | 1 526 | 2 908 | 989 | 1 683 | 1 683 | 1 683 | 1 683 |
| Institusjon | 112 237 | 115 967 | 122 775 | 114 713 | 118 213 | 118 213 | 118 213 |
| Heimetenester | 56 844 | 60 988 | 61 561 | 65 732 | 66 912 | 67 612 | 68 312 |
| Funksjonshemma | 67 328 | 72 420 | 74 214 | 84 658 | 88 349 | 87 349 | 86 428 |
| Barnevern | 31 042 | 30 443 | 30 536 | 30 535 | 30 535 | 30 535 | 30 535 |
| Sosial | 16 694 | 15 890 | 17 979 | 16 858 | 16 858 | 16 858 | 16 858 |
| Helse | 14 578 | 15 412 | 14 172 | 16 097 | 16 096 | 16 096 | 16 096 |
| Lege-fysio | 26 349 | 30 429 | 29 845 | 32 713 | 33 230 | 33 463 | 34 530 |
| Psykiatri | 16 549 | 16 865 | 17 035 | 17 849 | 18 903 | 18 683 | 18 683 |
| Bustader | -8 213 | -8 012 | -8 012 | -8 302 | -8 302 | -8 302 | -8 302 |
| Transport og lærlingar | 4 438 | 4 318 | 4 309 | 4 324 | 4 667 | 4 667 | 4 667 |
| Utanfor ramme | -743 | -70 | -27 | -141 | 259 | 259 | 259 |
| Andre hjelpetiltak | -5 846 | - | -956 | - | - | - | - |
| Eigedom HSE | 38 260 | 38 795 | - | - | - | - | - |
| Netto drift | 371 041 | 396 352 | 364 419 | 376 719 | 387 403 | 387 116 | 387 962 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Endringar i driftsbudsjett samanlikna med sist økonomiplan

| Endringar frå førre plan 1000 NOK | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--|---------|---------|---------|---------|
| Ramme i økonomiplan 2018-2021, 2022 settas lik 2021 | 415 105 | 419 885 | 419 885 | 419 885 |
| Løns-, prisvekst og auka eigenandel ressurskrevjande | 6 980 | 6 980 | 6 980 | 6 980 |
| Endringar som er godkjent i løpet av 2018 | -34 411 | -37 301 | -37 288 | -36 821 |
| Nye tiltak i denne økonomiplanen | 16 335 | 17 785 | 21 085 | 25 685 |
| Reduksjon / innsparing | -27 290 | -19 946 | -23 546 | -27 846 |
| Ramme i økonomiplan 2019-2022 | 376 719 | 387 403 | 387 116 | 387 883 |

I tillegg til innsparinga som vist her, er inntektene til kommunen auka med 4,7 mill. kroner i rammetilskottet. Dette er ei fylgje av at det er fleire psykisk utviklingshemma over 16 år som tek imot tenester frå kommunen.

Samanlikna med økonomiplan 2018-2021 er vertskommuneinntekta auka med 5 mill. kroner i 2019, 9 mill. kroner i 2020 og 13 mill. kroner i 2021.

Årsverk

Tenesteområdet for helse og sosialsaker er svært arbeidsintensivt. Tabellen syner talet på årsverk og endringane frå år til år:

| Årsverk | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--|-------|-------|-------|-------|
| Antal årsverk i økonomiplan 2018-2021 | 564,7 | 564,7 | 564,7 | 564,7 |
| Godkjente årsverk i løpet av 2018 | -16,5 | -16,5 | -17,5 | -17,5 |
| Forslag til økte årsverk i 2019-2022 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 5,0 |
| Forslag til justert nedtrapping av årsverk i 2019-2022 | -6,3 | -6,3 | -6,3 | -6,3 |
| Av dette forslag nedtrapping vertskommune 2019-2022 | | -1,0 | -2,0 | -3,0 |
| SUM årsverk innan helse og sosial | 533,7 | 544,7 | 543,7 | 544,9 |

Administrasjon

Tenesta er felles administrasjon for tenesteområdet. Administrasjonen arbeider med planlegging, dagleg drift, saksbehandling, service til tenesteutøvarar, opplæring, vedlikehald og kompetanse. Administrasjonen er også støtte for bruken av ulike fag- og journalsystem. Budsjet og rekneskap, innkrevjing av refusjonar og betaling frå brukarar, interne og eksterne rapportar og service til publikum er andre oppgåver i administrasjonen. Leigeinntekta frå administrasjonsbygg ligg under administrasjon.

Mål

Arbeida for å effektivisera administrasjonen av tenesteområdet og samtidig gje god service til tenesteutøvarane våre og innbyggjarane.

Driftsbudsjett administrasjon

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjet | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|---------|---------|--------|-------------|--------|--------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 1200 Administrativ leing | 3 574 | 5 275 | 3 356 | 4 139 | 4 139 | 4 139 | 4 139 |
| 1202 Personal | 152 | - | - | 0 | - | - | - |
| 1203 Økonomi/regnskap | 544 | - | - | 0 | - | - | - |
| 1206 Sentralbord/post | 216 | 200 | 200 | 200 | 200 | 200 | 200 |
| 1300 Adm.lokaler | -2 808 | -2 567 | -2 567 | -2 656 | -2 656 | -2 656 | -2 656 |
| Driftsutgifter sum | 7 075 | 8 032 | 6 833 | 7 005 | 7 005 | 7 005 | 7 005 |
| Driftsinntekter sum | -5 549 | -5 123 | -5 843 | -5 322 | -5 322 | -5 322 | -5 322 |
| Netto drift | 1 526 | 2 908 | 989 | 1 683 | 1 683 | 1 683 | 1 683 |
| Årsverk | 3,8 | 3,8 | 3,8 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,8 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

Rådmannen foreslår å

- redusere ein rådgjevarheimel. Vart ledig i 2018.
- redusere annonseutgifter med 250 000 kroner årleg.
- auke inntekta på studiestøtte frå staten med 200 000 kroner årleg.
- auke inntekta frå husleige Bekkeheien med 100 000 kroner årleg.

Pleie og omsorg

Kommunen tildeler tenester etter LEON-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå).

Trappetrinna i LEON er:

1. Naudsynt helsehjelp blir gitt i eigen heim.
2. Omsorgsbustad i nærleiken av bu- og velferdssenter.
3. Tenestetilbod i sjukeheim når behovet for omsorgstenester er så omfattande at det krev kontinuerleg oppfølging, teneste eller spesiell kompetanse.

Det er eit mål at grupper med særskilde behov skal integrerast på best mogleg måte i lokalsamfunnet. Det vil seie i eigne bustadar og leve mest mogleg sjølvstendig.

Pleie og omsorg er delt inn i tenesteområda institusjon, heimetenester og tenester for funksjonshemma.

Institusjon

Kommunen har fleire institusjonar som gir tilbod om opphald heile døgnet. Desse er: Hå sjukeheim, Klokkearhagen sjukeheim, Heimtun bu- og velferdssenter, Blåbærtua avlastingsheim, Vinkelbygget og fleire barnebustadar.

Tenesteområdet har også dagavdeling for institusjonsbebuarar, fellestenester og terapibassenget Stampen.

KOSTRA-tala for 2017 viser dette innan institusjon

| KOSTRA Utdrag nøkkeltall institusjon | Hå | | | Klepp | | | Time | | | Rogaland | | |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år og over | 22,6 | 22,8 | 21,2 | 16,9 | 15,8 | 15,4 | 18,0 | 17,0 | 15,2 | 18,7 | 18,6 | 18,6 |
| Andelen innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon | 14,4 | 13,9 | 11,5 | 11,3 | 11,8 | 11,5 | 11,2 | 11,8 | 10,2 | 13,5 | 13,1 | 12,7 |
| Tal på bebuarar i institusjon av tal på plassar (belegg) | 96,7 | 94,2 | 92,4 | 80,3 | 85,9 | 90,2 | 86,7 | 89,9 | 90,4 | 96,0 | 96,5 | 92,9 |
| Tal på plassar sett av til tidsavgrensa opphald | 19,0 | 21,0 | 19,0 | 28,0 | 16,0 | 16,0 | 20,0 | 20,0 | 20,0 | 589,0 | 539,0 | 563,5 |
| Tal på plassar sett av til rehabilitering/habilitering | 12,0 | 12,0 | 13,0 | 16,0 | 4,0 | 4,0 | 20,0 | 18,0 | 18,0 | 289,0 | 232,0 | 247,0 |
| Tidsbegrenset opphald - gjennomsnittlig antall døgn per opphald | 15,6 | 14,1 | 13,9 | 15,7 | 15,5 | 14,3 | 18,2 | 19,0 | 20,8 | 21,0 | 20,0 | 20,5 |
| Legetimar pr. uke pr. bebuar i sjukeheim | 0,51 | 0,58 | 0,42 | 0,51 | 0,47 | 0,44 | 0,65 | 0,61 | 0,65 | 0,59 | 0,62 | 0,60 |
| Utgifter per bebuardøgn i institusjon | 3 400 | 3 715 | 3 864 | 4 165 | 4 259 | 4 158 | 4 384 | 4 329 | 4 596 | 3 474 | 3 605 | 3 709 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | 1 109 164 | 1 188 326 | 1 220 750 | 1 099 545 | 1 324 466 | 1 360 818 | 1 233 894 | 1 245 702 | 1 299 515 | 1 150 063 | 1 206 993 | 1 187 263 |

KOSTRA-samanlikninga i tabellen over syner at Hå kommune framleis har mange institusjonsplassar per innbyggjar over 80 år (21,2 prosent) samanlikna med nabokommunane og Rogaland. Rådmannen foreslår ein gradvis reduksjon av dekningsgrad på sjukeheimplassar til 15% dei neste 10 åra. Det vil seie tilnærma same dekningsgrad som Time og Klepp kommunar har i dag.

Hå kommune er den einaste av Jærkommunane som har institusjonsplassar innan psykisk helse. Talet på innbyggjarar over 80 år som bur i institusjon går framleis ned og er nå 11,5 %. Vi er nå likt med Klepp, og under snittet i Rogaland. I siste økonomiplan lot vi fire senger stå utan bemanning for å lette tømning av sjukeheimen i samband med påbygginga. Dette er ein medverkande årsak til lågare utnyttingsgrad (92,4%).

Tal på plassar sett av til tidsavgrensa opphald for Hå er litt over Klepp, på same nivå som Time kommune. Disse plassane inkluderer avlastingsbustad for barn. Trekkjer vi frå avlastingsbustad for barn, får vi talet på plassar sett av til rehabilitering/habilitering. Talet på plassar til øyeblikkeleg hjelp (ØHD-plassar) er ikkje med i disse tala.

Hå kommune ligg lågast på gjennomsnittleg tal døgn per opphald. I Hå skuldast nok dette eit høgare tal på sjukeheimplassar.

Når det gjeld legedekning i institusjon ligg Hå kommune lågast, under snittet for Rogaland.

Hå kommune ligg under på kostnadsnivå pr. institusjonsplass samanlikna med nabokommunane, og noko over snittet i Rogaland.

Mål

Påbygginga av Hå sjukeheim er forventet ferdigstilt i mars 2019.

Driftsbudsjett institusjon

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|---------|---------|-------------|---------|---------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Institusjonsplasser | 140 | 140 | 140 | 141 | 145 | 145 | 145 |
| 2530 Institusjonspleie | 106 049 | 109 709 | 117 182 | 108 438 | 111 938 | 111 938 | 111 938 |
| 2532 Dagavdeling | 1 577 | 1 599 | 1 069 | 1 703 | 1 703 | 1 703 | 1 703 |
| 2533 Vaskeri | 2 570 | 2 230 | 2 235 | 2 323 | 2 323 | 2 323 | 2 323 |
| 2534 Kjøkken | 1 893 | 2 013 | 1 873 | 2 351 | 2 351 | 2 351 | 2 351 |
| 2610 Drift av institusjon | 388 | 410 | 410 | 392 | 392 | 392 | 392 |
| 2611 Terapibasseng | -240 | 6 | 6 | -494 | -494 | -494 | -494 |
| Driftsutgifter | 170 908 | 177 676 | 186 349 | 182 014 | 185 514 | 185 514 | 185 514 |
| Driftsinntekter | -58 671 | -61 709 | -63 574 | -67 301 | -67 301 | -67 301 | -67 301 |
| Netto drift | 112 237 | 115 967 | 122 775 | 114 713 | 118 213 | 118 213 | 118 213 |
| Årsverk | 187,3 | 184,9 | 185,1 | 191,8 | 191,8 | 191,8 | 191,8 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

Teneste 2530 institusjonspleie:

- Ei avdeling på Hå sjukeheim vart trekt for mykje i budsjettet ved utflytting frå sjukeheimen. Denne avdelinga får tilført 1,8 stillingar og 1,5 mill. kroner utan at dei fire sengene blir tilbakeførte. Det er to smitterom i kvar av dei to nye etasjane. Rådmannen foreslår å halde desse i beredskap i staden for å nytte dei til langtidsplassar. Dette gir ei innsparing på totalt 1,5 mill. kroner årleg i forhold til økonomiplan 2018-2021.
- Redusere kostnaden på Hå sjukeheim med 7 mill. kroner ved å halda 2. etasje i den gamle delen stengt. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret og kostnader på 3,5 mill. kroner i 2019 og 7 mill. kroner dei etterfølgande åra er lagt til.**
- Nedtrapping av 4. etg Hå sjukeheim på 2 mill. kroner som følgje av nedgang i vertskommunemiddel. Dette tilsvarer dei ekstraordinære midla som vart tilført i 2018.
- To nye pasientar flytta inn i romma til tidlige vertskommunebebuarar. Dette gir til saman 1,5 mill. kroner i auka utgift.
- To ressurskrevjande pasientar er fylt 67 år. Lågare refusjon på 1 mill. kroner.
- Redusere ei leiarstilling på Hå sjukeheim.
- Fullfinansiere ei nattevakt på Hå sjukeheim. Dette kostar 800 000 kr meir enn det som blei løyvd i budsjettet for 2017 som var 1 mill. kroner.
- Avvikle ein barnebustad med 4,9 stillingar som følgje av at barnet har fylt 18 år. Stillingane blir flytta over til teneste 2545 funksjonshemma.
- Lågare bemanning i barnebustad. Netto reduksjon av kostnad på 250 000 kr.
- To nye plassar på Vinkelbygget er utleid. Dette betyr inntektsauke på 4,4 mill. kroner.

Teneste 2611 Terapibasseng:

- Terapibassenget Stampen opna igjen hausten 2018.

Heimeteneste

Kommunen har fire dagavdelingar/velferdssenter for eldre fordelt på dei ulike distrikta. Dagsentra for eldre har som mål å gje dei eldre eit mest mogleg aktivt og meningsfylt fellesskap med andre. I velferdssentra blir det drive ulike former for aktivitetar. Eksempel på dette er trimgrupper, kulturelle tiltak og tilrettelegging for sosialt fellesskap. Alle velferdssentra er for eldre generelt, det er ikkje skilje mellom tilbod til alle og tilbod til grupper med spesielle behov.

Heimesjukepleie er eit godt, raskt og fleksibelt helsetilbod levert i heimen. Det er ikkje eigenbetaling for tenesta. Tildelinga blir heimla gjennom enkeltvedtak. Lindrande omsorg og kvardagsrehabilitering er ein del av tenesta heimesjukepleie.

Praktisk bistand sikrar hjelp til praktiske gjeremål i dagliglivet, eigenomsorg og personleg stell. Det er eigenbetaling for tenesta, og det er lagt opp til ein auke i betalinga på 2,8 prosent (deflator oppgitt i statsbudsjettet). Tildelinga av tenesta blir heimla gjennom enkeltvedtak. Omsorgsløn er ein del av denne tenesta.

KOSTRA-tala for 2017 viser dette innan heimetenester

| KOSTRA Utdrag nøkkeltall heimetenesten | Hå | | | Klepp | | | Time | | | Rogaland | | |
|--|------|------|------|-------|------|------|------|------|------|----------|-------|-------|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Hjemmetjenester - brukere i alt (antall) | 574 | 560 | 578 | 495 | 552 | 575 | 535 | 532 | 542 | 14087 | 13867 | 14440 |
| Hjemmetjenester - brukere 0-66 år (antall) | 292 | 291 | 310 | 285 | 317 | 343 | 272 | 296 | 309 | 6890 | 6935 | 7382 |
| Hjemmetjenester - brukere 80 år og over (antall) | 203 | 187 | 173 | 139 | 146 | 144 | 171 | 145 | 155 | 4902 | 4592 | 4636 |
| Hjemmetjenestebrukere, omfattende bistandsbehov, i alt (antall) | 57 | 54 | 50 | 83 | 67 | 92 | 102 | 110 | 116 | 2198 | 2127 | 2279 |
| Hjemmetjenestebrukere, middels bistandsbehov, 0-66 år (antall) | 66 | 71 | 76 | 119 | 89 | 108 | 114 | 117 | 116 | 2 567 | 2 628 | 2 782 |
| Hjemmetjenestebrukere, middels bistandsbehov, 67 år og over (antall) | 96 | 100 | 106 | 77 | 69 | 90 | 116 | 99 | 95 | 3 126 | 3 111 | 3 165 |
| Hjemmetjenestebrukere, noe/avgrenset bistandsbehov, 0-66 år (antall) | 181 | 177 | 191 | 87 | 120 | 169 | 72 | 87 | 80 | 2 792 | 2 770 | 3 024 |
| Hjemmetjenestebrukere, noe/avgrenset bistandsbehov, 67 år og over (antall) | 171 | 152 | 149 | 110 | 106 | 102 | 109 | 97 | 97 | 3 152 | 2 877 | 2 931 |
| Hjemmeboende med høy timeinnsats (antall) | 44 | 42 | 48 | 43 | 34 | 44 | 37 | 38 | 41 | 1 114 | 1 119 | 1 158 |
| Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken, totalt (antall) | 10,1 | 9,8 | 11,3 | 13,0 | 10,9 | 12,7 | 10,5 | 10,7 | 11,3 | 11,5 | 11,5 | 11,4 |
| Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand | 5,2 | 4,9 | 4,9 | 15,2 | 2,1 | 1,4 | 8,3 | 5,2 | 3,9 | 9,3 | 9,0 | 8,8 |
| Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, hjemmesykepleie | 7,2 | 7,4 | 7,3 | 6,3 | 16,9 | 12,7 | 6,1 | 8,6 | 9,9 | 5,9 | 6,7 | 6,2 |
| Dagaktivitetstilbud - brukere 67-79 år (antall) | ... | ... | 20,0 | 16,0 | 17,0 | 13,0 | 17,0 | 14,0 | 11,0 | 223,0 | 198,0 | 245,0 |

KOSTRA-tala syner at Hå kommune ligg på same nivå som Klepp kommune når det gjeld talet på mottakarar av heimetenester. Time kommune har litt lågare tal. Både for Hå kommune og Klepp kommune har talet på brukarar 0-66 år auka, medan talet på brukarar over 80 år har minka.

Hå kommune har framleis lågast tal på brukarar med omfattande hjelpebehov samanlikna med Klepp og Time kommune. Grunnen for dette er mest sannsynleg at Hå har høgare sjukeheimsdekning. Vi ser at Hå kommune har langt fleire heimetenestebrukarar med noko/avgrensa bistandsbehov. Det tyder på at Hå kommune har lågare terskel for tildeling av tenester.

Når det gjeld talet på heimebuande med høg timeinnsats ligg Jærkommunane svært likt. Ser vi på gjennomsnittet av timevedtaka for alle heimetenestebrukarar ligg Time, Klepp og Hå framleis likt. Dette trass i at Hå har langt fleire brukarar med lågare behov enn Time og Klepp. Det vi kan sjå er at gjennomsnittet av tildelt heimesjukepleie er lågare, medan praktisk bistand er høgare enn i Time og Klepp.

Rådmannen vil det neste året analysere heimetenestene og vurdere endringar i vedtak og mogleg innføring av velferdsteknologi. Vi må dreie tenestene meir mot dei brukarane med omfattande bistandsbehov når sjukeheimsdelen går ned.

Mål

- Å legge til rette for at innbyggjarane kan bu så lenge som mogleg i eigen heim.
- Innføre elektronisk medisineringsstøtte der det kan redusera behov for heimesjukepleie.
- Å omskape Heimtun til ein god møte- og aktivitetsstad for eldre heimebuande.

Driftsbudsjett heimetenester

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|----------|---------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2340 Dagsenter for heimeb. | 6 122 | 6 625 | 6 713 | 7 022 | 7 462 | 7 462 | 7 462 |
| 2540 Heimesjukepleie | 37 496 | 41 635 | 42 545 | 45 914 | 46 654 | 47 354 | 48 054 |
| 2542 Heimehjelp | 13 226 | 12 729 | 12 303 | 12 796 | 12 796 | 12 796 | 12 796 |
| Driftsutgifter | 66 206 | 69 821 | 70 415 | 70 695 | 71 395 | 72 095 | 72 795 |
| Driftsinntekter | -9 362 | -8 832 | -8 855 | -4 963 | -4 483 | -4 483 | -4 483 |
| Netto drift | 56 844 | 60 988 | 61 561 | 65 732 | 66 912 | 67 612 | 68 312 |
| Årsverk | 81,9 | 82,1 | 82,1 | 80,4 | 81,4 | 82,4 | 83,4 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

- Ressurskrevjande i heimetenesta vil etter alt å dømme ha behov for heimeteneste under eigenandelstaket for ressurskrevjande. Dette fører til eit refusjonstap på 3 mill. kroner. På grunn av synergjar kan vi bare fjerna 1,7 stillingar til 1,4 mill. kroner.
- Forslag om å utsetje å auke det eine årsverket til heimesjukepleie i 2019, jf. gjeldande økonomiplan. Auka i årsverk blir ført vidare frå 2020 til 2022.
- Eit barn treng ekstra hjelp i heimen. Kostnad 500 000 kroner.
- To ressurskrevjande brukarar flytta til institusjon 2530. Refusjon i heimetenesta redusert med 700 000 kroner.
- Det er foreslått ein auke på 300 000 kroner for å ta i bruk multidoser og responsentertjenester. Dette blir knytt til innføring av velferdsteknologi.

Funksjonshemma

Tenesteområdet har ansvar for teneste som støttekontakt til eldre og funksjonshemma, aktivitetstilbod og avlastningstilbod til funksjonshemma. Tenestene inkluderer kjøp av arbeidsplassar hjå Jæren Industripartner AS og Kvaleberg Industri.

Tenesteområdet har i tillegg ansvar for brukarstyrd personleg assistent (BPA). BPA er ei teneste som går inn under praktisk bistand etter Helse- og omsorgstenestelova. Tenesta blir gitt til personar med eit stabilt sjukdomsbilete eller stabil funksjonshemming. Brukaren knyt til seg ein eller fleire assistentar som hjelper til med daglege gjeremål. Tenesta BPA er frå 1.1.2015 ein rett i lovverket.

Teneste gitt i bufellesskap er også avdeling for funksjonshemma sitt ansvar. Hovudgruppa av brukarar er personar med psykisk utviklingshemming. Det blir også gitt tenester til heimebuande med fysiske funksjonshemmingar.

Etter kvart som vertskommunebebuarar fell frå blir vertskommunetilskotet redusert. Dette fører til at vi må redusere ressursane til tenesta. Talet på vertskommunebebuarar pr. 01.01. kvart år er grunnlag for utbetaling året etter. I 2017 var det eit fråfall på tre bebuarar som fører til 3 mill. kroner mindre tilskot i 2019.

I gjeldande økonomiplan meldte vi frå at vi ikkje ville klare nedtrappinga. I løpet av 2018 snudde staten i val av utrekningsmetode for vertskommunemidlar, og Hå kommune fikk tilført 3 mill. kroner meir enn budsjettet. I tillegg ser det ut som vi går inn i ein periode med lågare fråfall. Fråfallet blir justert ned til ein per år i økonomiplanperioden. Derfor blir det lagt inn 1 mill. kroner i nedtrapping på funksjonshemma per år dei neste åra. Til nå i år har vi ikkje hatt fråfall av vertskommunebebuarar.

Mål

- Å få fleire til å klare seg mest mogleg sjølvstendig i eigen bustad.

Driftsbudsjett funksjonshemma

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|---------|----------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2342 Støttekontakt | 2 880 | 2 651 | 2 651 | 2 768 | 2 768 | 2 768 | 2 768 |
| 2343 Aktivitetstilbod | 3 397 | 4 207 | 4 207 | 4 777 | 4 777 | 4 777 | 4 777 |
| 2543 Personleg assistent | 2 488 | 2 636 | 2 655 | 2 699 | 2 699 | 2 699 | 2 699 |
| 2348 Frivillighet | - | 50 | -250 | 1 155 | 1 355 | 1 355 | 1 355 |
| 2545 Funksjonshemma | 57 272 | 61 383 | 63 369 | 71 680 | 75 171 | 74 171 | 73 171 |
| 2549 Anna hjelp i heimen | 1 291 | 1 493 | 1 582 | 1 579 | 1 579 | 1 579 | 1 579 |
| Driftsutgifter | 95 848 | 104 098 | 107 814 | 114 889 | 118 689 | 117 689 | 116 610 |
| Driftsinntekter | -28 521 | -31 678 | -33 600 | -28 862 | -28 962 | -28 962 | -28 962 |
| Bruk av fond 1941 | | | | -1 369 | -1 378 | -1 378 | -1 299 |
| Netto drift | 67 328 | 72 420 | 74 214 | 84 658 | 88 349 | 87 349 | 86 349 |
| Årsverk | 113,4 | 118,3 | 120,2 | 137,2 | 136,2 | 135,2 | 134,2 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

Teneste 2545 funksjonshemma:

- I løpet av 2018 vart det i 1.tertial løyvd ekstra nattevakt på grunn av eit tvangsvedtak. Dette utgjer 1,9 stillingar til 2,1 mill. kroner. Refusjonen er på 1,68 mill. kroner.
- Ein bebuar i eit bufellesskap treng 1,3 årsverk til 985 000 kroner. Refusjonen er på 155 000 kroner.
- Ein bebuar har redusert behov og vi kan frigjera 1,1 stilling. Dette utgjer 1 mill. kroner i kostnader og 800 000 kroner i refusjon, ei netto innsparing på 200 000 kroner .
- Behova til ein ressurskrevjande bebuar har endra seg slik at vi mister 600 000 kroner i synergieffekt.
- Funksjonshemma med behov har krav på gratis SFO på ungdomsskulen og vidaregåande skule. Rådmannen foreslår å setja av 300 000 kroner til dekking av utgifter.
- Noregs forskingsråd har godkjent søknad om off. ph.d. Dei dekkjer 50 % av kostnadane over fire år. Knytt til dette prosjektet er eit utviklingsprosjekt som delvis er finansiert gjennom eksisterande økonomiplan. Rådmannen foreslår å finansiere dei resterande 1,4 mill. kroner per år frå PU-fondet.

- I økonomiplanen er det sett av 8 nye stillingar til oppstart av Gjegnet 30 som PU bufelleskap. Rådmannen foreslår å utsetje oppstart frå 1.7.2019 til 1.10.2019 for å spare 1,5 mill. kroner.
- Per oktober 2018 er det 15 vertskommunebebuarar igjen, same tal som per 1.1.2018. Når vertskommunebebuarane fell frå, får andre med behov tildelt plassane. Nedtrappinga aukar frå 0,7 mill. til 3 mill. i 2019, og frå 0,7 mill. til 1 mill. dei neste åra i økonomiplanen.
- Overfører 4,9 stillingar frå nedlagt barnebusstad for å følgje same person vidare etter fylte 18 år.
- Teneste 2342: Avlastarar må nå tilsetjast fast, ikkje på oppdragsavtaler. Dette påfører kommunen ei ekstrarekning på 200 000 kroner årleg.
- Teneste 2348: Vi legg inn 200 000 kroner som skal delast ut til lag og organisasjonar som driv frivillig arbeid i tråd med kommunen sine prioriteringar i 2019, og skyv opptrappinga på 500 000 kroner til 2020.

Barnevern

Barnevernet har ansvar for å ta i vare barnet sitt beste. Det betyr oftast å setje inn tiltak som kan få heimen til å fungere slik at barnet kan bu heime. For å unngå overtaking av omsorga kan det bli sett inn kontroll- og endringstiltak i heimen.

I spesielle heimesituasjonar kan det vere behov for å gje foreldre avlasting eller å sikre miljøskifte for barn. Det kan tildelast støttekontakt til barn som har behov for fylgje for å fungere i sosiale situasjonar, opptrening av funksjonar eller vaksenkontakt. Barnevernet kan også nytte førebyggjande tiltak som ferie og andre tiltak i fritida for å gi barn og unge høve til utvikling og meistring.

Ved omsorgsovertaking til fosterheim gir kommunen kompensasjon til fosterforeldre og også frikjøp frå arbeid slik at fosterforeldra kan ta seg av barn med spesielle utfordringar. Ein stor del av utgiftene skuldast ulike forsterkingstiltak i fosterheim, i tillegg til utgifter knytt til barn som har diagnoser og utfordringar som krev spesielle tiltak.

Institusjonsplassar er for dei barna det ikkje lukkast å finne fosterheim til. Det er ofte barnet si åtferd som er grunnen når det ikkje lukkast å finne ein fosterheim.

KOSTRA-tala for 2017 viser dette innan barnevern

| KOSTRA Utdrag nøkkeltall Barnevernet | Hå | | | Klepp | | | Time | | | Rogaland | | |
|---|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|----------|-------|-------|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstenesten | 5 424 | 6 275 | 7 223 | 6 288 | 5 756 | 6 074 | 7 037 | 6 343 | 7 168 | 7 255 | 7 519 | 8 582 |
| Del av netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252) | 64,2 | 58,3 | 56,6 | 55,0 | 48,6 | 47,2 | 59,2 | 52,9 | 54,9 | 60,2 | 57,7 | 58,9 |
| Barn med melding ift. talet på innbyggerar 0-17 år | 4,2 | 5,1 | 4,6 | 4,4 | 4,6 | 4,4 | 4,7 | 5,3 | 4,6 | 4,0 | 4,3 | 4,4 |
| Barn med undersøking ift. talet på innbyggerar 0-17 år | 5,1 | 5,4 | 5,1 | 4,7 | 5,1 | 4,5 | 4,9 | 5,1 | 4,8 | 4,3 | 4,5 | 4,7 |
| Del av barn med barnevernstiltak ift. talet på innbyggerar 0-17 år | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 3,3 | 3,4 | 3,2 | 4,8 | 4,2 | 3,9 | 4,0 | 4,0 | 4,0 |

Kostnaden til barnevernstenesta i Hå har auka dei siste åra. Hå hadde i 2017 høgast kostnad til barnevern samanlikna med kommunane Klepp og Time, men under gjennomsnittet i Rogaland. Vi ligg framleis høgast på kostnad til barn plassert av barnevernet, men har hatt ein nedgang dei siste tre åra. Hå ligg likt med Time og litt over snittet i Rogaland på delen av barn med melding i forhold til barnetalet i kommunen. Vi set i verk litt fleire undersøkingar og delen av barn med barnevernstiltak har auka, og ligg nå høgare enn nabokommunane og snittet i Rogaland. Noko av forklaringa på at Hå ligg høgast av nabokommunane kan vere at Hå har tatt imot einslege mindreårige flyktningar.

Mål

Målet for barnevernet er å vere ei teneste med høg kvalitet. Tiltak som blir vedtekne skal evaluerast og dei som ikkje fungerer slik dei var tenkt, skal avsluttast. Fosterheim blir prioritert før institusjon, då vi vurderer det er betre for eit barn å få vekse opp i ein familie.

Driftsbudsjett barnevern

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|---------|--------|-------------|--------|--------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2440 Barnevern | 7 046 | 8 463 | 8 556 | 8 641 | 8 641 | 8 641 | 8 641 |
| 2510 Barnehage | 169 | 140 | 140 | 140 | 140 | 140 | 140 |
| 2512 Besøksheim | 3 651 | 3 283 | 1 183 | 1 685 | 1 685 | 1 685 | 1 685 |
| 2514 Støttekontakt | 196 | 236 | 236 | 235 | 235 | 235 | 235 |
| 2519 Andre t.t. I heimen | 3 727 | 2 674 | 4 324 | 4 911 | 4 911 | 4 911 | 4 911 |
| 2520 Fosterheim | 11 434 | 13 647 | 11 447 | 10 346 | 10 346 | 10 346 | 10 346 |
| 2521 Institusjon | 1 603 | 1 000 | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| 2529 Andre t.t.utenf.heimen | 3 215 | 1 000 | 3 650 | 2 577 | 2 577 | 2 577 | 2 577 |
| Driftsutgifter sum | 36 278 | 35 013 | 35 106 | 34 315 | 34 315 | 34 315 | 34 315 |
| Driftsinntekter sum | -5 237 | -4 570 | -4 570 | -3 780 | -3 780 | -3 780 | -3 780 |
| Netto drift | 31 042 | 30 443 | 30 536 | 30 535 | 30 535 | 30 535 | 30 535 |
| Årsverk | 14,1 | 14,1 | 14,1 | 14,1 | 14,1 | 14,1 | 14,1 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Prognosen for 2018 tyder på at barnevernet held seg innafor budsjettet. Rådmannen foreslår dermed inga budsjettauke, bare justeringar mellom dei ulike tenestane innafor barnevernet.

Tiltak

- Satse meir på ulike tiltak i heimen enn omsorgsovertaking.

Sosial

Sosial omfattar tenester knytt til vanskeleg økonomi, arbeid/sysselsetting, bustad, gjeld, rus, psykiatri og familieproblem.

Kommunale gjennomgangsbustadar blir nytta til innbyggjarar som av ulike grunnar ikkje klarer å skaffe seg bustad i den ordinære bustadmarknaden. Etter § 3-7 i Helse- og omsorgstenestelova er kommunen "forpliktet til å finne midlertidig husvære for dem som ikke klarer det selv".

Sysselsettingstiltak omfattar tiltak som høyrer til vedlikehaldsverkstaden og sosialtenesta. Det er tilbod til personar som ikkje oppnår arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden.

Kvalifiseringsprogrammet er blitt viktigare når ordninga med arbeidsavklaringspengar (AAP) er stramma inn frå staten sin side.

KOSTRA-tala for 2017 viser dette innan sosialhjelp

| KOSTRA Utdrag nøkkeltall Sosialhjelp | Hå | | | Klepp | | | Time | | | Rogaland | | |
|--|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|----------|---------|---------|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sosialt forebyggjande arbeid | 6 385 | 5 928 | 5 783 | 11 395 | 14 428 | 15 493 | 11 914 | 9 725 | 10 392 | 280 744 | 302 603 | 332 071 |
| Råd, veiledning og sosialt forebyggjande arbeid per innbyggjer | 343,0 | 315,0 | 308,0 | 601,0 | 758,0 | 806,0 | 642,0 | 521,0 | 556,0 | 597,0 | 641,0 | 701,0 |
| Samlet stønadssum (bidrag + lån), 1000 kr. | 15 989 | 18 095 | 20 608 | 15 084 | 17 088 | 18 222 | 19 471 | 22 349 | 21 517 | 505 790 | 574 651 | 594 428 |
| Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmånad | 8 411 | 8 202 | 8 446 | 9 632 | 9 649 | 9 088 | 7 339 | 7 400 | 7 644 | 224 173 | 218 843 | 218 855 |
| Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år | 5,0 | 5,5 | 6,2 | 4,1 | 4,1 | 4,5 | 5,1 | 5,8 | 5,4 | 95,3 | 114,0 | 111,0 |
| Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år | 5,6 | 6,3 | 6,1 | 5,0 | 4,9 | 5,3 | 6,1 | 6,4 | 6,6 | 122,0 | 126,8 | 128,3 |
| Sosialhjelpsmottakere | 351 | 362 | 398 | 330 | 382 | 395 | 455 | 482 | 442 | 11161 | 12263 | 12519 |
| Sosialhjelpsmottakere med stønad i 6 måneder eller mer | 141 | 178 | 186 | 117 | 120 | 150 | 210 | 243 | 226 | 4 346 | 4 823 | 5 147 |
| Antall barn i familier som mottok sosialhjelp (antall) | 172 | 174 | 207 | 196 | 217 | 233 | 237 | 257 | 225 | 4 678 | 5 521 | 6 181 |
| Andel mottakere med sosialhjelp som hovudinntektskilde | 45 | 48 | 36 | 58 | 56 | 47 | 40 | 44 | 36 | 46 | 46 | 39 |
| Antall sosialhjelpsmottakere 18-24 år (antall) | 102 | 95 | 93 | 102 | 119 | 101 | 110 | 117 | 92 | 2840 | 2974 | 2890 |

Tabellen over syner at Hå har langt lågare utgifter til råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid. Dette talet blir venta å stige noko i 2018 fordi gjeldsrådgevar og rettleiing til bustnød var registrert som administrasjon. Dette er korrigert frå og med 2018.

Sosialhjelpsstønaden aukar. I 2017 utgjer utbetaling til flyktningar som har budd under 5 år i kommunen 30,1 % av totalkostnaden på over 20 mill. kroner. Klepp betalar ut mindre i sosialhjelp og Time kommune litt meir.

Den gjennomsnittlege utbetalinga per stønadsmånad varierer mykje frå person til person fordi mange får bare supplerande sosialhjelp. Storleiken på sosialhjelpa avheng om mottakaren har familie, og talet på barn i familien.

Gjennomsnittleg stønadslengde er litt høgare i Hå for unge sosialhjelpsmottakarar. For dei andre mottakarane ligg Hå mellom Klepp og Time.

Talet på sosialhjelpsmottakarar stig i Hå, og det er venta å stige ytterlegare etter kvart som flyktningane blir ferdige med introduksjonsprogrammet. For mange er det vanskeleg å oppnå ei løn som er høg nok til å leva av. Vi arbeidar med å få fleire til å ta ei utdanning som gjer dei betre kvalifisert til arbeidslivet.

Av sosialhjelpsmottakarane er det 36% som har sosialhjelp som hovudinntektskilde. Det er litt lågare enn snittet i Rogaland. Dermed er den største delen gitt som supplerande sosialhjelp. I Hå har vi hatt ein liten nedgang i talet på mottakarar av sosialhjelp mellom 18 og 24 år.

Mål

Det blir arbeidd systematisk med å få alle friske personar ut i arbeid.

Driftsbudsjett sosial

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|---------|----------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2420 Rådgeving | 3 528 | 3 565 | 3 402 | 4 616 | 4 616 | 4 616 | 4 616 |
| 2651 Beredskapsb. | -4 253 | -4 526 | -4 526 | -4 748 | -4 748 | -4 748 | -4 748 |
| 2730 Org. Sysselsetting | 842 | 1 285 | 1 310 | 1 290 | 1 290 | 1 290 | 1 290 |
| 2760 Kvalifiseringso | 2 738 | 2 977 | 2 993 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| 2810 Livsopphald | 13 838 | 12 800 | 14 800 | 12 700 | 12 700 | 12 700 | 12 700 |
| Driftsutgifter sum | 28 394 | 27 607 | 30 199 | 27 764 | 27 764 | 27 764 | 27 764 |
| Driftsinntekter sum | -11 701 | -11 717 | -12 220 | -10 906 | -10 906 | -10 906 | -10 906 |
| Netto drift | 16 694 | 15 890 | 17 979 | 16 858 | 16 858 | 16 858 | 16 858 |
| Årsverk | 11,9 | 11,9 | 11,9 | 10,9 | 10,9 | 10,9 | 10,9 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

Teneste 2420 rådgjeving:

- Rådmannen foreslår at prosjektet «Ungdom i arbeid» blir redusert til 50% stilling som blir lagt inn under NAV. Sidan stillinga vart oppretta har oppfølgingstenesta til fylkeskommunen vorte mykje betre, og fleire på NAV kontoret har fått kontaktar i næringslivet.

Teneste 2730 Org. sysselsetting:

- Familiesenteret og heimetenesta manglar nokon prosent for å få 100% stillingar. Foreslår å flytta 0,5 unytta heimele frå vedlikehaldsverkstaden til teneste 2544 psykisk helse.

Teneste 2760 Kvalifiseringsordninga:

- Auke budsjettet for tenesta med 1 mill. kroner for antatt auke når mange flyktningar blir ferdig med introduksjonsordninga. Rådmannen foreslår å finansiere dette frå Flyktningefondet.

Teneste 2810 Livsopphald:

- Auke budsjettet for tenesta med 1 mill. kroner i samsvar med tidligare års forbruk. Rådmannen foreslår å finansiere dette frå Flyktningefondet.

Helsestasjonar og anna førebyggjande helseteneste

Helsestasjonen driv førebyggjande helsearbeid, oppfølging av barn og unge, i tillegg til rettleiing av foreldre. Skulehelsetenesta er ein sentral aktør i det førebyggjande arbeidet. Kontaktflata dei har mot alle barna i skulen gir spesielle moglegheiter til å fange opp dei som treng hjelp tidleg.

KOSTRA-tala for 2017 viser dette innan helsestasjonar mm

| KOSTRA Utdrag nøkkeltall helsestasjon mm | Hå | | | Klepp | | | Time | | | Rogaland | | |
|--|-------|-------|--------|-------|--------|--------|--------|--------|--------|----------|---------|---------|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 |
| 232 Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. | 6 545 | 8 264 | 10 510 | 9 837 | 11 357 | 12 860 | 10 897 | 14 836 | 14 973 | 259 254 | 290 147 | 297 157 |
| 232 Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. netto driftsutg. per innbygger | 352 | 440 | 560 | 519 | 596 | 669 | 587 | 795 | 801 | 551 | 615 | 628 |
| 233 Netto driftsutgifter til annet forebyggende arbeid, helse pr. innbygger | 176 | 200 | 214 | 132 | 146 | 149 | 93 | 71 | 75 | 149 | 151 | 169 |
| Antall nyinnskrevne gravide som har møtt til svangerskapskontroll (antall) | 286 | 289 | 215 | 207 | 203 | 202 | 230 | 283 | 230 | 4 930 | 4 834 | 4 919 |
| Fødte i løpet av året (antall) | 261 | 281 | 280 | 266 | 235 | 243 | 247 | 265 | 244 | 6 128 | 6 109 | 5 917 |
| Antall hjemmebesøk utført av jordmor inne ett-to døgn etter barnets hjemkomst fra føde/barselavdeling (antall) | .. | .. | 55 | .. | .. | 53 | .. | .. | 51 | .. | .. | 460 |
| Andel hjemmebesøk utført av jordmor innen ett-to døgn etter barnets hjemkomst fra føde/barselavdeling (%) | .. | .. | 20 | .. | .. | 22 | .. | .. | 21 | .. | .. | 8 |
| Årsverk av helsestastre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. | 61,2 | 58,8 | 54,5 | 53,8 | 58,2 | 60,6 | 63,8 | 70,4 | 81,1 | 56,1 | 58,9 | 61,8 |
| Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (%) | 47 | 96 | 98 | 65 | 80 | 97 | 98 | 97 | 93 | 79 | 87 | 89 |
| Valtaite årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenester per 10000 innbyggere 0-20 år (årsverk) | 27 | 29 | 29 | 30 | 36 | 36 | 39 | 43 | 44 | 28 | 30 | 32 |

Netto driftsutgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste er lågare i Hå enn både Klepp og Time. Reknar vi per innbyggjar er vi lågare enn snittet i Rogaland, men har hatt ein god auke dei siste åra.

Når det gjeld anna førebyggjande arbeid er Hå høgast på Jæren og over snittet i Rogaland. Dei største områda her er miljøretta helsevern og Frisklivssentralen.

Miljøretta helsevern omfattar faktorar i miljøet som kan påverke innbyggjarane si helse. Ein stor del av arbeidet her blir gjort gjennom interkommunal ordning. Satsane for betaling blir vedtekne av representantskapet i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS. Det er forventet same nivå på tenesta, og ei prisstiging på om lag 2,8 prosent. Kontroll av vatn på badeplassar kjem inn under dette kapitlet. Oppfølging av asylmottak og kjøletårn, i tillegg til godkjenning og

tilsyn med skular og barnehagar er prioriterte område. Reisevaksine er ført på denne tenesta og skal vere til sjølvkost.

Frisklivs- og meistringssenteret er ein del av kommunen sitt folkehelsearbeid. Dei tek i mot personar som er tilviste med frisktlivsresept frå legar, fysioterapeutar og NAV. Senteret gir rettleiing om trening, kost og røykeslutt. Dei deltek i samhandlingstiltak som Lærings- og meistringssenter innan psykiatri og «Aktiv på dagtid», begge interkommunale tiltak der Jæren distriktpsikiatriske senter er med. «Folkepuls» er eit samarbeid med idrettslaga gjennom Idrettsrådet. Det er tilsett ein folkehelsekoordinator i 50 % stilling som skal koordinere folkehelsearbeidet i heile kommunen. Folkehelsearbeidet har som tverrfagleg siktemål å samle innsatsen i kommunen for å styrke faktorar som medverkar til betre helse og trivsel, og å svekke faktorar som fører til helserisiko.

Talet på ny innskrivne gravide som har møtt til svangerskapskontroll er 215. Dette er markert lågare enn 2016. Ei årsak kan vere låg kapasitet i jordmortenesta, ei anna er at talet på nye gravide har gått ned utover i 2017. Det viser fødselstala i første halvår i 2018. Talet på fødselar i 2017 var på same nivå som tidlegare år og høgare enn Time og Klepp.

Delen av heimebesøk av jordmor innan eitt til to døgn etter heimkomst ligg Hå lågt på 20%. Dette er ei ny oppgåve som er under oppbygging. Time og Klepp ligg på same nivå i 2017, men alle tre kommunane ligg godt over snittet i Rogaland. Nå er ny jordmor tilsett og vi ventar auke i 2018.

Når det gjeld helsesøstrene sitt heimebesøk innan 2 veker etter barnet er født, ligg Hå høgt på statistikken med 98%. Det er svært bra og litt høgare enn både Time, Klepp og snittet i Rogaland.

Hå har færre helsesøsterårsverk per 10 000 innbyggjarar enn Time og Klepp. Vi ligg og litt bak snittet i Rogaland. Det har vore utfordrande å rekruttere helsesøstres når mange kommunar konkurrerer om dei same personene. Hausten 2018 har vi 5 personar som er tilsett i helsesøsterstillingar og som ikkje har helsesøsterutdanning. Tre av desse er i gang med helsesøsterutdanninga, og har i periodar fri for å gå på skule. Vi har ei ubesett stilling som vi heller held ledig i staden for å tilsette nok ein person utan helsesøsterutdanning.

Mål

Tenesta inngår som ein del av kommunen sitt førebyggjande - og helsefremjande arbeid. Arbeidet i helsestasjonane inneber rettleiing, helseundersøking, vaksinerings, oppfølging, informasjon og tilvising vidare etter behov.

- Fremje folkehelse slik at sosiale helseforskjellar blir utjamna. Folkehelsearbeidet skal fremje innbyggjarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, og søke å førebygge sjukdom, skade og liding.
- Forankre det laupande folkehelsearbeidet gjennom kommunen sitt nye, heilskapelege styringssystem.

Driftsbudsjett helse

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|----------|---------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2320 Helsestasjon | 7 367 | 7 776 | 6 519 | 8 068 | 8 068 | 8 068 | 8 068 |
| 2325 Skulehelseteneste | 3 817 | 3 886 | 3 886 | 4 232 | 4 232 | 4 232 | 4 232 |
| 2326 Tannhelseteneste | -673 | -675 | -675 | -690 | -690 | -690 | -690 |
| 2332 Miljøretta Helsevern | 2 082 | 2 122 | 2 123 | 2 189 | 2 189 | 2 189 | 2 189 |
| 2334 Helseopplysning | 312 | 362 | 362 | 387 | 387 | 387 | 387 |
| 2335 Friskliv | 1 623 | 1 496 | 1 510 | 1 471 | 1 471 | 1 471 | 1 471 |
| 2336 Medisinsk attføring | 49 | 48 | 48 | 49 | 48 | 48 | 48 |
| 2337 Folkehelse | - | 397 | 400 | 391 | 391 | 391 | 391 |
| Driftsutgifter | 17 130 | 18 245 | 17 964 | 18 495 | 18 494 | 18 494 | 18 494 |
| Driftsinntekter | -2 552 | -2 833 | -3 791 | -2 398 | -2 398 | -2 398 | -2 398 |
| Netto drift | 14 578 | 15 412 | 14 172 | 16 097 | 16 096 | 16 096 | 16 096 |
| Årsverk | 17,9 | 17,9 | 17,9 | 17,9 | 17,9 | 17,9 | 17,9 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

- Foreslår ingen nye tiltak i 2019. Helsesøstertenesta har 1 ledig heimel til å rekruttera i.

Legar, fysioterapeutar og ergoterapeutar

Fastlegane i Hå er i hovudsak tilsett i kommunen. Kommunen har eiga legevakt på Bekkeheien, Nærbø. Legevakttelefonen er nå betent heile døgnet og blir også betent for kommunane Eigersund, Sokndal, Bjerkreim og Ualandsdelen av Lund.

Kommunen sine utgifter til fysioterapi er knytt til løn av fast tilsette og driftstilskot til fysioterapeutar med driftsavtale. Ergoterapi og fysioterapi er viktige element i det å gjere rehabiliteringspasientar i stand til å kome seg ut frå sjukeheimen, anten heim eller over i ein omsorgsbustad.

KOSTRA-tala for 2017 viser dette innan kommunehelsetenesta

| KOSTRA Utdrag nøkkeltall Kommunehelsetenesten | Hå | | | Klepp | | | Time | | | Rogaland | | |
|--|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|----------|---------|---------|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Netto driftsutg. til diagnose, behandling og rehabilitering (1000 kr) | 21 516 | 21 929 | 23 274 | 23 512 | 24 230 | 23 910 | 24 442 | 26 556 | 27 347 | 659 080 | 703 598 | 730 526 |
| Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger | 1 157 | 1 166 | 1 240 | 1 239 | 1 272 | 1 244 | 1 316 | 1 423 | 1 462 | 1 402 | 1 491 | 1 543 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetenesten | 9,2 | 9,3 | 9,3 | 10,8 | 10,6 | 10,7 | 9,2 | 10,3 | 10,9 | 9,4 | 9,8 | 10,1 |
| Antall fastlegeavtaler | 17 | 17 | 18 | 17 | 17 | 19 | 15 | 16 | 16 | 384 | 390 | 396 |
| Gjennomsnittlig listelengde korriger for kommunale timer | 1044 | 1052 | 989 | 1283 | 1304 | 1178 | 1289 | 1125 | 1136 | 1334 | 1325 | 1289 |
| Antall fastlegekonsultasjonar i pasientens bostedskommune (antall) | 40088 | 40542 | 41968 | 49940 | 51686 | 53650 | 45015 | 44855 | 47258 | 1203282 | 1231474 | 1264857 |
| Antall fastlegekonsultasjonar i legens praksiskommune (antall) | 35006 | 35518 | 37574 | 49593 | 52902 | 53639 | 41985 | 41039 | 43931 | 1201371 | 1229763 | 1263450 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetenesten | 7,3 | 7,2 | 7,2 | 6,4 | 6,4 | 6,3 | 6,7 | 7,3 | 6,7 | 7,3 | 7,4 | 7,6 |

Hå og Klepp har lågare driftsutgifter innan kommunehelsetenesta enn både Time og snittet for dei andre kommunane i Rogaland. Hå ligger mellom Time og Klepp i talet på legeårsverk.

KOSTRA viser at Hå har kortare lister enn både Time, Klepp og snittet i Rogaland. Dette skyldast at Hå har fleire legar i redusert stilling. Vi har valt å redusere listelengda for fastlegen når permisjonen varer over noko tid i staden for å la ein vikar dekke opp ein del av lista. Vikarar over noko tid får eiga liste. Dette kan også bidra til å forklare gapet mellom talet på fastlegekonsultasjonar i pasienten sin bustadkommune og talet på fastlegekonsultasjonar i legen sin praksiskommune i Hå.

Hå ligg litt høgare enn Time og Klepp på årsverk av fysioterapeutar, men lågare enn snittet i Rogaland.

Mål

- Gje ei fagleg god fastlege- og legevaktteneste.

Prinsippa for tenesteyting er deltaking og meistring, og at den moglegheita skal vere lik for alle. Med deltaking og meistring forstår vi i denne samanhengen, den enkelte brukar si moglegheit og evne til å delta og meistre aktivitetar som gir meiningsfull kvardag, gjennom å utnytte eigne ressursar.

Driftsbudsjett lege-fysioterapi

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjet | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|---------|---------|---------|-------------|---------|---------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2410 Lege | 11 092 | 14 134 | 12 474 | 13 892 | 13 891 | 14 124 | 15 191 |
| 2412 Legevakt | 5 866 | 5 345 | 6 034 | 7 732 | 8 250 | 8 250 | 8 250 |
| 2416 Fysio- ergoterapi | 6 392 | 7 493 | 7 881 | 7 664 | 7 664 | 7 664 | 7 664 |
| 2561 Akutthjelp | 3 000 | 3 457 | 3 457 | 3 425 | 3 425 | 3 425 | 3 425 |
| Driftsutgifter | 53 705 | 56 263 | 58 024 | 60 736 | 61 253 | 61 253 | 62 353 |
| Driftsinntekter | -27 356 | -25 834 | -28 179 | -28 023 | -28 024 | -27 791 | -27 824 |
| Netto drift | 26 349 | 30 429 | 29 845 | 32 713 | 33 230 | 33 463 | 34 530 |
| Årsverk | 47,5 | 49,2 | 51,2 | 52,4 | 52,4 | 52,4 | 53,6 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

Teneste 2410 lege:

- Kostnaden for auka bakvaktordning for legane som følgje av nye akutforskrifter frå 1.5.2018 må auke som følgje av høgare satsar. Det er berekna til 60 000 kroner årleg. Budsjettert frå 01.07.2019.
- Auke inntekta frå legene med 1,5 mill. kroner.
- Det er lagt inn kostnadar og inntekter for primærhelseteamet på 2 heimlar.
- Det er lagt inn ei auke på ein legeheimel og 0,2 hjelpefunksjon frå 2022.

Teneste 2412 legevakt:

- Legevaktstelefonen aukar bemanninga på natt frå 40% sjukepleier til 100%. Dette betyr 1,1 stilling og ein årleg kostnad på 865 000 kroner. For å administrere dette er leiarstillinga foreslått auka med 0,1 og 75000 kroner per år, budsjettert frå 01.07.2019.

Teneste 2416 fysio- og ergoterapi:

- Auka inntekt til fysioterapeutane på grunn av ei omlegging i refusjon frå Helfo var rekna for lågt i økonomiplanen 2018-2021. Anslår inntektsauke på 200 000 kroner.

Rus og psykiatri

Tenesta rusvern er i stor grad ei oppsøkande teneste. Ho er også sterkt involvert i det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Funkishuset i Sandnes gir eit lågterskel helse- og omsorgstilbod for rusmiddelavhengige over 18 år. Dette tilbodet sikrar mellom anna kommunen si plikt til å ha eit slikt lågterskeltilbod. Funkishuset er ein del av eit interkommunalt samarbeid.

Psykiatritenesta har avdeling for heimeteneste, Hybelhuset og Aktivitetssenter. I tillegg har tenestområdet eit Familiesenter med fokus på barn og unge og heile familiar. Vinkelbygget er ein del av psykiatritenesta sitt tilbod, men er organisert under tenestområdet for institusjonar.

Mål

Sikre eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov.

Driftsbudsjett rus og psykiatri

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjet | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|---------|---------|--------|-------------|--------|--------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2430 Rusvern | 3 291 | 4 176 | 4 211 | 4 481 | 5 035 | 4 815 | 4 815 |
| 2544 Psykiatri | 13 258 | 12 689 | 12 824 | 13 368 | 13 868 | 13 868 | 13 868 |
| Driftsutgifter | 19 693 | 18 569 | 18 286 | 19 453 | 19 453 | 18 793 | 18 793 |
| Driftsinntekter | -3 144 | -1 704 | -1 252 | -1 604 | -550 | -110 | -110 |
| Netto drift | 16 549 | 16 865 | 17 035 | 17 849 | 18 903 | 18 683 | 18 683 |
| Årsverk | 19,7 | 20,2 | 20,2 | 21,7 | 21,7 | 20,7 | 20,7 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

- Funkishuset aukar sitt vederlag med 1 kr per innbyggjar.
- Psykiatritenesta brukar ressursar på flyktningar. Som følgje av reduserte flyktningeinntekter foreslår vi likevel å ta ut overføringa på 500 000 kroner som var planlagt i gjeldande økonomiplan for 2019.
- Familiesenteret og heimetenesta manglar nokon prosent for å få 100% stillingar. Foreslår å flytta 0,5 heimel frå vedlikehaldsverkstaden til teneste 2544 psykisk helse.
- Treårig prosjektstilling for arbeid med ungdom og rus er løyvd frå fylkesmannen. Dette arbeidet starta opp i 2018. Vi ventar noko eigendel på slutten av prosjektperioden .

Flyktningar

Korleis kommunen lukkast med integreringa av flyktningane har mykje å seie for kostnadane på dette området. Introduksjonsprogrammet varer i 2 til 3 år medan den einskilde har status som flyktning i 5 år. Det kom færre flyktningar i 2018 enn forventa. Det får konsekvensar for planlagt inntekt frå staten. I 2019 har vi rekna med at vi får 4,2 mill. kroner lågare enn lagt til grunn i økonomiplan 2018-2021. I tillegg aukar utfordringane i NAV på livsopphald for flyktningar som passerar 5 år, og kvalifiseringsordninga for flyktningar som er ferdige med introduksjonsordninga. Rådmannen ser det som naudsynt å trekkje 2 mill. kroner i 2019 frå flyktningefondet. I tillegg foreslår vi å redusere kostnadane finansiert av nye statsmiddel med 4,2 mill. kroner.

Mål

Ei rask og god integrering slik at alle som buset seg i kommunen kan verte sjølvhjelpete i det norske samfunnet.

Driftsbudsjett flyktingar

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|---------|---------|-------------|---------|---------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2750 Intro stønad | 11 550 | 11 700 | 12 700 | 11 700 | 9 000 | 6 000 | 4 000 |
| 2815 Sosialhjelp | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 |
| 330/2422 | 2 380 | 11 630 | 11 630 | 7 497 | 6 797 | 5 497 | 4 197 |
| 332/ 331/2750 | 4 909 | 4 718 | 4 762 | 4 769 | 4 718 | 4 718 | 4 718 |
| 331/2612/2835 | 100 | -150 | -150 | -155 | | | |
| Ansvar 332 Barnevern | | | | | | | |
| 2440 Barnevern | 990 | 854,5 | 854,5 | 819 | 814 | 814 | 814 |
| 2520 Fosterheim | 2 954 | 3 253,8 | 3 253,8 | 1 504 | | | |
| 2521 Institusjon | 710 | 800,0 | 800,0 | 800 | 800 | 800 | 800 |
| 2529 Andre bv tiltak | 719 | 718,0 | 718,0 | 1 006 | 718 | 718 | 718 |
| 8500 Statstilskott fl | -36 020 | -39 425 | -41 525 | -31 940 | -27 847 | -23 547 | -20 247 |
| 1941-330-2422 Bruk av Disp.fond | | | | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| Driftsutgifter | 30 311 | 39 675 | 40 718 | 34 095 | 29 847 | 25 547 | 22 247 |
| Driftsinntekter | -36 158 | -39 675 | -41 675 | -34 095 | -29 847 | -25 547 | -22 247 |
| Netto Drift | -5 846 | - | -956 | - | - | - | - |
| Årsverk | 6,0 | 6,0 | 6,0 | 6,0 | 6,0 | 6,0 | 6,0 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

- Rådmannen foreslår å bruke 2 mill. kroner frå flyktingefondet og overført teneste 2760 Kvalifiseringsordninga og teneste 2810 Livsopphald.
- Inntektsreduksjonen på 3,9 mill. kroner i 2019 blir foreslått dekkja inn slik:
 - Teneste 2348 Frivillig arbeid - 150 000 kr
 - Teneste 2544 Psykisk helse - 500 000 kr
 - Teneste 2651 Beredskapsbustader flyktingar - 200 000 kr
 - Teneste 2654 Beredskapsbustader eigedomsavdeling - 400 000 kr
 - Teneste 2420 NAV - 1 000 000 kr
 - Teneste 2520 Fosterheim flyktingar - 1 750 000 kr
 - Lønns- og prisstigning 100 000 kr
- Sjå tabell i vedlegg for forslag til innsparing åra 2020 til 2022.

Nærland mottak

Hero Mottak as driftar det statlege mottaket for asylsøkjjarar. Kommunen leverar helsetenester til personar på mottaket og får økonomisk stønad frå staten. Stønadene frå staten går i balanse med utgiftene. Når det gjeld psykiske helsetenester til mottaket har kommunen avtale med Jæren distriktpsikiatriske senter.

Driftsbudsjett Nærland mottak

| Netto ressursbruk | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|-------------------|-----------|----------|--------|--------|-------------|--------|--------|
| | | 2018 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 1 930 | 2 047 | 2 051 | 2 116 | 2 116 | 2 116 | 2 116 |
| Driftsinntekter | -2 708 | -2 117 | -2 117 | -2 257 | -2 257 | -2 257 | -2 257 |
| Netto drift | -777 | -70 | -66 | -141 | -141 | -141 | -141 |
| Årsverk | 2,3 | 1,6 | 1,6 | 1,6 | 1,6 | 1,6 | 1,6 |

Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2019.

Transport, bevilling/skjenkekontroll, lærlingar

Transport omfattar all transport, innleie av drosjar og egne bilar. Det blir årleg køyrd eit høgt km. tal til transport av heimesjukepleie, legevakt, bebuarar i omsorgsbustadar og brukarar av dagtilbod, vaktmeistertjenester og liknande.

Tenesteområdet har 65 bilar til disposisjon som blir nytta til intern transport.

I økonomiplanen 2019-2022 er det lagt inn eit nivå på i snitt om lag 20 lærlingar pr. år.

Driftsbudsjett Transport, Bevilling/skjenkekontroll, Lærlingar

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|---------|--------|-------------|--------|--------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2341 Transport | 1 834 | 1 898 | 1 889 | 2 247 | 2 247 | 2 247 | 2 247 |
| 2547 Lærlingar | 2 603 | 2 420 | 2 420 | 2 077 | 2 420 | 2 420 | 2 420 |
| Driftsutgifter sum | 9 521 | 9 593 | 9 584 | 9 561 | 10 024 | 10 024 | 10 024 |
| Driftsinntekter sum | -5 084 | -5 276 | -5 276 | -5 237 | -5 357 | -5 357 | -5 357 |
| Netto drift | 4 438 | 4 318 | 4 309 | 4 324 | 4 667 | 4 667 | 4 667 |
| Årsverk | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,6 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

- Færre lærlingar på 2. året gir 300 000 kroner lågare kostnad i 2019.

Fengselshelsetenesta

Verksemda blir driven som ein integrert del av kommunen si helseteneste. Utgiftene blir dekkja av staten gjennom øyremerka tilskot, og drifta blir lagt opp etter dette.

Driftsbudsjett fengselstenesta

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|----------|--------|-------------|--------|--------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 5 806 | 5 823 | 6 710,5 | 6 017 | 6 017 | 6 017 | 6 017 |
| Driftsinntekter | -5 772 | -5 823 | -6 671,3 | -6 017 | -6 017 | -6 017 | -6 017 |
| Netto drift | 34 | - | 39 | - | - | - | - |
| Årsverk | 5,4 | 5,4 | 5,4 | 5,4 | 5,4 | 5,4 | 5,4 |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2019.

Bustadar

Vedlikehald og reingjering blir handtert av eigedomsavdelinga. Vedlikehald av uteområdet utanfor institusjonar og bufellesskap er overført til tenesteområdet for tekniske saker og næring.

Hå sjukeheim nyttar 17 omsorgsbustadar i anleggsperioden.

Dette kapittelet inneheld husleigeinntektene og dei kostnadselementa som ikkje blir flytta over til eigedomsavdelinga.

Mål

- Få utnytta bustadene mest mogleg effektivt.

Driftsbudsjett bustader

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|--------|----------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 2650 Trygdebustadar | -5 776 | -5 487 | -5 487 | -5 787 | -5 787 | -5 787 | -5 787 |
| 2650 Verna bustadar | -2 435 | -2 525 | -2 525 | -2 515 | -2 515 | -2 515 | -2 515 |
| Driftsutgifter | 409 | 608 | 608 | 618 | 618 | 618 | 618 |
| Driftsinntekter | -8 622 | -8 620 | -8 620 | -8 920 | -8 920 | -8 920 | -8 920 |
| Netto drift | -8 213 | -8 012 | -8 012 | -8 302 | -8 302 | -8 302 | -8 302 |
| Årsverk | - | - | | 0,0 | - | - | - |

*) med godkjente endringar pr. 31.10.2018

Tiltak

- Gjernet 24C – 36 blir nytta til nytt bufellesskap for psykisk utviklingshemma.
- Foreslår å auka husleigeinntekta på trygdebustadane med 300 000 kroner kr årleg.

Tilskot frå Husbanken, etablering og utbetring

Vidareformidling av statlege midlar frå Husbanken til utbetring/tilpassing og etablering/rehabilitering.

Tilskot frå Husbanken

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-----------|------|----------|------|-------------|------|------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 2 116 | 400 | 1 807 | 200 | 400 | 400 | 400 |
| Driftsinntekter | -2 116 | -400 | -1 807 | -200 | - | - | - |
| Netto drift | - | - | - | - | 400 | 400 | 400 |

inn i rammeoverføringa frå 2020

Tiltak

- Halde fram med drift som i 2018.
- Frå 2020 blir tilskotet gitt i rammetilskottet til kommunane.

Investering

Viktige utfordringar i komande periode

Dei viktigaste satsingane i komande periode er påbygg av to nye etasjar på den nye delen av Hå sjukeheim og å kome i gang med planlegginga av ein ny avlastningsbustad for barn og ungdom på Nærbø.

Sambrukshuset på Nærbø blir omtalt under Samfunnsdelen i budsjettet.

Det er budsjettert med midlar avsett til oppgradering av mindre fagsystem og velferdsteknologi under IT avdelinga i sentraladministrasjonen.

Investeringar i planperioden

| Tal i 1000 kr. | t.o.m. 2018 | Løyving | | | | Tilskott | MVA komp |
|---------------------------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|--------------|----------|----------|
| | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | | |
| Påbygg Hå sjukeheim | 157 820 | | | | | 63 954 | 31 564 |
| Kjøp av bustader/leilegheiter | 5 mill kr/år | 4 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 3 800 | - |
| Bil omsorgstenesta | | 1 390 | 250 | 250 | 250 | | 428 |
| Avlastningsbustad | 1 000 | 4 000 | 16 000 | 8 000 | | 8 000 | 5 600 |
| Rehabiliteringsmidlar helsebygg | 2 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | | * |
| Rehabilitering av Hybelhuset | | 5 000 | 5 000 | | | | 2 000 |
| Ombygging Heimtun gjenbruk og sambruk | | 5 500 | | | | | 1 100 |
| Kjøp av sjukeheimsenger | | 600 | | | | | 120 |
| Rehabilitering Olsvoll | | | | 5 200 | | | 1 040 |
| SUM | | 24 490 | 30 250 | 22 450 | 9 250 | | |

* mva refusjon rehabilitering avheng av kva bygget nyttast til.

1. Påbygg Hå sjukeheim

Dei nye etasjane er planlagt ferdig i mars 2019. Heile budsjettet er løyvd i tidligare år. Budsjettet vart i 2. tertial 2018 auka med 320 000 kroner løyvde prosjektmiddel til heis m.m. i Stampen.

2. Flyktningbustadar/Vanskelegstilte

Til kjøp av bustader til flyktningar og andre vanskelegstilte foreslår rådmannen ei vidareføring av 5 mill. kroner årleg.

3. Nye bilar

Rådmannen foreslår at avsetting av 250 000 kroner årleg til kjøp av ny bil blir vidareført i 2022. Det er lagt inn ekstra middel i 2019 fordi det er behov for utskifting av stor bil til PU dagsenter. I tillegg er bilen til bustadvaktmeisteren for liten for å kunne trekke tung tilhengar og det er behov for ein litt kraftigare bil til dette formålet. Det er planlagt at den nye ruskonsulenten for ungdom tek over den nåverande bilen til bustadvaktmeisteren.

Det er også lagt inn 140 000 kroner til kjøp av brukt truck til vedlikehaldsverkstaden.

4. Avlastingsbustad barn

Det er 2018 vedtatt å byggje ein ny avlastingsbustad for barn og ungdom i Skjeraberget 50 på Nærbø. Det er tidligare bare løyvåd 1 mill. kroner for å kome i gang med planlegginga. Rådmannen foreslår nå å planlegge med kostnadsanslaget på 28 mill. kroner. I kolonna for tilskot i tabellen inngår både forventa husbankstøtte og mva. refusjon.

5. Rehabiliteringsmiddel helsebygg

Eigedomsavdelinga har kalkulert at det trengs 52,1 mill. kroner eksklusiv moms (65,1 mill. kroner inklusiv moms), for å få gjennomført nødvendig vedlikehald og opprusting jf. KS-sak 065/18. Då er bare det mest nødvendige tatt med. For å få funksjonelle bygg vil det i fleire tilfelle vera behov for meir omfattande rehabilitering og ombygging til universell utforming. I økonomiplanen er det sett av 2 mill. kroner per år inklusiv moms til dette arbeidet. Rådmannen rår til at dette blir justert opp til 4 mill. kroner inklusiv moms per år.

Rådmannen viser til Plan for helse- og sosialbygg og Vedlikehaldsplan for kommunale bygg som blir lagt fram for politisk behandling i november 2018.

6. Hybelhuset på Klokkartunet

I plan for helse og sosialbygg framgår det at Hybelhuset treng omfattande rehabilitering. I planen ble det foreslått å omdisponere tidlegare løyvde midlar til bygging eller kjøp av bustadar i budsjettet for 2016. Dette ble vedtatt i kommunestyret KS-sak 065/18.

7. Ombygging Heimtun, sambruk og gjenbruk

Rådmannen sette av 4,5 mill. kroner i 2019 i økonomiplan for 2018-2021 for utbetringar av Heimtun. Planlegginga startar hausten 2018 slik at planen kan verte politisk behandla på nyåret 2019. Det er foreslått 1 mill. kroner i auke for å gi nokre fleire parkeringsplassar.

8. Kjøp av sjukeheimsenger

Når to etasjar på Hå sjukeheim blir ferdigstilt får vi 38 nye rom. Vi anslår at 12 senger kan flyttast frå Heimtun i tillegg til 16 senger frå 2BU. Vi treng då 10 nye senger og nokre nye nattbord til ein kostnad på 0,6 mill. kroner. Når 2BU blir tatt i bruk må det kjøpast inn 16 nye senger og nattbord til ein kostnad på 1 mill. kroner. Når dette skjer er ikkje bestemt.

I sak 096/18 vedtok kommunestyret å legge til 5,2 mill. kroner i 2021 til rehabilitering av Olsvoll. Før rehabilitering av bygningar på Olsvoll vert sett i verk, må det gjerast ein gjennomgang av bruken av lokala.

Vedlegg helse og sosial – Rådmannen sitt forslag

Vedtekne endringer i løpet av 2018

| Teneste | Tiltak 1000 kroner | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------|---|---------|---------|---------|---------|
| 2430 | Prosjektstilling Ungdom og rus | 660 | 660 | | |
| | Finansiering fylkesmannen | -550 | -440 | | |
| 2545 | Ekstra nattevakt pga. tvangsvedtak i bufellesskap | 2 100 | 2 100 | 2 100 | 2 100 |
| | Refusjon frå staten | -1 680 | -1 680 | -1 680 | -1 680 |
| | Ekstra vertskommunemidler tildelt frå staten | 1 000 | | | |
| 2410 | Primærhelseteam Nærbø legekantor | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 |
| | Støtte frå staten | -700 | -700 | -467 | |
| | Refusjon frå Helfo | -700 | -700 | -700 | -700 |
| 2348 | Frivilligsentralen flyttast til helse og sosial | 854 | 854 | 854 | 854 |
| 2530 | Ekstra vertskommunemidler tildelt frå staten | 2 000 | | | |
| | Eigedomsavdelinga trekkas ut | -38 795 | -38 795 | -38 795 | -38 795 |
| | Netto endring frå forrige år 1000 kroner | -34 411 | -37 301 | -37 288 | -36 821 |
| | SUM reduserte årsverk | -16,5 | -16,5 | -17,5 | -17,5 |

Forslag til endringer i økonomiplanen 2019-2022 – tillegg (rådmannens forslag)

| Teneste | Tiltak 1000 kroner | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------|--|--------|--------|--------|--------|
| 2348 | Avlastere må ansettes i kommunen istedenfor oppdragsavtaler. (pen | 300 | 300 | 300 | 300 |
| 2410 | Auka legeheimel og 0,2 heimel i støttefunksjon frå 2022 nettoauke | | | | 600 |
| 2412 | Legevakten. Auka bemanning på natt og auka takst beredskapsvakt | 500 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 2545 | Økt ressursbehov eksisterende bebuar | 985 | 985 | 985 | 985 |
| | Refusjon økt ressursbehov eksisterende bebuar | -150 | -150 | -150 | -150 |
| | SFO funksjonshemmede på ungdomsskule og videregående skule | 300 | 300 | 300 | 300 |
| | Reduksjon synergi ressurskrevende (lavere inntektsrefusjon) | 600 | 600 | 600 | 600 |
| | Off. phd og ekstra kostnader ved utviklingsprosjekt | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 |
| | Trekk frå PU-fond | -1 400 | -1 400 | -1 400 | -1 400 |
| | Barn i barnebolig fylt 18 år og bytter tenestekode nettokostnad | 2 300 | 2 300 | 2 300 | 2 300 |
| 2530 | Fullfinansiering av ekstra nattevakt på Hå sjukeheim | 800 | 800 | 800 | 800 |
| | En avdeling på Hå sjukeheim fikk trukket for mye ved reduksjon 4 se | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| | To ressurskrevjande pasienter er 67 år og gir ikkje refusjon | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| | Nye Hå pasientar i 4BU treng personale | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| | Barn i barnebolig fylt 18 år og bytter tenestekode nettokostnad | -2 300 | -2 300 | -2 300 | -2 300 |
| 2540 | Videreføring av et nytt årsverk hjemmesykepleie i 2021 og 2022 | | | | 700 |
| | Ressurskrevende trenger mindre. Tappt refusjonsinntekt | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| | Synergi gjør at kun deler av utgiftene til ressurskrevende kan fjernes | -1 400 | -1 400 | -1 400 | -1 400 |
| | Barn får ekstraordinær helsehjelp i heimen | 500 | 500 | 500 | 500 |
| | Multidose og responscenter. Viktig for innføring av velferdsteknologi | 300 | 300 | 300 | 300 |
| | To ressurskrevjande pasienter er flytta og gir lågare refusjon | 700 | 700 | 700 | 700 |
| 2760 | Kvalifiseringsordninga | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 2810 | Livsopphald | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 8500 | Lågare inntekter flyktningar enn forventa i gjeldande øk.plan | 3 900 | 4 850 | 8 150 | 11 450 |
| | Netto endring fra forrige år 1000 kroner | 16 335 | 17 785 | 21 085 | 25 685 |
| | SUM økte årsverk | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 5,0 |

*Forslag til innsparingstiltak og auka inntekter i økonomiplanen 2019-2022 –
Rådmannens forslag*

| Teneste | Tiltak 1000 NOK | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---------|---|---------|---------|---------|---------|
| 1200 | Administrativ leing. Reduksjon 1 rådgiverstilling og annonseringsutg | -950 | -950 | -950 | -950 |
| 2348 | Frivillig arbeid. Utsette opptrappinga i eit år. (delfinansiert flyktninger) | -150 | | | |
| 2420 | Reduksjon 0,5 stilling ungdom i arbeid (delfinansiert flyktningemidler) | -300 | -300 | -300 | -300 |
| 2530 | Ingen oppstart av ny korttidsetasje Hå sjukeheim | -7 000 | -7 000 | -7 000 | -7 000 |
| | Ingen opptrapping av 4 sparte sengeplasser etter tilbakeflytting Hå s | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 |
| | Reduksjon 1 leder på Hå sjukeheim | -800 | -800 | -800 | -800 |
| | Nedtrapping vertskommunedødsfall 4BU | -2 000 | | | |
| | To ressurskrevjande pasientar flytta frå heimetenesta | -700 | -700 | -700 | -700 |
| | Utleie av to plasser på Vinkelbygget | -4 400 | -4 400 | -4 400 | -4 400 |
| | Lågare bemanning i ressurskrevjande barnebolig. Utgiftsreduksjon | -750 | -750 | -750 | -750 |
| | Lågare bemanning i ressurskrevjande barnebolig. Inntektsreduksjon | 600 | 600 | 600 | 600 |
| 2540 | Fjerne forslag om 1 heimesjukepleier økning i 2019 | -700 | | | |
| 2545 | Justrert nedtrapping som følgje av vertskommunefrafall | -300 | -300 | -600 | -1 600 |
| | Utsett oppstart av Gjegnet 30 i ett kvartal til 1.oktober | -1 500 | | | |
| | Gjegnet. Fjerne toppbemanning på en psykisk utviklingshemma (net | -200 | -200 | -200 | -200 |
| 8500 | Reduksjon i overføringer frå flyktningemidlene som følge av lågare inntekter: | | | | |
| | Teneste 2348 Frivillig arbeid | -150 | | | |
| | Teneste 2520 Fosterheim flyktningar | -1 750 | -3 246 | -3 246 | -3 246 |
| | Teneste 2530 Institusjonsbebuar | | | -1 300 | -2 600 |
| | Teneste 2544 Psykisk helse | -500 | | | |
| | Teneste 2651 Beredskapsboliger flyktninger | -200 | -200 | -200 | -200 |
| | Teneste 2654 beredskapsboliger eiendomsavdelinga | -400 | -400 | -400 | -400 |
| | Teneste 2420 NAV | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| | Teneste 2750 Inntøstnad | | - | -2 000 | -4 000 |
| 1200 | Økt studiestøtte frå stat og økte leieinntekter frå Bekkeheien | -300 | -300 | -300 | -300 |
| 2410 | Økte inntekter fastlegene | -1 500 | -1 500 | -1 500 | -1 500 |
| 2416 | Økt refusjon frå Helfo frå fysioterapeutene | -200 | -200 | -200 | -200 |
| 2547 | Lærlingar. Færre på 2.året gir litt lavere kostnader i 2019 | -340 | | | |
| 2650 | Ekstra inntekter omsorgsboliger og beredskapsboliger | -300 | -300 | -300 | -300 |
| Fond: | Finansiere auka livsopphald og kvalifiseringsordning frå flyktningefon | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| | Netto endring fra forrige år KNOK | -30 790 | -26 946 | -30 546 | -34 846 |
| | SUM reduserte årsverk | -17,3 | -17,3 | -17,3 | -18,3 |



Tekniske saker og næring

I driftsbudsjettet for 2019 legg vi ikkje opp til vesentlege endringar. I investeringsbudsjettet er hovudprioriteten flaumsikring av Vigrestad og ny hovudvassleidning frå Håland til Kviamarka. Det er òg fokus på sentrumsutvikling og saneringsarbeid. Andre tiltak er skyvd ut i tid eller tatt ut av økonomiplanperioden.

Mål

Tenesteområdet har som målsetting å vera samfunnsutviklar, og å legge til rette for at kommunen kan veksa på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Det skal ytast tenester av god kvalitet, og investeringar skal bli overlevert i rett tid og innanfor godkjente budsjettrammer. Saksbehandlinga skal vera effektiv og målretta. Det skal vera ein god kommunikasjon med aktuelle partar i saksbehandlinga.

Viktige satsingsområder i planperioden

Neste økonomiplanperiode er knytt til tiltak i samsvar med hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp. Det vil og være behov for ein meir heilskapleg plan for vegnettet i kommunen inkludert avklaring av korleis vi skal få finansiert dei store utbyggingane rundt tettstadane. Forholdet kommunal – fylkeskommunal drift av vegar, gang- og sykkelveggar og gatelys, inkludert omklassifisering, bør sjåast nærare på.

Klimaendring og flaumtiltak

2018 har vore eit kontrastfullt værår med ein snørik vinter, historisk tørkeperiode i sommar og ein svært regnfull haust. Dette har vore særleg krevjande for bøndene.

Hå kommune har fått utarbeida ein flaumrapport som tek føre seg alle tettstadane som er utsette for flom. Rapporten beskriv også tiltak for å fjerne eller redusere faren for flaum. Flaumtiltaka er innarbeida i hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp. Hå kommune sendte sommaren 2017 søknad til Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) om tilskot til flomsikring av Vigrestad. Våren 2018 fekk vi tilsegn på 20 mill. kroner til flaumsikring av Vigrestad. Tilskotet dekker inntil 50 % av kostnadane for tiltaket som vil gje betre kapasitet for Vollbekken gjennom Vigrestad sentrum. Arbeidet med første etappe starta opp hausten 2018. Vi har søkt NVE om midlar til fullføring av flaumtiltaka (deletappe 2 og 3) på Vigrestad.

Kommunestyret vedtok å utsetje flaumtiltak for 5,2 mill. kroner frå 2021 til 2022.

Vassleidningar og kloakksanering

Arbeidet med legging av nye vassleidningar og sanering av eldre avløpsanlegg held fram også i denne økonomiplanperioden. Av større prosjekt kan vi nemne vassleidning Prestakrysset – Håland og Dysjaland – Varhaug – Kydland. Det er særleg viktig å skifte ut dei gamle asbestleidningane for å få ned vasslekkasjen og vassleidningsbrota. Større saneringstiltak er Løgefeltet Litlagrøna mm. og Dysjalandsvegen – Toppavegen – Brattlandshagen som begge er planlagd ferdigstilte i 2019.

Kommunedelplan for Nærbø sentrum

Planforslaget har vore ute til offentlig ettersyn sommar og haust 2018, og blir lagt fram til eigengodkjenning hausten 2018. På nyåret 2019 startar arbeidet med detaljregulering av

sentrumsområdet som omfattar Sambrukshus, torg og nærliggjande tiltak. I økonomiplanen for 2018 – 2021 ligg det inne planleggingsmidlar for Nærbø sentrum. Rådmannen føreslår å vidareføre dei. I økonomiplanen for 2018 - 2021 er det sett av 22,6 mill. kroner til sanering i samband med ny sentrumsplan i perioden 2019 – 2021. Rådmannen foreslår å vidareføre dette.

Kommunedelplan for Varhaug sentrum

Planprogram for kommunedelplan for Varhaug sentrum vart fastsett hausten 2017. Vi tek sikte på å legge fram planforslaget til første gangs behandling seinhausten 2019. Vi legg til grunn at gjestebodsmodellen skal nyttast i medverknadsarbeidet. Første gjestebod vart gjennomført i oktober 2018.

Brann

Arbeidstilsynet har gjennomført ein landsomfattande tilsynsaksjon ved brannstasjonane i Noreg. Hensikta med tilsynet var å kartlegge korleis arbeidslokala i brannstasjonane er innretta og tilrettelagt for å redusere/avgrense dei tilsette sin eksponering for helsefarlig støv, gass og partikler.

Det vart gjennomført tilsyn ved brannstasjonane i Hå den 30. mai 2018.

Tilsynsrapporten gir kommunen pålegg om å utbetre dusj- og garderobeforhold, ventilasjon, samt skilje mellom reine og ureine soner i brannstasjonane.

Landbruk

I januar 2018 hadde Fylkesmannen forvaltningsrevisjon av Landsbruksforvaltninga i Hå. Fylkesmannen gav oss fem avvik og fire merknadar. Avvika er i hovudsak knytt til forhold til praktisering av reglar for godkjenning av søknader om produksjonstilskot. Ein av merknadane var at kommunen hadde sett av for lite ressursar til forvaltning av oppgåvene i landbrukssektoren.

Kommunen har nå forsterka ressursane med ny medarbeidar som byrja 1. august 2018.

Hå kommune tek over arbeidsgjevaransvaret for prosjektet «Frivillig tiltak i landbruket» frå 1. januar 2019 frå Rogaland landbruksselskap. Kommunen overtek samstundes leiarvervet i styringsgruppa. Kommunen har i haust tilsett to nye prosjektleiarar då dei to som jobbar i prosjektet i dag, blir pensjonistar. Utgifter er prosentvis delt imellom deltakarkommunane, Fylkesmannen og Fylkeskommunen. Desse kan bli noko høgare for kommunane etter kvart på grunn av lågare støtte frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen.

Prosjektet «Bærekraftig gjødselstrategi» er sett i gang. Hå kommune er leiar for prosjektet. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt med Time og Klepp kommunar og forskningsinstituttet Norce (IRIS). Prosjektet har fått kr. 500 000,- i støtte frå Regionale forskningsfond for Vestlandet og kr. 200 000,- av Fylkesmannen i Rogaland. Kommunane sin eigenandel er eigen arbeidsinnsats.

Grønt

Utbygginga i kommunen aukar grøntvedlikehaldet langs nye vegnett og område. For å ha ein betre oversikt og kontroll over alle grøntområda, ønskjer vi å sjå på løysingar for betre kartlegging og digitalisering.

Grøntavdelinga ønskjer å bli lærebedrift for lærlingar, jf. KS-sak 031/17, 11.05.17.

Prosjektoppfølgning og digitalisering

Eigedomsmodulane i WebSak er innført. Byggesaksdialogen er tatt i bruk, medan plandialogen vil bli tatt i bruk vinteren 2018/2019. Modulane gjev innbyggjarane tilgang til alle dokument tilhøyrande byggjesaker under behandling, pågåande planarbeid, plankart og føresegner, gjennom bruk av Smartkommune si innsyns- og dialogløysing eByggWeb.

Hausten 2018 gjekk vi over til sentral lagring av fkb-data («vanlege kartdata»). Dette betyr at ajourførte kartdata er tilgjengeleg for dei andre partane i «Norge digitalt»-samarbeidet like etter oppdateringa. På sikt skal vi også gå over til sentral lagring/geosynkronisering av plandata.

For å effektivisere arbeidsdagen til feiaren, planlegg vi å ta i bruk ei digital løysing for registrering av feiing og tilsyn. Ved bruk av denne mobile løysinga, kan registrering og loggføring gjennomførast ute i felt.

Det er tilrettelagt for elektroniske betalingsløysingar (VIPPS) for renovasjon på gjenvinningsstasjonen og betaling av ekstra søppelsekker for restavfall.

Uteavdelinga vil frå 2019 ta i bruk elektronisk timeregistreringssystem som forenkler rutinar mot lønn og rekneskap.

Endringar i organisasjonen

Avdelingane Kommunalteknikk og Utbyggingsavdelinga vil bli slegne saman sommaren 2019 når avdelingsleiar for Kommunalteknikk blir pensjonist. Stillinga som landskapsarkitekt, blei seinhausten 2018 organisatorisk overført frå Kommunalteknikk til Plan og forvaltning, arealplan. Landskapsarkitekten skal ha dei same arbeidsoppgåvene som i dag. Organisasjonsendringa er ledd i betre internt samarbeid mellom drift og plan. Seksjonen Brann blei skilt ut som eiga avdeling våren 2018, som ledd i endringa som skal skje sommaren 2019.

Effektivisering gjør at økonomimedarbeidar ikkje blei erstatta då han gjekk av med pensjon og desse tenestene blir levert frå den sentrale økonomiavdelinga.

Nøkkeltal

Ressursbruk for tenesteområdet

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|----------|----------|-------------|----------|----------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 146 331 | 151 914 | 159 408 | 161 818 | 161 578 | 161 557 | 161 557 |
| Driftsinntekter | -100 105 | -100 209 | -103 062 | -106 984 | -111 178 | -117 677 | -120 115 |
| Bruk av (bundne) fond | -7 511 | -7 947 | -8 334 | -8 931 | -6 855 | -1 761 | -718 |
| Netto drift | 38 715 | 43 758 | 48 012 | 45 903 | 43 545 | 42 119 | 40 724 |
| Årsverk med fellesavdeling | 56,9 | 58,9 | 58,1 | 58,2 | 57,4 | 57,4 | 57,4 |

*) med godkjente endringar pr.
31.10.2018

Ressursbruk per område

| Ressursbruk | R 2017 | B 2018 | B 2018 (*) | B 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Fellesavdelingane | - | - | - | - | - | - | - |
| Adm/øko/arkiv | 3 571 | 527 | 573 | 357 | 357 | 357 | 357 |
| Tilskott fylkesvegar | - | - | - | - | - | - | - |
| Plansaksbehandling | 2 537 | 3 077 | 3 096 | 3 792 | 3 792 | 3 792 | 3 792 |
| Bygge-, delings- og seksjoneringssaker | -587 | -208 | -177 | -9 | -4 | -1 | - |
| Kart og oppmåling | 1 027 | 1 645 | 1 686 | 1 726 | 1 726 | 1 726 | 1 726 |
| Forretningsdrift hamner | 3 | 120 | 120 | 120 | 120 | 120 | 120 |
| Næring | 2 341 | 2 570 | 2 701 | 2 796 | 2 796 | 2 796 | 2 796 |
| Frivillig tiltak i landbruket | - | - | - | 116 | 116 | 116 | 116 |
| Næring/ Landbruk | 2 367 | 3 446 | 3 670 | 3 401 | 3 771 | 3 771 | 3 771 |
| Kommunale vegar, drift vegar | 13 001 | 14 002 | 15 839 | 15 144 | 15 144 | 15 144 | 15 144 |
| Gatelys | 2 542 | 2 976 | 2 994 | 2 994 | 2 994 | 2 994 | 2 994 |
| Grøntanlegg | 7 086 | 8 257 | 8 400 | 8 408 | 8 408 | 8 408 | 8 408 |
| Helse | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 |
| Feiing, tilsyn | -77 | - | 12 | - | - | - | - |
| Brannvesen | 9 376 | 9 328 | 9 439 | 9 868 | 9 868 | 9 868 | 9 868 |
| Vassforsyning | -640 | 139 | 437 | 9 | -604 | -794 | -895 |
| Avløp | -4 065 | -2 570 | -1 500 | -3 393 | -5 499 | -6 622 | -7 659 |
| Tømming septiktankar | -48 | - | - | - | - | - | - |
| Renovasjon | -473 | -343 | -39 | -187 | -201 | -317 | -575 |
| Friluftsliv | 41 | 30 | 30 | 30 | 30 | 30 | 30 |
| Avskrivningar | 313 | 362 | 331 | 331 | 331 | 331 | 331 |
| Netto drift u fellesavdeling | 38 715 | 43 758 | 48 012 | 45 903 | 43 545 | 42 119 | 40 724 |

*) med godkjente endringar pr 31.10.2018

Årsverk

| Årsverk | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Plan- og forvaltningsavdeling | 16,9 | 17,5 | 18,7 | 18,7 | 18,7 | 18,7 |
| Teknisk drift | 26,8 | 24,9 | 25,7 | 25,7 | 25,7 | 25,7 |
| Kommunalteknikk | 7,5 | 8,3 | 2,8 | 2,0 | 2,0 | 2,0 |
| Brann | | | 4,5 | 4,5 | 4,5 | 4,5 |
| Næring og hamn | 0,7 | 0,7 | 0,7 | 0,7 | 0,7 | 0,7 |
| Utbyggingsavdeling | 3,7 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 |
| Stab | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 |
| SUM | 58,6 | 58,4 | 59,4 | 58,6 | 58,6 | 58,6 |

Hå kommune overtar arbeidsgjevaransvaret for prosjektleiarane i Frivillig tiltak i landbruket 1.1.19. Dette utgjør 1,2 årsverk.

1200, 1203 Administrativ leiding, økonomi/rekneskap

Driftsbudsjett

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|------|----------|-------|-------------|-------|-------|
| | 2017 | 2018 | 2018*) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 3 669 | 531 | 577 | 1 233 | 1 233 | 1 233 | 1 233 |
| Driftsinntekter | -98 | -4 | -4 | -876 | -876 | -876 | -876 |
| Netto | 3 571 | 527 | 573 | 357 | 357 | 357 | 357 |
| Årsverk | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 |

*) med godkjente endringer pr. 18.10.18

I 2018 vart kostnader som t.d. kurs og reiseutgifter, flytta frå administrasjon (teneste 1200 og 2003) og ut til dei ulike tenestene. For å sikre rett prioritering, er budsjettet for dette nå lagt tilbake til administrasjonen. Kostnadane vil bli ført der dei er brukt. Auken i driftsinntekter er fordelte utgifter. Dette gjer endringar i rammene på alle tenestene. Heimel til øko-ressurs er ikkje tatt ut, men kostnadane er redusert til 0,7 årsverk.

1900, 1901 og 1902 Felles/driftsavdeling

Mål:

- Effektiv og velorganisert driftsavdeling.
- God beredskap ved akutt behov for VVA-tenester (veg, vatn og avløp)

Driftsavdelinga utfører anleggs- og vedlikehaldsarbeid innanfor områda veg, vatn, avløp, renovasjon og grøntområde. I budsjettet er utgiftene til drift i eigen regi fordelt på tenestene etter planlagde oppgåver og tiltak. Fordelinga mellom tenestene vil variera avhengig av kva for prosjekt som eignar seg best for gjennomføring i eigen regi.

Årsverk

| Mannskap på teneste | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------------------|------|------|------|------|------|------|
| 1900 Veg/anleggsarbeid. | 13,0 | 13,0 | 13,0 | 13,0 | 13,0 | 13,0 |
| 1901 Gartnar | 5,5 | 5,5 | 5,5 | 5,5 | 5,5 | 5,5 |
| 1902 Lager verkstad | 0,4 | 0,4 | 0,4 | 0,4 | 0,4 | 0,4 |
| Sum årsverk | 18,9 | 18,9 | 18,9 | 18,9 | 18,9 | 18,9 |

Driftsutgifter

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|--------|----------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018*) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 1900 Veg/anleggsarb. | 10 780 | 11 143 | 11 208 | 11 341 | 11 341 | 11 341 | 11 341 |
| 1901 Gartnar | 4 212 | 4 343 | 4 372 | 4 187 | 4 187 | 4 187 | 4 187 |
| 1902 Lager verksted | 598 | 796 | 797 | 799 | 799 | 799 | 799 |
| I alt | 15 590 | 16 282 | 16 377 | 16 327 | 16 327 | 16 327 | 16 327 |

*) med godkjente endringer pr. 18.10.18

3010 Plansaksbehandling

Mål

- Effektiv og målretta planlegging og behandling av planar. God kommunikasjon med aktuelle partar.

Driftsbudsjett

| Budsjett | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|-------------------------|-----------|-------|----------|-------|-------------|-------|-------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Brukarar: | | | | | | | |
| Områdereguleringsplaner | 1 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Detaljreguleringsplaner | 6 | 6 | 6 | 8 | 8 | 8 | 8 |
| Ressursbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 3 574 | 3 683 | 3 988 | 4 477 | 4 477 | 4 477 | 4 477 |
| Driftsinntekter | -1 037 | -606 | -892 | -685 | -685 | -685 | -685 |
| Netto drift | 2 537 | 3 077 | 3 096 | 3 792 | 3 792 | 3 792 | 3 792 |
| Årsverk | 4,4 | 4,4 | 4,4 | 4,8 | 4,8 | 4,8 | 4,8 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Endring i årsverk og auke i ramma skuldast omfordeling av stillingsheimlar innanfor Plan og forvaltning og kr. 200 000 avsett til konsulentbruk som ikkje er knytt til eit konkret investeringsprosjekt.

Det er også i 2019 og dei påfølgjande åra, venta eit stort behov for utarbeiding og saksbehandling av nye arealplanar. For å oppnå kvalitativt gode fortettingsprosjekt, blir hovudtyngda av desse tiltaka behandla som reguleringssaker. Enkelt dispensasjonar gir sjeldan eit godt nok grunnlag for ei samla vurdering. I etablerte område er det ofte utfordrande å få til gode prosjekt samstundes som ein oppfyller krava til arealutnytting i kommuneplanen.

Kommuneplanen skal danne grunnlag for detaljplanlegging og utbygging. Førebuingar til rullering i neste valperiode vil starte i 2019. Vi må mellom anna ha ein gjennomgang av bustadbyggjeprogrammet. Nokre planinitiativ som er i strid med kommuneplanen, vil no vente på rullering av denne.

Viktige plansaker i 2019 vil m.a. vera

- Sentrumsplan for Varhaug
- Detaljregulering av sambrukshuset og omkringliggende areal omtalt under Samfunnsdelen «Nærbø sentrum – Sambrukshuset»
- Større private bustadprosjekt på Nærbø, Varhaug, Vigrestad og Sirevåg
- Fleire masseuttak, med motsegner
- Andre kommunale planer etter prioritering – vegar, idrettsanlegg, næring, områdeplanar.

Talet på private detaljplanar som vil bli fremma for kommunen, er usikkert. Det vil på kort sikt avhenge av den generelle økonomiske utviklinga og etterspurnaden etter nye bustadar, næringsetableringar m.m. I 2018 har rådmannen merka auka interesse for planarbeid.

Fleire nye planar er i dialogfase i forkant av formell planoppstart. Andre planarbeid som har

stoppa opp/vore på vent, er no i gang igjen. Dette gjeld både bustads-, fritids- og næringsformål. Regelverket i kommuneplanen om å behandla fleire av fortettingsprosjekta som reguleringssaker og ikkje som dispensasjonar, vil også påverka talet på detaljplanar. Det er for tida 15 private og 15 kommunale, aktive planar under arbeid, i tillegg kjem komande og inaktive planar.

Gebyrsatsane for plansaker er i 2018 mellom 14 og 40% lågare i Hå enn i nabokommunane. Gebyra for behandling av plansaker blir foreslått auka med 20% for å i større grad samsvare med nabokommunane og å dekkja inn arbeidet med planar. Sjølvkost-rekneskapen for plansaker går i dag i minus.

3020 Bygge-, delings- og seksjoneringssaker

Mål

- Effektiv og kundeorientert saksbehandling.

Driftsbudsjett

| Budsjett | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|--------------------------------|-----------|--------|----------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Brukarar: | | | | | | | |
| Bygge-delingsøknadar | 500 | 500 | 500 | 350 | 350 | 350 | 350 |
| Eigenerklæringar- kons. frihet | 90 | 90 | 90 | 90 | 90 | 90 | 90 |
| Seksjoneringar | 35 | 35 | 35 | 25 | 25 | 25 | 25 |
| Ressursbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 4 347 | 4 285 | 4 316 | 3 888 | 3 888 | 3 888 | 3 888 |
| Driftsinntekter | -3 424 | -3 673 | -3 673 | -3 170 | -3 170 | -3 170 | -3 170 |
| Bruk av bunde fond | -1 510 | -820 | -820 | -727 | -722 | -719 | -718 |
| Netto drift | -587 | -208 | -177 | -9 | -4 | -1 | - |
| Årsverk | 4,6 | 5,0 | 5,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Endring i årsverk og i ramma skuldast omfordeling av stillingsheimlar innanfor Plan og forvaltning og Stab.

Det er framleis ein nedgang i talet på byggesaker. Tendensen er fleire tidkrevjande dispensasjonar og ukurante saker, og nedgang i kurante eitt-trinns byggesøknader og nye bustadbygg. Auken i dispensasjonssaker, oppfølging og kontroll m.m., veg opp for nedgangen i saker som gjeld nye bustadbygg.

Det er lagt opp til bruk av «bundne driftsfond byggjesak» i økonomiplan perioden. Per 1.1.2018 var fondet på 3,87 mill. kroner.

Gebyra for byggesaker blir foreslått auka med 15 %. Bakgrunnen for dette er at gebyrnivået, som følgje av ei endring i retning av stadig meir ukurante saker, ikkje lenger er høgt nok til å dekke nødvendige, gjennomsnittlege kostnader som er knytte til behandlinga av dei ulike sakstypene. Det er tillegg foreslått at ein større del av gebyra skal dekke tilsyn i pågåande bygge- og delesaker. Ei auke i gebyrnivået vil innebære ei tilnærming til det høgare gebyrnivået i nabokommunane.

Nytt gebyrregulativ for eigarseksjonssaker trådte i kraft 01.01.2018. Gebyr for eigarseksjonssaker blir ikkje foreslått auka no.

3030 Kart og oppmåling

Mål

- God kvalitet på saksbehandling etter matrikkelloven. Oppdatert og fortløpande ajourhald av kartdata.

Driftsbudsjett

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|--------|----------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Brukarar: | | | | | | | |
| Eiged.oppl. v/eigarskifte | 200 | 220 | 220 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| Oppmålingsforretningar | 150 | 150 | 150 | 150 | 150 | 150 | 150 |
| Ressursbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 4 425 | 4 106 | 4 679 | 4 257 | 4 257 | 4 257 | 4 257 |
| Driftsinntekter | -3 036 | -2 461 | -2 993 | -2 531 | -2 531 | -2 531 | -2 531 |
| Bruk av bundne fond | -362 | - | | | | | |
| Netto drift | 1 027 | 1 645 | 1 686 | 1 726 | 1 726 | 1 726 | 1 726 |
| Årsverk | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Endring i årsverk skuldast omfordeling av stillingsheimlar innanfor Plan og forvaltning.

Bunde driftsfond oppmåling, 25100604, var pr. 1.1.2018 på 2,07 mill. kroner.

Kommunen har etter plan- og bygningslova, ansvar for å ha eit tilfredsstillande kartverk over kommunen og vedlikehalda dette. Vedlikehald av det digitale kartverket i samsvar med sosi-standarden, er ei stadig viktigare oppgåve. Det er gjennomført overgang til sentral lagring av kartdata i 2018.

Arbeidsmengda innanfor tenesta fordeler seg om lag likt på oppmålingsoppgåver og kartvedlikehald. Etter matrikkellova er det berre utgiftene til oppmålingsoppgåvene som kan gebyrfinansierast. Det er budsjettert med at gebyra skal dekkja inn 100 % av utgiftene til oppmålingsarbeida. For å oppnå kostnadsdekning er det foreslått å auke gebyret med ca. 5 %. Kostnader til oppmålingsarbeid for ei vanleg bustadtomt vil då auke med kr. 1 000 til kr. 21 000. Gebyr for eigedomsopplysningar til meklar blir forslått auka med 2,8 % i samsvar med den generelle prisauken.

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|-----------------------|------|------|------|------|------|
| 613 | Geovekst Fkb-prosjekt | 500 | 400 | 200 | 200 | 200 |
| | Sum | 500 | 400 | 200 | 200 | 200 |

Hå kommune er med i Geovekst-samarbeidet der statens kartverk, kommunane og andre offentleg eigde verksemder samarbeider om finansiering av etablering og vedlikehald av digitale kartdata.

I tillegg til administrativt vedlikehold av kartdata er det nødvendig med jamleg ny flyfotografering for å oppdatere karta (fotogrammetrisk ajourføring). Det er i samsvar med geodatatplanen gjennomført ny flyfotografering i 2018 saman med nabokommunane. Hå kommune sine kostnader i prosjektet blir dekket over to år, dvs. i 2018 og 2019.

3200 Forretningsdrift hamner

Driftsbudsjett

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|---------|------|-------------|------|------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 4 | 150 | 150 | 150 | 150 | 150 | 150 |
| Driftsinntekter | -1 | -30 | -30 | -30 | -30 | -30 | -30 |
| Netto drift | 3 | 120 | 120 | 120 | 120 | 120 | 120 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Denne tenesta omfattar kommunen sine hamner og sjøområde som ikkje er inkludert i Sirevåg hamn i Hå KF sitt verkeområde. Midla blir nytta til mindre vedlikehaldsoppgåver som kommunen må utføra. Etter år med lite vedlikehold, er det behov for noko meir midlar til vedlikehold i dei mindre hamnene.

3252 Næring

Mål

- Inspirere etablerte og nye bedrifter til nyskaping og utvikling av arbeidsplassar i Hå kommune.
- Bidra til ei positiv profilering av Hå kommune som ein næringsvennleg kommune.
- Legge til rette for sal og marknadsføring av kommunen sine næringsareal.

Driftsbudsjett

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|---------|-------|-------------|-------|-------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 3 754 | 2 814 | 4 004 | 2 796 | 2 796 | 2 796 | 2 796 |
| Driftsinntekter | -1 413 | -124 | -1 303 | 0 | - | - | - |
| Bruk av fond | | -120 | | 0 | - | - | - |
| Netto drift | 2 341 | 2 570 | 2 701 | 2 796 | 2 796 | 2 796 | 2 796 |
| Årsverk | 1,0 | 0,7 | 0,7 | 0,7 | 0,7 | 0,7 | 0,7 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Arbeidet med vidareutvikling av næringsområda i Kviamarka og på Grødalaland må vidareførast. Marknadsføring og nyetableringar i dei kommunale næringsområda vil bli ei viktig arbeidsoppgåve framover. Det same gjeld arbeidet for å få nye bedrifter til å etablere seg i Krusemarka, Tjemslandsmarka, Skoga og Sirevåg hamn.

Hå kommune skal bidra aktivt i samhandling med bedriftene i kommunen gjennom møter i dei ulike næringsforeiningane. Vår oppgåve er å halda næringslivet oppdatert på det som går føre seg i kommunen, og bidra til å rettleie bedriftene i møte med den offentlege forvaltninga.

Kommunen er i dag aktivt med i ulike fora og organisasjonar innanfor næringsutvikling. Det blei i 2018 starta opp eit prosjekt saman med nabokommunane Klepp og Time og Region

Stavanger med fokus på utvikling av reiselivet på Jæren. Prosjektet er støtta av fylkesmannen med kr. 250 000 gjennom ordninga Handlingsprogram for Næring i Rogaland. Prosjektet skal slutføres innan utgangen av 2020.

3290 Landbruksnæring

Mål

- God saksbehandling for landbruksnæringa.
- Pådrivar til vekst og miljøriktig utvikling

Driftsbudsjett

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|-------|----------|-------|-------------|-------|-------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 3 863 | 4 419 | 4 967 | 4 327 | 4 121 | 4 121 | 4 121 |
| Driftsinntekter/refusjonar | -1 496 | -773 | -1 297 | -576 | -226 | -350 | -350 |
| Bruk av fond | | -200 | | -350 | -124 | - | - |
| Netto drift | 2 367 | 3 446 | 3 670 | 3 401 | 3 771 | 3 771 | 3 771 |
| Årsverk | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 3,7 | 3,7 | 3,7 | 3,7 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Tenesta omfattar forvaltning av regelverk for vilt, skog og landbruk, samt miljøsaker. Landbrukskontoret forvaltar ulike tilskot i landbruket og midlar til ulike samarbeidsprosjekt som t.d. frivillige tiltak i landbruket. Desse prosjekta er samarbeidsprosjekt med m.a. andre kommunar, fylkeskommunen og fylkesmannen. Tilskota blir betalt ut administrativt. Til reinseparkar blir det løyvd eit kommunalt tilskot på 15 % av kostnadsoverslag. Dette tilskotet kjem i tillegg til tilskot frå staten gjennom Jæren vassområde (Fylkeskommunen).

Ein vesentleg del av arbeidet ved avdelinga, er knytt til behandlinga av søknadane frå bøndene om produksjons- og avløysartilskot, avløysartilskot ved sjukdom, regionalt miljøtilskot, spesielle miljøtilskot i landbruket (SMIL), tilskot til drenering av jordbruksareal og godkjenning av søknadar til Innovasjon Norge.

Rådmannen har i 2018 auka bemanninga innanfor seksjonen, i tråd med økonomiplanen for 2018-2021. (Jamfør også forvaltningskontrollen som vart gjennomført i januar 2016 og 2018 kor fylkesmannen i Rogaland la inn merknad om at det er sett av for lite ressursar til forvaltning av oppgåvene på landbruksområdet.) Seksjonen har hatt utfordringar med å løyse dei lovpålagte oppgåvene med bemanninga som har vært. 0,5 årsverk forsvann då skogbruksansvarleg slutta i stillinga si.

I økonomiplanen 2018-2021 blei det lagt inn kr. 500 000 i driftsbudsjettet kvart år i perioden 2018-2020 til gjennomføring av tiltaka i Tiltaksplan for Håelva. Planen vart godkjend i Utval for tekniske saker og næring i UTN-sak 081/17, 30.05.17. Det er prosjektert diverse tiltak i Håelva, mellom anna er det planlagt tiltak i området frå osen til Hauglandsbrua. Dette genererer eit arbeidsbehov som svarar til ca. ½ stilling i prosjektperioden. Dette vil bli dekkja av eksisterande arbeidsressursar.

Prosjektet «Miljøregistrering på gårdsbruk i Hå» held fram. Refusjon på kr. 440 000 er løyvd frå fylkesmannen (SMIL-midlar) og fylkeskommunen til ei prosjektstilling knytt til miljøregistrering i landbruket. Kommunen sin eigendel i denne stillinga er kr. 200 000 som

blir dekt ved bruk av fond (næringsfond jordbruk 25660022). Per 1.1.2018 er fondet på kr. 524 000. Prosjektet blei ikkje ferdigstilt i 2018. På grunn av fødselspermisjon har prosjektet ikkje hatt den framdrifta som var planlagt. Prosjektleiaren sluttar i engasjementet 31. oktober. Kommunen vidarefører prosjektet med eigne arbeidsressursar fram til 1. juli 2019.

3321, 3322 Kommunale vegar

Mål

- God standard på alle kommunale vegar, samt gang- og sykkelvegar (g/s-vegar).
I tillegg skal det vera god vinterberedskap på vegar, g/s-vegar og parkeringsplassar.

Driftsbudsjett

| Budsjett | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|---------|----------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Brukarar: | | | | | | | |
| Veglengde(meter) | 143 800 | 155 300 | 155 300 | 157 200 | 157 500 | 157 700 | 157 900 |
| Gangvegar (meter) | 50 900 | 51 400 | 51 400 | 51 800 | 52 200 | 52 500 | 52 800 |
| Ressursforbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 12 751 | 13 944 | 14 936 | 15 066 | 15 066 | 15 066 | 15 066 |
| Driftsutgifter, vinter | 1 464 | 709 | 1 909 | 709 | 709 | 709 | 709 |
| Tilskot private | 35 | 50 | 50 | 50 | 50 | 50 | 50 |
| Driftskostnader | 14 250 | 14 703 | 16 895 | 15 825 | 15 825 | 15 825 | 15 825 |
| Driftsinntekter | -1 249 | -701 | -1 056 | -681 | -681 | -681 | -681 |
| Netto drift | 13 001 | 14 002 | 15 839 | 15 144 | 15 144 | 15 144 | 15 144 |
| Årsverk | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Endring i driftsutgiftene skuldast auka avskrivningar.

Statens vegvesen har i møter med kommunen, signalisert at dei ønskjer å omklassifisera nokre av fylkesvegane. SVV arbeider i denne omgang med sak om å omklassifisera Odlandsvegen og Reiestad frå fylkesveg til kommunal veg. SVV ynskjer vidare å overta ein del gang – og sykkelvegar langs fylkesvegar slik at same eigar drifter både hovudveg, gang- og sykkelveg og gatelys når dei ligg attmed kvarandre. Rådmannen meiner det er aktuelt å oppklassifisera nokre vegar frå kommunal veg til fylkesveg, til dømes ny omkjøringsveg på Nærbø frå Bernervegen fram til Krusemarka industriområde. Kva dette vil seia for framtidig økonomiplanar er vanskelig å sei noko om nå.

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|--|-------|-------|-------|-------|--------|
| | Haugstadv. - Stokkelandsm. et.2 frå rundkj og sørover. | | | | | 9 900 |
| 724 | Veg Vigrest. Småh.v.-Grønholv. | | | 5 000 | | |
| 732 | Fuglestadvegen grunn og prosjektering | 2 000 | | | | |
| T501 | Omkjøringsveg Vigrestad Grønholvsvegen - Langgata planl. | 1 500 | | | | |
| | Veggrunn Sirevåg (felt I9 og K/I4) | | 100 | 1 500 | | |
| | Omkj.veg Krusemarka til Torlandsvegen | | 200 | 300 | 500 | 5 000 |
| | Omkjøringsveg Nærbø Aust (fv 215 Torlandsvegen – fv 181 Opstadvegen) | | 300 | | | |
| T502 | Omkjøringsveg Varhaug Trafikkanalyse m.m | 1 000 | | | | |
| 731 | Opprusting av vegar | 800 | 900 | 900 | 900 | 900 |
| | Sum | 5 300 | 1 500 | 7 700 | 1 400 | 20 800 |
| | Tilskott/refusjon | | | | | |
| | Netto komm. midlar | 5 300 | 1 500 | 7 700 | 1 400 | 20 800 |

Det er ikkje utført prisjustering av fleire av tala sidan 2014. Nokre av summene er difor endra for prisstigning.

Haugstadvegen-Stokkelandsmarka etappe 2

Prosjektet er ein vidareføring av vegen fram til sentrumsområdet. Det er lagt inn 9,9 mill. kroner i 2022, som er ei flytting frå 2020 i gjeldande økonomiplan.

724 Omkjøringsveg Vigrestad, Småhaugvegen-Grønholvsvegen

Planarbeidet for vidareføring av omkjøringsvegen nordaust for Vigrestad frå Småhaugvegen og fram til Grønholvsvegen er starta. Anleggsarbeidet blir skyvd ut til tidlegast 2022. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret og investeringane er flytta tilbake til 2020.**

T501 Omkjøringsveg Vigrestad, Grønholvsvegen – Langgata

Det blei lagt inn 1,5 mill. kroner i 2018 til planlegging av traseen vidare frå Grønholvsvegen fram til Langgata. Planarbeidet bør kunna ferdigstillast i løpet av 2020 om ynskjeleg. I pågåande vegplan vil tidspunkt for opparbeiding bli drøfta.

T502 Omkjøringsveg Varhaug

Det blei sett av 1,0 mill. kroner til transport- og trafikkanalyse i 2018. Analysen vil bli utarbeida i samanheng med Sentrumsplanen for Varhaug. Utgreiingane kan deretter danne grunnlag for drøfting med statlege og fylkeskommunale instansar før innteikning på kommuneplankartet.

Omkjøringsveg Krusemarka til Torlandsvegen

Ut frå venta sal av næringstomter bør planlegginga av denne vegen starta opp i planperioden. Det er lagt inn planleggingsmidlar i 2019-2021 og noko midlar til oppstart av bygging seint i 2022.

731 Opprusting av vegar

Løyvinga på 0,9 mill. kroner per år til opprusting av kommunale vegar er vidareført og prisjustert.

3323 Trafikksikring

Mål

- Sikre trygge og gode vegar.

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|---|-------|--------|-------|--------|--------|
| T600 | Diverse mindre anlegg | 200 | 200 | 200 | 200 | 200 |
| T602 | G/S-veg Varhaug - Kviamarka, langs Dysjalandsv. | 1 000 | 2 500 | 5 000 | | |
| T601 | G/S-veg langs Kviav.- turveg Motlandshagen | | 1 500 | | | |
| | G/S-veg langs Fv 44 Brusand | | 200 | 300 | 3 000 | |
| T700 | Turdrag ny plan våren 2017 | | 500 | 500 | 500 | 500 |
| | G/S-veg langs Fv 215 Torland - Haugland | | | 500 | 500 | 10 000 |
| | Fortau Kv Skårvegen | | 600 | | | |
| | G/S-veg langs Fv 170, Risa, plan og ark. | | | 1 000 | | |
| | Sum | 1 200 | 5 500 | 7 500 | 4 200 | 10 700 |
| | Tilskot/refusjon | | -2 160 | -250 | -3 300 | -5 000 |
| | Netto kommunale midlar | 1 200 | 3 340 | 7 250 | 900 | 5 700 |

Jf. også kommentar om omklassifisering av vegar under 3321 Kommunale vegar.

Statens vegvesen etablerte ei tilskotsordning for auka sykling i 2014.

Dette er ei ordning for kommunar som ikkje er med i eit byvekst- / bymiljøavtaleområde. (Dei fleste større byane og kommunane er med i ein slik avtale.) Ramma var i 2018 på 100 mill. kroner på landsbasis, men det blei bare tildelt 76,4 mill. kroner i bidrag. Regjeringa sin plan er å fortsetja med 100 mill. kroner/år til 2022 og å utvide ordninga til 353 mill. kroner årleg etter 2023.

Det kan søkjast om 50 % i bidrag, inkludert grunn og planlegging, til bygging av gang/sykkelveg, skilting, parkering og oppmerking.

Dersom tiltaket krev regulering for å kunna byggjast, skal dette vere gjort før søknad kan sendast. Det gis ikkje tilskot til tiltak staten normalt skal dekkje sjølv.

Alle tiltak må vere i tråd med vanlege normer og praksis.

Hå har til nå ikkje søkt om midlar frå denne posten. I forslag til budsjett legg ein i første omgang opp til å søkja om slike midlar til gang/sykkel veg langs Fv. 215 Torland – Time grense.

T602 G/S-veg Varhaug – Kviamarka langs Dysjalandvegen

Det er foreslått avsett midlar til planlegging av gang/sykkel-veg frå Varhaug til Kviamarka samtidig med legging av vassleidning på same strekninga. Dette som følgje av tiltak i

forbindelse med nytt høgdebasseng på Håland, bygd av IVAR. Det blei sett av midlar til å prosjektera gang/sykkel-veg i 2018 for å sjå på desse tiltaka i ein samanheng. Planlegginga er godt i gang. Rådmannen foreslår å sette av midlar til fullføring av gang/sykkel-veg over leidningstrase i 2019/20. Det er søkt om trafikksikringsmidlar i tilskot til planlegging av gang/sykkel-vegen.

G/S-veg langs Fv. 170 Risa, plan og arkeologi

Det er foreslått å avsette midlar til teknisk planlegging og regulering av g/s-veg Fv. 170 Garborg – Risa, til Time-grensa i 2020. Dette er naudsynt for å kunne ha klar planar om det blir mogleg å få tilskotsmidlar eller andre midlar frå Statens vegvesen. Det er ikkje funne rom for midlar til bygging i perioden. I handlingsprogram for fylkesvegnett 2018 – 2021(23) ligg det inne forslag om 5 mill. kroner i 2022 – 2023 til bygging av gang- og sykkelvegen.

T601 G/S-veg langs Kv. Kviavegen til Fv. 159 Store Ring

Statens vegvesen har vurdert trafikksituasjonen i krysset ved Fv. 159 Store Ring og konkludert med at det ikkje er krav om store tiltak i samband med etablering av g/s-veg langs Kv. Kviavegen. Rådmannen foreslår å etablere planlagt g/s-veg, og at vi søker om TS-midlar til tiltaket. Det blei i 2018 søkt om TS-midlar til prosjektering utan at dette blei innvilga.

Plan for turdrag

Det blei i økonomiplanen 2018-2021 sett av 1 mill. kroner kvart år til gjennomføring av tiltak i Plan for turdrag. Denne millionen blir frå 2019 delt mellom grøntanlegg og trafikksikring då fleire av tiltaka også er trafikksikringstiltak.

3324 Gatelys

Mål

- Feil på lamper og anlegg skal utbetrast snarast jf. vedlikehaldsavtale.

Driftsbudsjett

| Budsjett | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|-------|----------|-------|-------------|-------|-------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Gatelys | 4 300 | 4 300 | 4 343 | 4 380 | 4 400 | 4 400 | 4 400 |
| Ressursforbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 3 535 | 3 602 | 3 620 | 3 620 | 3 620 | 3 620 | 3 620 |
| Driftsinntekter | -993 | -626 | -626 | -626 | -626 | -626 | -626 |
| Netto drift | 2 542 | 2 976 | 2 994 | 2 994 | 2 994 | 2 994 | 2 994 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|---------------------------------|-------|--------|-------|-------|-------|
| T802 | Odland - Valdeland | 1 000 | 3 000 | | | |
| | Fv 172 Høylandsvegen | | | 1 000 | 1 000 | |
| | fv.131 Vadlandsvegen | | | | | 1 000 |
| 609 | Fv 215 Torlanddsvegen - Kruså | | 2 000 | | | |
| | Utbetring av eks. gatelysanlegg | 1 000 | 1 100 | 1 100 | 1 100 | 1 100 |
| | Sum | 2 000 | 6 100 | 2 100 | 2 100 | 2 100 |
| | Tilskot SVV avtale | | -5 000 | | | |
| | Netto kommunale midlar | 2 000 | 1 100 | 2 100 | 2 100 | 2 100 |

Jf. også kommentar om omklassifisering under 3321 Kommunale vegar.

Kommunen hadde 4436 armaturar ved utgangen av 2017. Om lag 1 150 master er eldre enn 30 år og difor ikkje omfatta av fastprisavtalen med Jæren Everk. Utskifting av trestolpar, ca. 300 stk. eldre enn 40 år, kostar om lag kr. 40 000 pr. stk. Det vil, sjølv med ein vesentleg innsats når det gjeld overgang til nye, energisparande armaturar, vera eit aukande behov for vedlikehald av gatelysnettet i åra framover. Det er derfor sett av 1,1 mill. kroner/år i perioden til fornying av gamle anlegg.

Fylkeskommunen / Statens vegvesen (SVV) arbeider for tida med planar om å overta meir gatelys i Hå, m.a. langs Opstadvegen og Kyrkjevegen. Kor mange gatelys og når, er foreløpig ikkje avklara. Dette vil på sikt gje redusert driftsutgift for Hå.

I 2018 har arbeidet med montering av gatelys langs Fv 181 på strekningane Ånestad – Nærbø starta opp. Kommunen bygger og får tilskot frå SVV.

SVV har starta opp montering av gatelys på strekningane Fv 44 Kvalbein – Kvasheim og Fv 44 Varhaug - Husvegg i år.

I 2019 er det lagt inn første del av midlar til gatelys langs Kyrkjevegen frå Odland til kryss med Langgata og Torlandsvegen på Nærbø i samsvar med prioritering i K sak – 100/16. SVV har gitt tilsegn om bidrag til desse lysa også.

I 2020 foreslår rådmannen å sette av midlar til å gå vidare på gjeldande prioriteringsliste; Fv. 172 Høylandsvegen og Fv. 131 Vadlandsvegen.

3350 Grøntanlegg

Mål

- Alle kommunale leikeplassar skal ha godkjente leikeapparat og vera tiltalande.
- Sentrale anlegg skal ha ein tiltalande utsjånad.

Driftsbudsjett

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|---------|-------|-------------|-------|-------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 7 491 | 8 598 | 8 741 | 8 749 | 8 749 | 8 749 | 8 749 |
| Driftsinntekter | -405 | -341 | -341 | -341 | -341 | -341 | -341 |
| Netto drift | 7 086 | 8 257 | 8 400 | 8 408 | 8 408 | 8 408 | 8 408 |
| Årsverk | 1,3 | 1,3 | 1,3 | 1,3 | 1,3 | 1,3 | 1,3 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Kommunen søker fylkeskommunen om å bli godkjent som opplæringsbedrift for lærlingar innanfor anleggsgartnarfaget for lærlingar. Av praktiske årsaker ønskjer ein å ta inn ein lærling sommaren 2019, og ein ekstra sommaren 2020 for overlapp.

1300, 2610, 2650, 2651, 2340 Grøntanlegga ved helsesenter

Grøntanlegga ved Helsesenter Nærbø, Varhaug, Vigrestad, Heimtun, Viervegen, Eivindhagen, Gjegnet, Blåbærtua, sosialbustadar på Rosk og Olsvoll.

Driftsbudsjett

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|---------|------|-------------|------|------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2018 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 268 | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| Netto drift | 268 | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 | 400 |

3350, 3355, 3600 Grøntanlegg, Parkar, Friluftsliv

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|--|-------|--------------|-------|-------|-------|
| 825 | Rekreasjon i tettstadar | 500 | 550 | 550 | 550 | 550 |
| 792 | Eigendel spelemiddel anlegg | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 |
| 830 | Oppgradering av leikeplassar/-utstyr | 500 | 550 | 550 | 550 | 550 |
| 531 | 531 Friluftsliv | 200 | 200 | 200 | 200 | 200 |
| T700 | Oppgradering av Nærbøparken T700 Turdrag ny plan våren 2017 | 1 000 | 1 500 500 | 500 | 500 | 500 |
| | Sum | 2 500 | 3 600 | 2 100 | 2 100 | 2 100 |
| | Tilskot/bruk av fond | | -1 500 | | | |
| | Netto kommunale midlar | 2 500 | 2 100 | 2 100 | 2 100 | 2 100 |

Kommunen har i dag 130 leikeplassar, grøntareal på til saman ca. 700 daa, fotballbanar og andre idrettsanlegg, samt ei rekke småareal omkring i kommunen. Utbygginga aukar grøntvedlikehaldet langs nye vegnett og område. Om lag 2,5 årsverk av samla 5,5 årsverk på tenesta 1901 Gartnar, blir nytta til drift- og vedlikehald av utomhusanlegg ved kommunale bygg/idrettsanlegg. Lag og foreiningar gjer dugnad på leikeplassar og nærmiljøanlegg mot tilskot frå kommunen. Kommunen er ansvarleg for årleg godkjenning av leikeapparata på leikeplassane. Det er gjort avtalar med 22 vellag om å utføra enkelt vedlikehald av leikeplassar og friområde mot ei samla godtgjering på kr. 137 000.

Rådmannen foreslår å nytta 1,5 mill. kroner av fond 25360005 «Utbetring leikeplasser til Nærbøparken» til oppgradering av Nærbøparken i 2019.

Eigendel til tippemiddelanlegg skal dekkja kommunen sin del av kostnadane til ordinære nærmiljøanlegg. Desse går fram av eiga prioriteringsliste under tenesta 3600/3800 Friluftsliv/Idrett under tenesteområdet Opplæring og kultur og er tatt inn i vedlegg B.

Det blei i økonomiplanen 2018-2021 sett av 1 mill. kroner kvart år til gjennomføring av tiltak i Plan for turdrag. Denne millionen blir frå 2019 delt mellom grøntanlegg og trafikksikring då fleire av tiltaka også er trafikksikringstiltak.

3380 Feiing – Tilsyn

Mål

- Alle byggverk skal ha feiing og tilsyn etter behov.

Driftsbudsjett

| Budsjett | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|--------|----------|--------|-------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Brukarar: | | | | | | | |
| Piper totalt | 5 504 | 5 512 | 5 512 | 5 537 | 5 562 | 5 587 | 5 587 |
| Bare branntilsyn | 1 719 | 1 804 | 1 804 | 1 829 | 1 854 | 1 879 | 1 879 |
| Feia piper | 1 835 | 1 849 | 1 849 | 1 846 | 1 863 | 1 883 | 1 883 |
| Spesialtilsyn etter §13 | 159 | 159 | 159 | 159 | 159 | 159 | 159 |
| Branntilsyn i året | 1 805 | 1 750 | 1 750 | 1 836 | 1 871 | 1 910 | 1 910 |
| Ressursforbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 1 405 | 1 606 | 1 618 | 1 619 | 1 606 | 1 606 | 1 606 |
| Driftsinntekter | -1 422 | -1 434 | -1 434 | -1 509 | -1 606 | -1 606 | -1 606 |
| Bruk av bunde fond | -60 | -172 | -172 | -110 | - | - | - |
| Netto drift | -77 | - | 12 | - | - | - | - |
| Årsverk | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

Tenesta blir i dag dekkja av ein feiar og ei stilling som i hovudsak gjennomfører branntilsyn av bygningar i kommunen. Vi gjennomfører fast feiing kvart tredje år og tilsyn kvart fjerde år. Det blir ikkje gjort framlegg om endring i feieavgifta for 2019.

I forskrift om brannførebygging, § 17, heiter det at kommunen skal sørgja for feiing i alle byggverk. Det inkluderer også fritidsbustadar, som i Hå utgjer ca. 500. Rådmannen vil koma tilbake med ei eiga sak om korleis tenesta skal organiserast framover, med tanke på talet på stillingar, gebyrsats og korleis gebyret skal fordelast.

3390 Brannvesen

Mål

- Sikker og effektiv brann- og redningsteneste.

Driftsbudsjett

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-------------------|----------|---------|-------|-------------|-------|-------|
| | | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 10 211 | 9 428 | 9 664 | 9 966 | 9 966 | 9 966 | 9 966 |
| Driftsinntekter | -835 | -100 | -225 | -98 | -98 | -98 | -98 |
| Netto drift | 9 376 | 9 328 | 9 439 | 9 868 | 9 868 | 9 868 | 9 868 |
| Årsverk | 2,00 | 2,52 | 2,52 | 2,52 | 2,52 | 2,52 | 2,52 |

*) med godkjente endringer pr. 18.10.18

I kommunestyresak 099/16 blei det gjort vedtak om at førebyggjande avdeling skulle styrkjast med eitt årsverk i 2019, jf. dimensjoneringsforskrifta § 3-2. Rådmannen har ikkje funne rom for å gjennomføre denne styrkinga i 2019.

Talet på utrykkingar gjekk ned frå 2014 til 2016, medan det i 2017 var ei kraftig auke. Også for 2018 ligg det an til ei auke i talet samanlikna med 2017.

Kurs:

Det er framleis 14 brannkonstablar som ikkje har gjennomført lovpålagt grunnutdanning. Over ein periode på 3 år vart det overført midlar til dette føremålet via statsbudsjettet. Siste rest av desse vart brukt opp i 2018. For å komme a jour med etterslepet på utdanning, føreslår rådmannen å setja av kr. 150 000,- ekstra til kurs kvart år i økonomiplanperioden.

Vedlikehald av brannbilar:

Dei siste åra ser vi at vedlikehaldsutgiftene til bilparken aukar. Det er årleg satt av kr. 100 000,- til dette i driftsbudsjettet, medan regnskapet syner at dei faktiske kostnadane ligg på det doble. Rådmannen foreslår difor å auka denne posten til kr. 200 000,- f.o.m. 2019.

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|---|------|-------|------|-------|------|
| T006 | Utskiftingsfond bilpark brann | 700 | 700 | 700 | 700 | 700 |
| T007 | Utskiftingsfond utstyr brann | 50 | 50 | 50 | 50 | 50 |
| | Vigrestad - ventilasjon + garderobar-planleggingsmidlar | | 500 | | | |
| | Nærbø - ventilasjon + garderobar - planleggingsmidlar | | | | 500 | |
| | Sum | 750 | 1 250 | 750 | 1 250 | 750 |

I forbindelse med at Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn ved brannstasjonane i Hå, blei kommunen pålagt å utbetra dusj- og garberobetilhøva, ventilasjon, samt skilje mellom reine og ureine soner. I 2. tertial 2018 blei det løyvd kr. 100 000,- for utarbeiding av forslag til tiltak/løysing. Konsulent blei kontakta, og dei utarbeidde ein rapport for brannstasjonane. I rapporten er det skissert eit forslag til løysing for å tilfredsstilla krava frå arbeidstilsynet, samt eit kostnadsoverslag til desse.

Rådmannen foreslår å sette av planleggingsmidlar til utbetring av Vigrestad brannstasjon i 2019, medan det blir sett av planleggingsmidlar til utbetring av Nærbø brannstasjon i 2021. Rådmannen vil legge fram eiga sak om utbetring av Vigrestad brannstasjon i løpet av 2019. I tråd med KS-sak 099/16 blir det lagt opp til ein gjennomgang av kommunen si brannordning i 2020.

3450 Vassforsyning

Mål

- Levera trygt og nok drikkevatt.

Driftsbudsjett

| Budsjett | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|---------|----------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Brukarar: | | | | | | | |
| Abonnentar | 7 111 | 7 161 | 7 161 | 7 211 | 7 261 | 7 311 | 7 311 |
| Ressursforbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 19 406 | 21 839 | 22 137 | 24 300 | 24 300 | 24 300 | 24 300 |
| Driftsinntekter | -18 969 | -20 474 | -20 474 | -22 422 | -23 035 | -24 052 | -25 195 |
| Bruk av bundne fond | -1 077 | -1 226 | -1 226 | -1 869 | -1 869 | -1 042 | - |
| Netto drift | -640 | 139 | 437 | 9 | -604 | -794 | -895 |
| Årsverk | 3,8 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 3,4 | 3,4 | 3,4 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

I IVAR sin hovudplan for vatn varslar dei at deira pris på vatn levert til kommunane, vil auka dei kommande åra. For 2019 er det varsla ei auke på om lag 30%. I tillegg er det auka investeringar i kommunen. Dette vil føra til at vi må forventa at den kommunale vassavgifta til innbyggjarane også vil auka i åra framover. Bunde driftsfond for vatn var per 1.1.2018 på 6 mill. kroner. På bakgrunn av dette blir det for 2019 lagt til grunn ein auke i vassavgifta på 15% og bruk av fond på ca. 1,8 mill. kroner

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|--|-------|--------|--------|-------|--------|
| 628 | VL Prestakryset - Håland | 2 490 | 12 800 | | | |
| T302 | VL Dysjaland-Varhaug-Kydland | 3 010 | | 10 400 | | |
| T301 | VL Skrettingland - Høggjæren (IVAR) | | | 2 900 | | |
| | VL Efjestad FF-Resi | | | | 1 200 | |
| | VL FF-Resi - Langgata | | | | | 4 700 |
| T306 | VL Lindal - Årdal (IVAR sak) | 1 000 | | 2 400 | | |
| | VL Vigrestad Langgt. - Stokkelandsmarka | | 200 | 400 | 400 | 7 000 |
| T307 | Trykkreduksjonsstasjoner /tappestasjoner | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | |
| 630 | VL spredt bebyggelse | 500 | 500 | 500 | 500 | 500 |
| | Sum | 8 500 | 15 000 | 18 100 | 3 600 | 12 200 |
| T300 | Anleggstilskot | -350 | -350 | -7 350 | -350 | -6 850 |
| | Nettofinansiering | 8 150 | 14 650 | 10 750 | 3 250 | 5 350 |

Vasslekkasjen i 2017 var på 24,3 % av kjøpt vatn. Det må fortsatt vera eit kontinuerlig arbeid for å finna og utbetra lekkasjar. Soneinndeling med tilhøyrande trykk- og målestasjonar må ferdigstillast (15 av 21 er på plass). For å halda lekkasjane på eit lågare nivå, er det viktig å skifta ut røyr med stor risiko for leidningsbrot, og gamle ventilkryss med lekkasjar. Vi har i dag om lag 5 km asbestleidningar igjen. Nokre av dei eldste av desse er planlagt skifta i løpet av 2018 – 2019 i dei anlegga som det er avsett midlar til, jf. tabell ovanfor.

Oppgradering og utbygging av vassforsyningsnettet må sjåast saman med prioritering og gjennomføring av tiltak på avløpssektoren. Det er store utfordringar framover på vass- og avløpsnettet. Det er gjennomført ein analyse av vassbehov i kommunen sett i saman med IVAR sitt nett, med basis i IVAR sine retningsliner for utkopling av uttak til kommunane ved reingjeringsbehov og ved leidningsbrot. Det er godkjent ein forpliktande avtale med IVAR om å byggja høgdebasseng i Hå innan 2021. (F Sak 098/17).

628 VL Prestakrysset - Håland

Prosjektet er i gang og hadde behov for ei ekstraløyving, jf. K-sak 052/18. Endra beløp er lagt inn i budsjettet.

T 302 VL Dysjaland-Varhaug-Kydland (IVAR)

Planlegging er sett i verk for koordinering med andre prosjekt. Første del er meir detaljert traséavklaring i forhold til andre moglege aktørar.

T301 VL Skrettingland – Høg Jæren (IVAR)

Planlegging er starta, og rådmannen foreslår å setja av midlar til bygging.

T306 VL Lindal – Årdal (IVAR)

Planlegginga er starta, og rådmannen foreslår å setja av midlar til bygging i 2020.

T307 trykkreduksjonsstasjonar/tappestasjonar

Kommunen ynskjer å leggja til rette for at spylebilar og slamsugebilar kan fylla vatn på ein trygg måte og at dette blir målt.

VL Vigrestad – Stokkalandsmarka (IVAR)

Planleggingsmidlar og midlar til bygging i 2022.

630 VL spreidd busetnad

Midlar til ny /sanering av vassleidning i forbindelse med kloakkprosjekt i spreidd busetnad.

3530 Avløpsanlegg

Mål

- Avløpshandteringa skal vera robust og miljøvennleg.

Driftsbudsjett

| Budsjett | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|---------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Brukarar: | | | | | | | |
| Abonnentar | 6 827 | 7 033 | 7 033 | 7 113 | 7 193 | 7 273 | 7 273 |
| Ressursforbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 32 660 | 35 775 | 36 845 | 37 533 | 37 533 | 37 533 | 37 533 |
| Driftsinntekter | -33 126 | -35 669 | -35 669 | -37 891 | -41 256 | -44 155 | -45 192 |
| Bruk av bunde fond | -3 599 | -2 676 | -2 676 | -3 035 | -1 776 | - | - |
| Netto drift | -4 065 | -2 570 | -1 500 | -3 393 | -5 499 | -6 622 | -7 659 |
| Årsverk | 5,3 | 5,8 | 5,8 | 5,5 | 5,5 | 5,5 | 5,5 |

*) med godkjente endringar pr. 18.10.18

I IVAR sin hovudplan for avløp varslar dei at deira pris på avlaupsbehandlinga i kommunane vil auka dei kommande åra. I tillegg er det auka investeringar i kommunen. Dette vil føra til at den kommunale kloakkavgifta til innbyggjarane vil auka i åra framover.

For 2019 blir det lagt til grunn ein auke i avløpsavgifta med ca. 7 %. Vi vil då bruke ca. 2,9 mill. kroner av fondet. Per 1.1.2018 var dette på 7,4 mill. kroner (kloakkfondet). Med dei store utfordringane som vil komma i åra framover både når det gjeld utbygging av overvassnett, sikringstiltak mot flaum og sanering av eldre avløpsanlegg, må dette høge aktivitetsnivået vidareførast.

Dei store overvassanlegga som nå blir utbetra/opparbeidde i m.a. Litlagrønå på Vigrestad, er kombinasjonstiltak for å fjerna overløp, fjerna feilkoplingar, redusera inn-/utlekkasje og oppdimensjonere overvassleidningane. Tiltak i Varhaug starta opp i 2018.

Det pågår ei forstudie på formelt kommunesamarbeid om tilsyn og kontroll med avløpsanlegg i spreidd busetnad. Saka var til politisk behandling i 2018 med vedtak om å arbeide vidare med detaljplanlegging og samarbeidsavtale som vil bli lagt fram for ny behandling. I 2019 vil ein starta arbeidet med å kartleggja og registrera mindre avløpsanlegg og industriavløpsanlegg.

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|--|--------|---------|---------|---------|--------|
| 663 | San. Løgefelt Litlagrøna m.m. | 12 000 | 4 500 | | | |
| T402 | Tiltak flaum Vigrestad - del 1 &2 KS040/18 | 2 500 | 24 000 | 25 500 | | |
| | Tiltak flaum Vigrestad - del 3 | | | | 4 800 | 5 200 |
| T406 | Tiltak Flaum Varhaug ovanfor sentrum | 1 000 | 0 | | 5 000 | 5 000 |
| T401 | San Dysjalandsv.Toppav.Bratlandsh. | 7 000 | 17 800 | - | | |
| T407 | Snipevegen | 2 500 | | | | |
| | Sanering Symrevegen - Blåklokkevegen | | 1 000 | 5 500 | | |
| | San. Torggt Nærbø ifm tiltak ny sentrumplan | | 1 000 | 9 500 | 14 000 | |
| | Sanering Hagev.-Buev. | | | 8 700 | | |
| | Sanering ved Nærbøparken (sør for) | | | | 3 500 | 10 000 |
| T400 | Kloakk. i spreidd busetnad (Fond) | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| | Sum | 26 000 | 49 300 | 50 200 | 28 300 | 21 200 |
| T400 | Anleggstilskot | -700 | -12 700 | -13 450 | -10 000 | -5 900 |
| | Nettofinansiering | 25 300 | 36 600 | 36 750 | 18 300 | 15 300 |

Det er lagt opp til eit høgt nivå på investeringane i 2019 og 2020 til flaumsikring. I K-sak 053/18 vedtok kommunestyret oppstart av deletappe 1 av flaumsikring på Vigrestad etter at kommunen hadde motteke tilsegn frå NVE på 20 mill. kroner til tiltaket i Rundvegen. Det er også søkt om 20 mill. kroner i bidrag til deletappe 2 og 3, og rådmannen foreslår å sette av midlar til desse i 2020 og 2021. Samstundes må større saneringsprosjekt utførast og ferdigstillast. **I sak 096/18 vedtok kommunestyret å skyve flaumtiltak for 5,2 mill. kroner frå 2021 til 2022, i tabellen vist som skyving av del 3 på Vigrestad.**

663 San. Løgefelt - Litlagrøna m.m.

Under bygging. Ekstrakostnader i samband med kryssing av jernbana på 3 mill. kroner og dårlege grunntilhøve har gjort at prosjektet har blitt noko dyrare enn planlagd. Utover i prosjektet har ein redusert desse ekstra kostnadane noko. Det er behov for ei ekstra løyving på 4,5 mill. kroner i 2019 for å ferdigstillast prosjektet (Gjersheivegen/Kløvervegen). Rådmannen vil kome tilbake til dette i 1. tertial 2019 / legge fram ei eiga sak om dette.

T402 flaum Vigrestad

Tiltak med ny overvassleidning i Rundvegen er starta opp, jf. K-sak 53/18.

T406 flaum Bratlandsåna

Det blei sett av 1 mill. kroner til planlegging av dette prosjektet i 2018. Rådmannen foreslår å setje av midlar til opparbeiding i 2021/22. Det vil bli søkt om statlege midlar til dette prosjektet slik som på Vigrestad.

T401 sanering Dysjalandsv./ Toppav. /Bratlandsh.

Prosjektet er i gang. Noko av dei avsette midlane i 2018 blei omdisponert til flaumsikring på Vigrestad. Desse må budsjetterast på nytt i 2019. I tillegg er beløpet justert for prisstigning.

Sanering Symrevegen – Blåklukkevegen

Planleggingsmidlar i 2019 og tiltaksmidlar i 2020.

Sanering Torggt Nærbø i samanheng med tiltak ny sentrumsplan

Planleggingsmidlar i 2019 og tiltak planlagt utført i 2020 og 2021. Tiltaket må utførast før bygging av sambrukshuset.

Sanering sør for Nærbøparken

Nytt tiltak i 2021. Prosjektering og oppstart i 2021. Arbeidet er grovt kalkulert til kr. 13,5 mill.

Sanering Hagevegen - Buevegen

Det er planlagt at vassforsyninga mellom Håland forbi Varhaug til Kviamarka skal gå i Hagevegen. Avløpsleidingane må difor sanerast samstundes med dette arbeidet.

Kloakk i spreidd busetnad

Under arbeid og blir vidareført i perioden.

Avløp for området Tuen – Vatnamot, Reiestad og på Auestad blir nå planlagt. Enkelte andre områder er og aktuelle. Det står att å kloakkere omlag 300 eigedommar.

3540 Tømming av septiktankar

Mål

- Septiktankar i private anlegg i spreidd busetnad blir tømde annakvart år.

Driftsbudsjett

| Budsjett | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|---------|------|-------------|------|------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Brukarar: | | | | | | | |
| Abonnentar | 350 | 290 | 290 | 265 | 250 | 250 | 250 |
| Ressursforbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 321 | 412 | 412 | 397 | 376 | 355 | 355 |
| Driftsinntekter | -369 | -412 | -412 | -397 | -376 | -355 | -355 |
| Bruk av bunde fond | | | - | | | | |
| Netto | -48 | - | - | - | - | - | - |

Om lag 4 % av abonnentane har septiktankløyning for kloakk som blir henta som slam. Kloakkanlegget Hundamyra, Tuen og Vatnamot mfl. vil redusera talet på abonnentar som har septiktankløyning. Det er føresett full inndecking av utgiftene gjennom gebyrinntektene. Avgifta blir fastlagd for to år om gongen. Den vart sist endra i 2017, og for 2019 blir det lagt opp til ein auke på 5,5 %.

3550 Renovasjon

Mål

- Effektiv og høg service som innbyr til best mogleg sortering av avfall.

Driftsbudsjett

| Budsjett | Rekneskap | | Budsjett | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|---------|----------|---------|-------------|---------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Brukarar: | | | | | | | |
| Abonnentar | 6 839 | 6 932 | 6 932 | 6 982 | 7 032 | 7 082 | 7 082 |
| Heimekompostering | 661 | 600 | 600 | 600 | 600 | 600 | 600 |
| Ressursforbruk 1000 kroner | | | | | | | |
| Driftsutgifter | 16 081 | 18 403 | 18 464 | 20 074 | 20 074 | 20 074 | 20 074 |
| Driftsinntekter | -16 333 | -16 013 | -15 770 | -17 421 | -17 911 | -20 391 | -20 649 |
| Bruk av bunde fond | -221 | -2 733 | -2 733 | -2 840 | -2 364 | - | - |
| Netto | -473 | -343 | -39 | -187 | -201 | -317 | -575 |
| Årsverk | 1,9 | 2,5 | 1,9 | 1,9 | 1,9 | 1,9 | 1,9 |

*) med godkjente endringar Pr 18.10.18

Per 1.1.2018 var renovasjonsfondet på 7,9 mill. kroner. Grunna auka kostnader i kjøp av tenester, foreslår rådmannen ei auke i avgifta på 5%. Bruk av fond i 2019 vil bli 2,8 mill. kroner.

Pris for klistremerker til ekstrasekk har i mange år vore låg (kr 20,-). Denne prisen dekker ikkje dei reelle kostnadene og samsvarar ikkje med prisfjorskjell på større dunk for restavfall. Rådmannen foreslår derfor å auke prisen til kr 35,- pr. ekstrasekk som kan betalast med VIPPS.

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|------------------------------|------|-------|-------|-------|-------|
| T003 | Bygg farleg avfall på Pytten | | 1 000 | 2 500 | | |
| T003 | Utviding miljøstasjon Nærbø | | | | 6 000 | 5 500 |
| | Netto | | 1 000 | 2 500 | 6 000 | 5 500 |

Miljøstasjonen i Pytten saman med dei ubemanna mottaksstasjonane i tettstadane, er eit ekstra servicetilbod til innbyggjarane i kommunen for levering av sortert avfall. Tiltaket er svært populært og blir mykje nytta av innbyggjarane. Det er behov for oppgradering og utviding av kapasiteten. Heile prosjektet er kalkulert til ca. 15 mill. kroner. Bygg for farleg avfall blir føreslått oppgradert i første omgang.

3600, 3605 og 3606 Fisk, jakt og viltstell, kalking

Mål

- Ognaelva skal ha ein tilfredsstillande vasskvalitet for sjøaure og laks.

Driftsbudsjett

| Ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------|-----------|----------|---------|------|-------------|------|------|
| | 2017 | 2018 | 2018 *) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Driftsutgifter | 1 032 | 516 | 1 223 | 516 | 516 | 516 | 516 |
| Driftsinntekter | -309 | -486 | -486 | -486 | -486 | -486 | -486 |
| Bruk av bunde fond | -682 | | -707 | | | | |
| Netto | 41 | 30 | 30 | 30 | 30 | 30 | 30 |

*) med godkjente endringar Pr 18.10.18

Ein vesentleg del av utgiftene går til kalkingsprosjektet i Ognaelva. Staten dekker dei faktiske utgiftene som for 2019 er forventa å verta ca. kr. 400 000. Resten av utgiftene går til friluftsliv og fiske.

3100 Utbygging av bustadområde

Mål

- Alltid byggeklare tomter for sal i Stokkalandsmarka.
- Vekst i stasjonsbyane.

Utbyggingsplan Stokkalandsmarka, UTN sak 117/16, ligg til grunn for føreslåtte tiltak. Det blir vist til denne i si heilheit.

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|--|--------|---------|---------|---------|---------|
| 435 | Stokkelandsm plan 1133, grunn m.m | 7 500 | 3 600 | 3 600 | 3 600 | 3 600 |
| | * | | | | | |
| | Stokkalandsmarka del 4 jf utbyggingsplanen | | | | | 1 000 |
| | Stokkalandsmarka grønt & sentrum | 500 | | | | 500 |
| | Marknadsføringskostnadar | 250 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| | Sum inkl. nye grunnkjøp | 8 250 | 3 850 | 3 850 | 3 850 | 5 350 |
| T100 | Forventa tomtosal | -10000 | -10 000 | -15 000 | -15 000 | -15 000 |

Stokkalandsmarka

Ferdigstilling av utbyggingssteget (prosjekta 438, 467 og 730) vart markert med pøsefest 7.6.2018. Investeringane i infrastrukturtiltak i neste fase i Stokkalandsmarka (del 4) er skyvde ut til etter planperioden, med unntak av 9,9 mill. kroner til forlenging av Haugstadvegen fram til skule og sentrumsareal i 2022.

Salet av bustadtomter er fortsatt lågt, og i 2018 blei det utarbeida ein ny profil for å marknadsføre Stokkalandsmarka i samarbeid med Garp City. Vi jobbar samtidig målretta igjennom heile året med marknadsføring i fleire kanalar.

I 2018 vedtok kommunestyret å gjennomføre eit moglegheitstudie for sentrumsområdet i

Stokkalandsmarka. Ein ser behov for å sjå på sentrumsareala samla i ein eigen studie før ein startar regulering av sentrumsareala. Det blei sett av kr. 500 000 til dette. Arbeidet vil bli slutført i slutten av 2018 eller første kvartal 2019.

435 Stokkalandsmarka

Det er lagt inn kostnader til grunnkjøp i samsvar med inngåtte avtalar i åra framover.

Austmarka, Vigrestad

Det er ikkje funne rom for midlar til opparbeiding av resterande del av Austmarka i planperioden.

Utbygging av bustadfelt i dei andre tettstadane blir for det meste gjort i privat regi. Det blir lagt opp til at dette og vil skje vidare framover.

3250 Utbygging av næringsområde

Mål

- Gjennomføre kommuneplanen sine målsettingar om ledig industriareal i alle krinsar i kommunen. Samtidig som ein legg til rette for rett næring på rett plass.

Investering utbygging næringsområde

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|---|--------|---------|---------|---------|---------|
| T202 | Kviamarka grunn | 2 000 | | | | |
| | Krusemarka mot Torlandsvegen grunn & opparbeiding | | | 2 000 | 5 000 | 5 000 |
| | Skoga et. 2 grunn og opparb. | | 500 | 5 000 | 5 000 | 3 000 |
| T201 | Indre Vågen - tidlegare løyvd 2 mill | | | | | |
| | Sum inkl. nye grunnkjøp | 2 000 | 500 | 7 000 | 10 000 | 8 000 |
| | Forventa tomtosal | -21500 | -22 000 | -22 000 | -22 000 | -22 000 |

Det er nå ledig industriareal i alle krinsane i kommunen. Fokuset i åra framover vil handla om sal og utvikling av næringsområda. Større nye investeringar kjem først i slutten av økonomiplanperioden. Nye investeringar må sjåast i samanheng med utviklinga i salet.

Kviamarka næringsmiddelpark:

Det er ikkje selt noko areal i Kviamarka i 2018. Det er fortsatt igjen i underkant av 30 daa regulert tomteareal. Det er lagt inn ei utviding på ca. 26 daa i ny kommuneplan. Nortura har vedtatt å flytta delar av anlegget sitt på Forus til Kviamarka. Konsekvensane for areal- og opparbeidingsbehov i Kviamarka er endå ikkje avklara.

Industriområdet Skoga aust for Fv 44

Industriområdet Skoga er ferdig opparbeida med ca. 60 daa byggeklart næringsareal. Per oktober 2018 er det selt om lag 28 daa. Arealreserven er redusert ein del, og midlar til vidare tomtekjøp / opparbeiding er innarbeida i gjeldande økonomiplan. Det er lagt inn planleggingsmidlar (reguleringsplan) i 2019.

Krusemarka mot Torlandsvegen grunn og opparbeiding

Dersom tomtesalet i Krusemarka går godt, kan det bli behov for meir areal til næring vidare mot Torlandsvegen. Det blir foreslått å sette av midlar til planlegging / regulering i 2020 og opparbeiding i 2021 – 2022.

3254 Sentrumsutvikling

Mål

- Kommunen skal i samarbeid med andre aktørar vera med å leggja til rette for oppgradering i sentrumsområda.

Investering

| Prosjektnr. | Prosjekt: | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------|------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|
| T903 | Sentrumstiltak Varhaug | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| T902 | Sentrumstiltak Nærbø | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 2 000 |
| | Sum investering | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 3 000 |
| | SR-bank tilskott | | -500 | | | |

Kommunedelplan Nærbø sentrum

Ny sentrumsplan for Nærbø er under sluttbehandling. Det er sett av midlar til planlegging og opparbeiding i heile økonomiplanperioden.

Kommunedelplan Varhaug sentrum

I Planstrategien er det fastlagt at det i inneverande kommunevalperiode skal utarbeidast ein kommunedelplan for Varhaug sentrum. Sentrumsplanen skal fastlegge dei overordna måla og rammene for den fysiske utviklinga av Varhaug sentrum som lokalsentrum og kommunesentrum i Hå kommune i åra framover. Planarbeidet skal bygge på kunnskap, kreativitet og vilje til utvikling og bevaring av dei verdfulle historiske faktorane som har forma tettstaden. Integreringa mellom sentrum og tettstaden omkring må vidareførast. Det skal leggast vekt på at planarbeidet skal vere opent og tilgjengeleg med brei medverknad frå alle som er interesserte og engasjerte i sentrumsutviklinga.

Heile 2018 og 2019 vil gå med til utarbeiding av grunnlagsdokument og utforming av planforslag. Høyring av planforslaget vil skje vinteren 2019/2020. Sluttbehandling kan då skje i løpet av våren 2020 med endeleg planvedtak hausten 2020.

Det er føreslått å sette av 1 mill. kroner i kvart av åra i økonomiplanperioden.

Vedlegg – Trafikksikringsplan

Hå kommune har i samarbeid med Statens vegvesen Rogaland i løpet av dei siste åra bygd ei rekke strekningar med gang- og sykkelveggar i kommunen. Samarbeidet bygde på samarbeidsavtalar mellom kommunen og Statens vegvesen/Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunen ønskjer ikkje lenger å inngå slike samarbeidsavtalar med kommunane.

Prioritering av gang – og sykkelveggar

I kommunestyresak 010/16: Gang- og sykkelveggar – prioritering, vedtok kommunestyret ei prioriteringsliste av gang- og sykkelveggar. Utbygging av gang- og sykkelveggar er store investeringar. Det økonomiske ansvaret avhenger av kor ny strekning skal byggast ut. Vedtekte prioriteringsliste har ikkje tatt omsyn til dette. Fylkeskommunen, ved Statens vegvesen, har gjeve klare føringar på at nye prosjekt langs tidlegare riksveggar (Fv 44, Fv 504 og Fv 507) nå skal finansierast av fylkeskommunen. Det pågår også eit arbeid med omklassifisering av fylkesveggar, gang- og sykkelveggar og gatelys. Dette arbeidet vil ha store konsekvensar for kommunen sine prioriteringar av gang- og sykkelveggar avhengig av framtidig eigar av vegstrekning. På bakgrunn av pågåande arbeid med omklassifisering og kven som får ansvar for de ulike vegstrekningane, blir det ikkje anbefalt å starte opp nye store investeringsprosjekt med gang- og sykkelveggar med unntak av konkrete strekningar kor det føreligg ein avtale om ansvar i 2019.

Departementet inviterte KS i november 2015 til eit samarbeid med sikte på å få bygd meir gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett. Bakgrunnen var ønskje om ei prøveordning for aktuelle prosjekt som fråvik faglege anbefalingar av Statens vegvesen. Vegdirektoratet utarbeidde i juni 2016 eit notat kor ein minna om at fylkeskommunane og kommunane sjølv er fråviksmyndigheit for vegnormalane. Statens vegvesen ønskjer ikkje å overta gang- og sykkelveggar etter forenkla standard, men kommunar og fylkeskommunar kan sjølv fråvika vegnormalar på eige vegnett i enkeltsaker. Det betyr i praksis at kommunen ikkje kan etablere ein forenkla gang- og sykkelveg langs ei vegstrekning som etter omklassifisering skal vera ein fylkesveg. Samstundes er det viktig å være merksam på at drift og vedlikehald av gang- og sykkelveggar ikkje vil vere enklare for kommunen enn for Statens vegvesen. Det er difor viktig at ein ikkje vel billige løysingar med påfølgjande tungvindt og kostbar drift.

Føreslåtte løyvingar er tatt inn under omtale av teneste 3322 Trafikksikring.

Andre tiltak har rådmannen ikkje funne plass til.

Status for prioriterte gang- og sykkelvegar

| Prosjekt: | Status |
|--|--|
| <i>Fv 44, frå Bratland til Grødalaland</i> | Statens vegvesen har utarbeidd godkjent reguleringsplan 1136. Teknisk planlegging er under arbeid i regi av Statens vegvesen. Forventa oppstart i årsskiftet 2018/2019. |
| <i>Fv 44, frå kryss Bogsdalen (Ogna) til eksisterande gang- og sykkelveg nord for golfbane</i> | Reguleringsplan 1147 er godkjent. Teknisk planlegging blir utført av Statens vegvesen. Forventa oppstart i årsskiftet 2018/2019. |
| <i>Fv 44, Husvegg – Madland</i> | Vil naturleg måtte finansierast av Statens vegvesen. Ingen konkrete planar. |
| <i>Fv 44, Madland – Årsland</i> | Vil naturleg måtte finansierast av Statens vegvesen. Ingen konkrete planar. |
| <i>Fv 44, langs nordlege del av bustadfelt på Brusand</i> | Vil bli finansiert saman med Statens vegvesen. Det er lagt inn planleggingsmidlar i 2019 og bygging i 2020 - 2021. |
| <i>Fv 44, Årsland – Hårnskeid</i> | Vil naturleg måtte finansierast av Statens vegvesen. Ingen konkrete planar. |
| <i>Fv 44, langs sørlege del av bustadfeltet på Brusand</i> | I godkjent reguleringsplan 1090 for Brusand sentrum inngår manglande gang- og sykkelveg frå utløpet av Bjårvatnet og fram til innkjøringa til jernbanestasjonen som eit rekkefølgjekrav som nå er utført av privat utbyggjar. |
| <i>Kv Kviavegen, frå kryss Fv 159 Store Ring til turveg Motlandshagen</i> | Kommunalt ansvar. Planlegging starta og ny søknad om TS-midlar for 2019 til etablering. |
| <i>Kv Dysjalandsvegen, frå krysset med Lerbrekksvegen til eksisterande G/S-veg i Kviamarka</i> | Kommunalt ansvar. Prosjektering av arbeidet med å etablere gang- og sykkelveg frå Kviamarka industriområde til kryss Fv Lerbrekksvegen i samband med prosjekt for ny vassleidning pågår. Tatt inn i prioriteringsliste og vedtatt i økonomiplan for 2018-2021. |
| <i>Fv 170 Risavegen, frå kommunegrensa til Vålandsvegen</i> | Vegstrekning ligg inne i Statens vegvesen sin vedtekne handlingsplan, men kommunen bør søke TS-midlar til regulerings- og prosjekteringsarbeidet. |
| <i>Fv 170 Risavegen, frå Vålandsvegen til kommunegrense</i> | Vegstrekning ligg inne i Statens vegvesen sin vedtekne handlingsplan, men kommunen bør søke TS-midlar til regulerings- og prosjekteringsarbeidet. |
| <i>Fv 131 Aniksdalsvegen, frå Vigrestad til Hadlandsvegen</i> | Lang vegstrekning og stor investering. Kan være aktuelt å vurdere forenkla standard på gang- og sykkelveg eller bare tiltak med gatelys, men bør vente til nærare avklaring i samband med omklassifisering. |
| <i>Fv 131 Aniksdalsvegen, frå Hadlandsvegen til Ægra</i> | Lang vegstrekning og stor investering. Kan være aktuelt å vurdere forenkla standard på gang- og sykkelveg eller bare tiltak med gatelys, men bør vente til nærare avklaring i samband med omklassifisering. |
| <i>Fv 215, Torland – Haugland</i> | Vegstrekninga ligg inne i Statens vegvesen sin vedtekne handlingsplan, men kommunen bør søke TS-midlar til regulerings- og prosjekteringsarbeidet eller gjennom eiga tilskotsordning for auka sykling. |
| <i>Fv 177 Stormolovegen, forlenging av sykkelveg ved Fv 44 til Kv Kråbakken</i> | Må vente til nærare avklaring om omklassifisering av vegar. |

Prioritering av gatelyst

I kommunestyresak 014/16: Gatelyst – Prioritering, vedtok kommunestyret ei prioritering av gatelyst. Det økonomiske ansvaret er avhengig av kor ny strekning skal byggast ut, jf. avsnitt om gang- og sykkelveggar. På bakgrunn av pågåande arbeid med omklassifisering og kven som får ansvar for de ulike vegstrekningane, blir det ikkje anbefalt å starte opp nye store investeringsprosjekt med gatelyst med unntak av konkrete strekningar kor det føreligg ein avtale om ansvar i 2019. Status for prioriterte gatelyst:

| Prosjekt: | Status |
|---|---|
| <i>Fv 181 Opstadvegen, Ånestad – Åna.</i> | Under arbeid og blir finansiert av Statens vegvesen. |
| <i>Fv 181 Opstadvegen, Åna – Indrebøvegen</i> | Under arbeid og blir finansiert av Statens vegvesen. |
| <i>Fv 44, Vigrekrysset – Kviamarka</i> | Ferdig og utgår. |
| <i>Fv 144 Kyrkjevegen, Odland – Valdeland</i> | Planlegging pågår og blir finansiert av Statens vegvesen. Forventa oppstart i 2019. |
| <i>Fv 507 Nordsjøvegen, Njærheimkrysset – Nærland</i> | Ferdig og utgår. |
| <i>Fv 215 Torlandsvegen, Torland – Kruså</i> | Planlegging pågår og blir utført i 2019. Blir finansiert av Statens vegvesen. |
| <i>Fv 172 Høyland</i> | Bør vente til nærare avklaring om omklassifisering av veggar. |
| <i>Fv 44, Njærheim – Klepp grense</i> | Ferdig og utgår. |
| <i>Fv 44, Varhaug – Husvegg</i> | Under arbeid og blir finansiert av Statens vegvesen. |
| <i>Fv 131 Vadlandsvegen, Stavnheimkrysset – Vadland</i> | Bør vente til nærare avklaring om omklassifisering av veggar. |
| <i>Fv 177 Stormolovegen, frå Fv 44 til Nygårdssida</i> | Bør vente til nærare avklaring om omklassifisering av veggar. |
| <i>Kv Kviavegen, frå Store Ring til Rongavegen</i> | Kommunalt ansvar. Ingen konkrete planar. |
| <i>Kv Dysjalandsvegen</i> | I tillegg til vedtatt prioriteringsliste, vil ein etablere gatelyst frå Kviamarka industriområde til kryss Fv Lerbrekksvegen i samband med prosjekt for ny vassleidning . |

Klassifisering av skuleveggar

Utval for opplæring og kultur har i fleire omgangar behandla saker om klassifisering av farlege skuleveggar som gir rett til skuleskyss, seinast i sak 038/18.

Tilsegn om TS-midler

Fylkestrafikksikkerhetsvalget i Rogaland (FTU) tildeler kvart år trafikksikringsmidlar (TS-midler) etter søknad frå kommunane. For fylkesvegane dekker tilskotsmidla 100 % av kostnadene. For kommunale vegar er eigendelen 40 %. Større prosjekt enn kr 1 500 000 fell utanfor rammene for TS-midler og må vurderast i samanheng med andre fylkesvegprosjekt.

Tilsegn er gitt i 2018 for følgjande prosjekt som er under planlegging/bygging

| Kostnadsestimat | Kostnad | Tilskot |
|---|---------|---------|
| Kv Vigrestadvegen, fortau frå Kv Steivegen til Fv 180 | 720 000 | 480 000 |
| Fartsreducerande tiltak kommunale vegar | 50 000 | 30 000 |

Tiltak i økonomiplan 2019 – 2022 - Søknad om trafikksikringsmidlar:

| Vegnr. | Strekning/tiltak | Kostnad | 2019 |
|-----------------|--|-----------|---------|
| Kv Kviavegen | Utbygging g/s-veg Fv 159 til turveg Motlandshagen | 1 500 000 | 900 000 |
| Kv Dysjalandsv. | Prosjektering g/s-veg Kviamarka – Dysjaland | 1 000 000 | 600 000 |
| Kv Skårvegen | Utbygging av fortau mellom Parkvegen og Vestringen | 600 000 | 360 000 |
| Kv | Mindre trafikksikringstiltak kommunale vegar | 50 000 | 30 000 |

Andre tiltak har rådmannen ikkje funne plass til i økonomiplanperioden.



Kyrkjer og andre trussamfunn

Målsettinga er at Hå kommune kan tildele tilskott i takt med utviklinga i rammevilkåra for kommunen sin økonomi. Tilskottet skal utmålast etter at det er teke særskilt omsyn også til utviklinga i kyrkja sine utgifter til løn og andre utgifter.

Driftsbudsjett kyrkjer og andre trossamfunn

| Netto ressursbruk 1000 kroner | Rekneskap 2017 | Budsjett | | | Økonomiplan | | |
|----------------------------------|-------------------|----------|--------|--------|-------------|--------|--------|
| | | 2018 | 2018*) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Den norske kyrkja | 12 180 | 12 300 | 12 434 | 13 200 | 13 500 | 12 900 | 12 900 |
| Andre trussamfunn | 547 | 1 150 | 1 150 | 1 200 | 1 200 | 1 200 | 1 200 |
| Netto drift | 12 727 | 13 450 | 13 584 | 14 400 | 14 720 | 14 100 | 14 100 |

Fellesrådet har laga budsjettsskriv og dette er tatt inn som vedlegg til dokumentet.

Rådmannen har funne rom for å foreslå å løyve midlar til den ekstra stillinga i 50% og dette er lagt til budsjettforslaget frå kyrkja.

Rådmannen tilrår også at det blir sett i gang arbeid med å reparere orgelet i Varhaug kyrkje og har lagt inn anslått kostnad på 300 000 kroner i 2019 og 600 000 kroner i 2020.

Kommunane skal gi tilskott til livssyn- og trussamfunn med same beløp pr. medlem som tilskottet kommunen gir til Den Norske Kyrkja. Den store auken frå 2017 skuldast at medlemstalet i Den norske kyrkja er gått ned og medlemstalet i andre trussamfunn aukar. For 2019 er beløpet anslått til å bli kr 1,2 mill. kroner.

Investering kyrkja

| Investering 1000 kr | B 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------------------|--------|-------|------|------|-------|
| Prosesjonsvegar | | 313 | | | |
| Hjullastar | 200 | | | | |
| Nærbø kyrkjegard/driftsbygg | | 7 500 | | | 1 250 |
| Varhaug kyrkje - drenering | | | | 375 | 625 |
| Sum investering | 200 | 7 813 | | 375 | 1 875 |

For å kunne utnytte kyrkjegarden på ein meir effektiv måte er det behov for å flytte komposteringsanlegget og sette opp eit enkelt driftsanlegg/lagerbygg utanfor kyrkjegarden. I økonomiplanen for 2018-2021 var prosjektet sett opp i 2019. Delprosjekt 1, «Opparbeiding av urnefelt og gravplass» er under planlegging. Auken i beløp skyldas venta prisstiging.

Rådmannen tilrår at midlar til drenering av kyrkjegarden på Varhaug blir sett av frå 2021 og at planlegging av ny driftsbygning til gravplassen på Nærbø kan ta til i 2022.

Det er føresett at arbeidet i størst mogleg grad blir finansiert av tidlegare avsette fondsmidlar og ubrukte lånemidlar til kyrkja der opphavleg formål er falt bort.



Ymse

I dette kapitlet samlar ein dei postane som ikkje har med tenesteproduksjon eller administrasjon å gjera, men som likevel er ein viktig del av det totale budsjettet.

Premieavvik og amortisering av premieavvik

Kommunane skal i sine rekneskap korrigere avvik mellom faktisk betalt pensjonsforsikringspremie og ein berekna, langsiktig pensjonskostnad. Meininga med dette er å jamne ut den årlege utgiftsføringa målt som "sum betalt premie og premieavvik". Avvik frå før år 2011 skal avskrivas over 15 år, frå 2011 over 10 år. Premieavvik frå 2014 og seinare skal skrivast av over 7 år.

Premieavvika har ikkje utvikla seg rundt eit 0-punkt over tid, slik departementet i si tid venta. Kommunesektoren skyv nå eit stort beløp på titals milliardar føre seg. Dette vil tyngja framtidige kommunebudsjett.

Når det gjeld premieavvika for åra før 2011, sette Hå kommune tilsvarande midlar i fond for å dekkja framtidige utbetalingar. Frå fondet kan ein kvart år fram til 2025 ta 2,74 mill kroner til å dekkja nedskrivninga av dei eldre premieavvika. For premieavvik etter 2010 vil drifta måtte dekkja nedskrivningane (amortiseringa). Det er ikkje forutsett bruk av dette fondet i 2019.

I 2019 er det etter oppgåva frå Kommunenes Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK) rekna med at arbeidsgjevars del av pensjon er 18,38 prosent for fellesordninga i KLP (inkludert dei folkevalde), 18,38 prosent for sjukepleiarar og 10,39 prosent for lærarar i SPK.

Det er uklart kva utviklinga i pensjonsutgiftene vil bli. Det er ikkje grunn til å vente mindre utgifter til pensjon framover – om ikkje regelverket skulle bli endra.

Tilfeldige utgifter og inntekter

"Reserveposten"

Det er sett av 500 000 kroner per år til tilleggs- og nye løyvingar etter vedtak av formannskapet.

Lønsreserve

Løn er budsjettert på dei einskilde konti ut frå lønsnivået pr. 1. januar 2019. Lokalt oppgjer 2018 blei ferdig forhandla i oktober og med atterhald om godkjenning i formannsskapsmøte 6.11.2018 er dette innarbeida i budsjettet for 2019.

For 2019 må det setjast av midlar i lønsreserven til å dekkje sentralt og lokalt lønnsoppgjer frå 1. mai/august 2019. I statsbudsjettet og hos SSB er anslaget om årslønsvekst i 2019 på 3,25 prosent. Rådmannen anbefalar å legge inn 3 prosent av lønsmassen som lønsreserve. I tillegg må det leggest inn vel 2,5 mill kroner for å dekkja inn kontingent til KS sitt OU-fond på om lag 1,5 mill. kroner og ein margin til enkeltsakar gjennom året. I budsjettforslaget er det etter dette lagt inn i alt 22 mill. kroner i lønsreserve for 2019. For åra 2020-2022 er summen redusert med 1 mill. kroner. Saman med formannskapet si reservepost, er samla reservepost dermed budsjettert til 22,5 mill. kroner i 2019 og 21,5 mill. kroner per år i perioden 2020-2022.

Skatteinntekter og rammetilskott

Summen av inntektsskatt, formueskatt og statlege rammeoverføringar utgjer kommunen sine «frie inntekter». Det vil seia at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. I 2019 har vi som i tidlegare år, lagt til grunn skatt og rammetilskot ut frå KS sin prognosemodell. For anslaga 2020-2022 har vi tatt utgangspunkt i 2019. Skatten og rammetilskottet er på usikkert grunnlag auka med 1 prosent kvart år, som i førre økonomiplan. **Kommunestyret vedtok å auke skatteanslaget i 2019 med 1,7 mill. kroner.**

Skatteinngangen per innbyggjar i Hå blei 84,0% prosent av landsgjennomsnittet i 2017. I 2018 var dette anslått til 89,2 prosent. Basert på skatteinngangen per september 2018 bør denne justerast ned til 84-85 prosent. Det betyr i så fall at inntektsutjamninga aukar, både fordi skatteinntektene er lågare enn budsjet, og fordi skatteinngangen i 2018 er justert opp i forslaget til statsbudsjett. Dette er tatt omsyn til i regulert budsjett.

Frå KS sin modell basert på Statsbudsjettet som ble framlagt 8. oktober 2018, er frie inntekter til Hå på 1 007,6 millionar kroner fordelt som følgjer – samanlikna med godkjent, regulert, budsjett for 2018 i parentes:

- Rammetilskott 463,4 mill kroner (433,9 mill kroner)
- Anslag skatt 480,7 mill kroner (471,5 mill kroner)
- Inntektsutjamning 63,5 mill kroner (64,6 mill kroner)

Auka i forhold til 2018 er 37,5 mill kroner, eller 3,9 prosent nominelt. Dette er høgare enn deflatoren i statsbudsjettet som er 2,8 prosent. Utgiftsutjevninga i rammetilskottet gir mindre trekk enn i 2018 hovudsakleg på grunn av fleire skolebarn, fleire 0-1-åringar utan kontantstøtte. Dette er og ei fylgje av at det er fleire personar med psykisk utviklingshemma over 16 år som tek imot tenester frå kommunen.

Når det gjeld skatteinngangen har vi tatt utgangspunkt i venta nivå for 2018, men same auke som for landet for øvrig. På grunn av inntektsutjamninga er netto effekt liten. Skatteinngang per innbyggjar var 84,6% av landsgjennomsnittet per september 2018 og er venta å bli på dette nivået for heile året og for 2019. Dei økonomiske rammene for Hå er likevel strame, for veksten i tenester er større enn auken i frie inntekter. Nye tenester eller auka behov må finansieras med omprioritering, innovasjon og effektivisering.

Vertskommunetilskott

Alle midlane som vertskommunane får tildelt på grunn av HVPU-reforma, er frå 2009 samla i eit eiga, øyremerka Vertskommunetilskott. I 2017 vart det 3 færre vertskommunebebuarar. Etter mykje arbeid inn mot styresmaktene ble tildelinga endra i 2018 slik at Hå fekk 3 millionar meir enn lagt til grunn i budsjettet. Anslaget for økonomiplanperioden 2019 – 2022 er auka i forhold til dette og at vi reknar lågare fråfall kvart år.

Andre generelle statstilskott

Lånekompensasjon handlingsplan eldreomsorg og opptrappingsplan for psykisk helse

Dette er ei ordning der staten dekkjer renter og avdrag på lån som blei tatt opp i samband med bygging av bustader under Handlingsplan for eldreomsorga og Opptrappingsplan for

psykisk helse. Kommunen har nytta si kvote fullt ut. Kompensasjonen blir rekna ut etter ein modell der staten tek utgangspunkt i at eit tenkt serielån over 30 år finansierer utgiftene.

Regjeringa har innført ei ordning med investeringstilskott til sjukeheimar og omsorgsbustader. Det er ei øvre grense for tilskott pr. plass. Vi fekk i 2016 tilsegn om 64 mill. kroner i tilskott til påbygget på Hå sjukeheim og dessutan 20 % til forsterka bustader/sosial- og flyktningbustader.

Rentekompensasjon opprusting skuleanlegg

Dette er ei ordning for å stimulere kommunesektoren til å rehabilitere, ruste opp og legge til rette eksisterande skulebygg og å oppføre nye skulebygg der det er behov for det. Rentekompensasjonen bygger på lån med 5 avdragsfrie år og samla løpetid 20 år. Ordninga blei sett i verk i 2002. Kvar kommune fekk ei ramme for maks kompensasjon. Hå har nytta ordninga fullt ut.

Rentekompensasjon skule- og symjeanlegg

I 2009 blei det innført ei ny rentekompensasjonsordning for skule- og symjeanlegg. Rentekompensasjonen skal reknast ut med utgangspunkt i eit serielån med flytande rente, løpetid på 20 år og 5 år avdragsfritt. Hå kommune har nytta ordninga fullt ut.

Samla vil kompensasjonsordningane gi ei svakt fallande inntekt på 1,8 til 1,6 mill. kroner per år i planperioden.

Finanspostar

Renter på lån blir i hovudsak avgjort av 3 forhold:

- Nivået på styringsrenta til Norges Bank
- Risikopåslaget i pengemarknaden der bankane finansierer seg
- Bankane sine marginar overfor lånekundane

Norges Bank og Statistisk Sentralbyrå (SSB) har tidlegare i haust laga renteprognoser. Kommunalbanken har òg gitt ut rentesyn mellom anna ut frå at det i rentemarknaden blir sett renter som viser forventningar til framtidig rentenivå. I oktober 2018 heva Norges Bank styringsrenta til 0,75 %. I Pengepolitisk Rapport (PPR) frå september er hovudscenario til Norges Bank at styringsrenta i 2019 vil bli satt opp til 1,0% i første kvartal 2019 og at den aukar vidare utover i perioden.

Rådmannen har lagt til grunn Kommunalbanken sin forward-kurve når det gjeld gjennomsnitt av 3 månaders NIBOR samt noverande marginpåslag for renteprognosen i dei ulike åra. Tabellen viser at prognose for flytande rente er 0,4 %-poeng høgare i 2019.

Prognose lånerenter

| Prosent | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------------------|--------|--------|--------|--------|
| Økonomiplan 2019 - 2022 | 2,04 % | 2,49 % | 2,92 % | 2,84 % |
| Økonomiplan 2018 - 2021 | 1,65 % | 2,15 % | 2,28 % | |

Kommunens sine utlån av egne midlar (Lyse Energi)

Det er nytta 3,5 prosent rente ved utrekning av inntekta av kommunen sitt lån til Lyse Energi i 2019. Vilkåra er 3 månaders NIBOR + 2 prosent-poeng. I planperioden er det nytta aukande rente i tråd med omtale ovanfor. Mottekne avdrag frå Lyse (3,785 mill kroner per år) er ført til inntekt i investeringsbudsjettet. Nedbetalingstida for lånet til Lyse er 30 år.

Renteinntekt av driftsmidlar er rekna til 1,8 mill. kroner i 2019. Inntekta stig utover i perioden på grunn av renteutviklinga framover. Likviditetsmessig får kommunen ei årleg svekking på grunn av premieavviket.

Renter av fond - som blir lagt til fond - er summarisk sett til 3,1 mill kroner i kvart år. På grunn av at renteinntektene blir lagt til fond har dei ikkje resultatverknad.

Avdrag

Desse er sett opp i samsvar med eksisterande lån, nye låneopptak som er godkjent tidligare og låneopptak i samsvar med forslag til investeringar i økonomiplanperioden.

Utbytte

I samsvar med budsjett- og rekneskapsføresegnene, skal påreknelige utbytte budsjetterast i driftsbudsjettet.

Hå kommune sin eigardel i Lyse AS er 3,785 prosent. Forventing om nivået på utbyttet i denne planperioden er lagt av eigarkommunane med grunnlag i eigarstrategien, forventta resultatutvikling og i dialog med selskapet. I 2018 blei det delt ut eit utbytte til eigarane på kr 500 millionar, av dette er Hå kommune sin del 18,93 millionar. Totalt utbytte forventas å auke med kr 50 millionar i 2019 og i 2020 og kr 25 millionar i 2021 og i 2022. Samla utbytte utgjer då kr 650 millionar i 2022.

Hå kommune sin del av utbyttet er rekna til 20,82 millionar kroner i 2019. Dette aukar til 24,6 millionar kroner i 2022.

Det er rekna med seks mill kroner i utbytte kvart år frå Jæren Everk. Dette blei auka frå fire mill kroner per år som utbyttet var i perioden 2013-2017. To mill kroner blir nytta til å styrke driftsbudsjettet og fire mill kroner blir sett av til ENØK-tiltak.

Den delen av utbyttet som ikkje går til investering er budsjettert med 3,6 mill kroner 2019, 6,8 mill. kroner i 2020, 7,5 mill. kroner i 2021 og 8,2 mill. kroner i 2022.

Det er rekna med 1,5 mill kr i bidrag kvart år frå Norsk Vind (vindparken på Høggjæren). Dei ønskjer ifølgje avtale at bruken av innbetalingane blir synlege og at dei brukast til tiltak som har positive miljøverknader. Midlane har gjort det mogleg å satse på ei utskifting av gatelysarmatur for å spare energi. Kommunen har laga eit arbeidsprogram for dette som Enova har gitt tilsegn om støtte til. Arbeidet er i gang. Desse midlane blir ført over til investeringsbudsjettet til eigenfinansiering av prosjekt der.

Det er rekna med eit årleg bidrag frå Vindparken på Skinnansfjellet på 3 mill. kroner frå og med 2019. To millionar er sett av til ENØK-tiltak, mens ein million er tenkt å finansiere ei stilling på Jærmuseet. **Kommunestyret vedtok å redusere budsjettet for ENØK-tiltak og å redusere overføring til investering med to mill. kroner.**

Overføring til kapitalbudsjettet

Kvart år i planen er det planlagt overført mellom 24 og 26 mill. kroner til investeringsrekneskapan. I 2019 går 21,7 mill. kroner til investeringar. I resten av perioden er dette 20,2 mill. kroner. Eigenkapitaltilskottet til KLP er berekna å auke frå 4,0 mill. kroner i 2019 til 4,75 mill. kroner i 2022. Dette blir finansiert frå utbytte.

Disponering av driftsresultat 2017

Det rekneskapsmessige mindreforbruket (overskottet) for 2017 var på 29,8 mill. kroner. Dette blei satt av på disposisjonsfond. Rådmannen rår til at dette blir brukt til å finansiere investering i 2019 og at overskott frå tidlegare år blir verande på investeringsfond.

Disposisjonsfond drift

Dette er avsetning av fondsrenter til fond.

Innsparingstiltak

Kommunestyret vedtok ved behandlinga av økonomiplanen 2013-2016 å dekkja mindreinntektene grunna at egedomsskatt ikkje blir innført, med å auke dei føresette innsparingstiltaka og fordela denne innsparinga med 10 prosent på sentraladministrasjonen, 40 prosent på oppvekst og kultur, 40 prosent på helse og sosial og 10 prosent på teknisk og næring.

I økonomiplanen for 2019-2022 er åra 2020-2022 gjort opp med ein føresetnad om innsparingstiltak. Beløpa er 16 mill. kroner i 2020, 27,3 mill. kroner i 2021 og 29,3 mill. kroner i 2022. Rådmannen rår til at fordelinga mellom tenestoområda blir gjort som tidlegare år. **Kommunestyret vedtok også å legge inn ein effekt av Framtidsløftet med to mill. kroner kvart år. For 2019 er dette førebels tatt inn i «Ymse»-delen av budsjettet og vil bli fordelt når tiltaka er identifisert.**

Om investeringsbudsjettet

Etableringslån

I investeringsbudsjettet er det rekna med at kommunen kvart år tar opp – og deler ut – 5 mill kroner i Startlån. Kommunen får etter kvart ei større lånegjeld og auka risiko på dette området. Så langt er det lite tap registrert.

MVA – kompensasjon

Kommunane får kompensasjon frå staten for betalt meirverdiavgift (mva) . I 2019 vil dei planlagde investeringane gi 21,3 mill. kroner i mva-kompensasjon. For dei neste åra er kompensasjonen rekna til å bli 23 mill kroner i 2020, 27,9 mill. kroner i 2022 og 11,6 mill. kroner i 2022.

Salsinntekter og bruk av tidlegare avsette midlar (fond)

Det er budsjettert med bruk av salsinntekter til tomteutvikling på 4,35 mill. kroner i 2019, 10,85 mill. kroner i 2021 og 13,85 mill. kroner i kvart av åra 2021 og 2022.

Dersom inntektene blir større enn utgiftene til tomteutvikling foreslår rådmannen å sette desse inn på «Tomtefondet» til bruk i seinare tomteutvikling.

Vedlegg skatt/rammetilskot

| HÅ | Inngang!A1 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|-------------|----------------|----------------|----------------|--|------------------|------------------|------------------|
| HÅ | 1119 | | | | | | | |
| (år 2019-prisnivå i perioden 2019-2022) | | | | | | PROGNOSE | | |
| 1000 kr | | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb) | | 422 719 | 437 581 | 445 480 | 465 333 | 467 178 | 467 878 | 467 928 |
| Utgiftsutjevningen | | -20 676 | -16 740 | -13 974 | -5 252 | -5 234 | -5 228 | -5 228 |
| Overgangsordning - INGAR | | -1 068 | -1 894 | -1 342 | -1 002 | - | - | - |
| Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg) | | 3 089 | 3 743 | 3 716 | 4 265 | 4 265 | 3 851 | 3 851 |
| Overgangsordning - kommuner som skal slås sammen (skjønn i 2017) | | | - | - | - | - | - | - |
| Korreksjon forsøksordninger barnevern og omsorgstjenester | | - | - | - | - | - | - | - |
| Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker | | - | - | - | - | - | - | - |
| Nord-Norge-tilskudd/Namdalsstilskudd | | - | - | - | - | - | - | - |
| Storbytilskudd | | - | - | - | - | - | - | - |
| Småkommunetillegg | | - | - | - | - | - | - | - |
| Distriktstilskudd Sør-Norge | | - | - | - | - | - | - | - |
| Regionsentertilskudd | | - | - | - | - | - | - | - |
| Veksttilskudd | | 9 658 | 3 990 | - | - | - | - | - |
| Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg. | | - | - | - | - | - | - | - |
| herav gradvis bortfall av diff.arbeidsgiveravgift | | - | - | - | - | - | - | - |
| Skjønn - tap endringer av inntektssystemet 2011 | | - | - | - | - | - | - | - |
| Kompensasjon Samhandlingsreformen | | - | - | - | - | - | - | - |
| Ekstra skjønn tildelt av KMD inkl. ufrivillig | | - | 87 | - | - | - | - | - |
| alene kommuner, infrastruktur og bosetting | | - | 87 | - | - | - | - | - |
| enslig mindreårige | | - | - | - | - | - | - | - |
| Budsjettvedtak 2018 Stortinget - endringer ekskl skjønn | | | | 587 | | | | |
| Budsjettvedtak 2018 Stortinget-skjønn overgangsordning sammenslåing | | | | - | | | | |
| RNB 2018 - endringer i rammetilskudd | | | | 60 | | | | |
| Endringer saldert budsjett 2014 - 2017 | | 2 241 | -1 627 | | | | | |
| RNB 2012-2017, samt Dok8:135 S (2014-15) | | - | 1 247 | | | | | |
| Sum rammetilsk uten inntektsutj | | 415 963 | 426 388 | 434 527 | 463 343 | 466 209 | 466 501 | 466 551 |
| "Bykлетrekket" | | | | | | | | |
| Netto inntektsutjevning | | 37 355 | 58 507 | 61 136 | 62 030 | 62 030 | 62 030 | 62 030 |
| Sum rammetilskudd | | 453 317 | 484 896 | 495 663 | 525 373 | 528 239 | 528 531 | 528 581 |
| Rammetilskudd - endring i % | | 4,0 | 7,0 | 2,2 | 6,0 | 0,5 | 0,1 | 0,0 |
| Skatt på formue og inntekt | | 467 975 | 470 012 | 475 288 | 482 182 | 482 182 | 482 182 | 482 182 |
| Skatteinntekter - endring i % | | 7,1 | 0,44 | 1,12 | 1,45 | - | - | - |
| Andre skatteinntekter (eiendomsskatt) | | - | - | - | - | - | - | - |
| Sum skatt og rammetilskudd (avrundet) | | 921 292 | 954 908 | 971 000 | 1 007 600 | 1 010 400 | 1 010 700 | 1 010 800 |
| | | | | | (avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag) | | | |
| Sum - endring i % | | 5,6 | 3,6 | 1,7 | 3,8 | 0,3 | 0,0 | 0,0 |
| Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen | | - | - | 100 | - | - | - | - |
| (ufordelt skjønn fra Grønt Hefte - fordelt i løpet av året) | | | | | | | | |
| Sum skatt og netto inntektsutjevning | | 505 330 | 528 519 | 536 424 | 544 212 | 544 212 | 544 212 | 544 212 |
| Sum - endring i % | | 8,9 | 4,6 | 1,5 | 1,5 | - | - | - |
| Rammetilsk kr pr innb. (inkl. inntektsutjevning) | | 24 309 | 25 834 | 26 399 | 27 898 | 28 050 | 28 066 | 28 068 |
| Skatteinntekter kr pr innb. | | 25 095 | 25 041 | 25 314 | 25 604 | 25 604 | 25 604 | 25 604 |
| Kostnadsindeks (utgiftsutjevningen) | | 0,9912 | 0,9959 | 0,9991 | 1,0091 | 1,0091 | 1,0091 | 1,0091 |

Obligatoriske oversikter

Driftsbudsjettet

Budsjettskjema 1 A drift

| Budsjettskjema 1 A - drift | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|---|----------------------|----------------------|
| Skatt på inntekt og formue | 496 500 000 | 482 380 000 |
| Ordinært rammetilskudd | 474 087 000 | 526 891 000 |
| Skatt på eiendom | - | - |
| Andre direkte eller indirekte skatter | - | - |
| Andre generelle statstilskudd | 69 661 500 | 61 826 900 |
| Sum frie disponible inntekter | 1 040 248 500 | 1 071 097 900 |
| Renteinntekter og utbytte | 33 417 000 | 35 504 900 |
| Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 150 000 | 120 000 |
| Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg. | 22 727 000 | 26 517 400 |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler) | - | - |
| Avdrag på lån | 68 078 000 | 72 670 000 |
| Netto finansinnt./utg. | -57 238 000 | -63 562 500 |
| Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk | - | - |
| Til ubundne avsetninger | 3 300 000 | 3 100 000 |
| Til bundne avsetninger | - | - |
| Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk | - | - |
| Bruk av ubundne avsetninger | 3 510 000 | 3 719 000 |
| Bruk av bundne avsetninger | 7 627 000 | 8 581 300 |
| Netto avsetninger | 7 837 000 | 9 200 300 |
| Overført til investeringsbudsjettet | 23 500 000 | 27 742 000 |
| Til fordeling drift | 967 347 500 | 990 993 700 |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B) | 967 347 500 | 990 293 700 |
| Mer/mindreforbruk | 0 | 0 |

Investeringsbudsjettet

Budsjettskjema 2 A investering

| Budsjettskjema 2A - investering | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|--|--------------------|--------------------|
| Investeringer i anleggsmidler | 212 904 000 | 188 091 800 |
| Utlån og forskutteringer | 10 000 000 | 5 000 000 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 3 750 000 | 4 000 000 |
| Avdrag på lån | 6 095 400 | 5 742 600 |
| Dekning av tidligere års udekket | - | - |
| Avsetninger | 32 550 000 | 95 954 000 |
| Årets finansierungsbehov | 265 299 400 | 298 788 400 |
| Finansiert slik: | | |
| Bruk av lånemidler | 141 496 800 | 18 150 000 |
| Inntekter fra salg av anleggsmidler | 31 500 000 | 32 000 000 |
| Tilskudd til investeringer | - | 20 350 000 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 29 322 200 | 20 823 900 |
| Mottatte avdrag på utlån og refusjoner | 11 930 400 | 75 153 900 |
| Andre inntekter | - | - |
| Sum ekstern finansiering | 214 249 400 | 166 477 800 |
| Overført fra driftsbudsjettet | 23 500 000 | 25 742 000 |
| Bruk av tidligere års udisponert | - | - |
| Bruk av avsetninger | 27 550 000 | 106 568 600 |
| Sum finansiering | 265 299 400 | 298 788 400 |
| Udekket/udisponert | 0 | 0 |

Økonomisk oversikt drift

| Økonomisk oversikt - drift | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|--|----------------------|----------------------|
| Driftsinntekter | | |
| Brukerbetalinger | 76 849 700 | 78 571 900 |
| Andre salgs- og leieinntekter | 109 403 000 | 114 901 400 |
| Overføringer med krav til motytelse | 164 971 400 | 172 306 100 |
| Rammetilskudd | 474 087 000 | 526 891 000 |
| Andre statlige overføringer | 69 661 500 | 61 826 900 |
| Andre overføringer | 2 470 000 | 5 010 000 |
| Skatt på inntekt og formue | 496 500 000 | 482 380 000 |
| Eiendomsskatt | - | - |
| Andre direkte og indirekte skatter | - | - |
| Sum driftsinntekter | 1 393 942 600 | 1 441 887 300 |
| Driftsutgifter | | |
| Lønnsutgifter | 787 395 100 | 809 449 800 |
| Sosiale utgifter | 211 688 900 | 215 722 500 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 173 922 800 | 176 686 600 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 81 619 000 | 89 725 000 |
| Overføringer | 105 941 300 | 108 582 000 |
| Avskrivninger | 75 494 300 | 82 371 700 |
| Fordelte utgifter | -39 525 500 | -38 382 800 |
| Sum driftsutgifter | 1 396 535 900 | 1 444 154 800 |
| Brutto driftsresultat | -2 593 300 | -2 267 500 |
| Finansinntekter | | |
| Renteinntekter og utbytte | 33 417 000 | 35 504 900 |
| Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 150 000 | 120 000 |
| Mottatte avdrag på utlån | - | - |
| Sum eksterne finansinntekter | 33 567 000 | 35 624 900 |
| Finansutgifter | | |
| Renteutgifter og låneomkostninger | 22 727 000 | 26 517 400 |
| Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | - | - |
| Avdrag på lån | 68 078 000 | 72 670 000 |
| Utlån | - | - |
| Sum eksterne finansutgifter | 90 805 000 | 99 187 400 |
| Resultat eksterne finanstransaksjoner | -57 238 000 | -63 562 500 |
| Motpost avskrivninger | 75 494 300 | 82 371 700 |
| Netto driftsresultat | 15 663 000 | 16 541 700 |
| Interne finanstransaksjoner | | |
| Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk | - | - |
| Bruk av disposisjonsfond | 3 510 000 | 3 719 000 |
| Bruk av bundne fond | 7 627 000 | 8 581 300 |
| Sum bruk av avsetninger | 11 137 000 | 12 300 300 |
| Overført til investeringsregnskapet | 23 500 000 | 25 742 000 |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk | - | - |
| Avsatt til disposisjonsfond | 3 300 000 | 3 100 000 |
| Avsatt til bundne fond | - | - |
| Sum avsetninger | 26 800 000 | 28 842 000 |
| Regnskapsmessig mer/mindreforbruk | 0 | 0 |

Økonomisk oversikt investering

| Økonomisk oversikt - investering | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|--|--------------------|--------------------|
| Inntekter | | |
| Salg av driftsmidler og fast eiendom | 31 500 000 | 32 000 000 |
| Andre salgsinntekter | - | - |
| Overføringer med krav til motytelse | 2 050 000 | 65 626 300 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 29 322 200 | 20 823 900 |
| Statlige overføringer | - | - |
| Andre overføringer | - | 20 350 000 |
| Renteinntekter og utbytte | - | - |
| Sum inntekter | 62 872 200 | 138 800 200 |
| Utgifter | | |
| Lønnsutgifter | 2 046 000 | 2 645 800 |
| Sosiale utgifter | 690 000 | 226 500 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 175 845 800 | 164 395 600 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | - | - |
| Overføringer | 34 322 200 | 20 823 900 |
| Renteutgifter og omkostninger | - | - |
| Fordelte utgifter | - | - |
| Sum utgifter | 212 904 000 | 188 091 800 |
| Finansransaksjoner | | |
| Avdrag på lån | 6 095 400 | 5 742 600 |
| Utlån | 10 000 000 | 5 000 000 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 3 750 000 | 4 000 000 |
| Dekning av tidligere års udekket | - | - |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 32 550 000 | 95 954 000 |
| Avsatt til bundne investeringsfond | - | - |
| Sum finansieringstransaksjoner | 52 395 400 | 110 696 600 |
| Finansieringsbehov | 202 427 200 | 159 988 200 |
| Dekket slik: | | |
| Bruk av lån | 141 496 800 | 18 150 000 |
| Salg av aksjer og andeler | - | - |
| Mottatte avdrag på utlån | 9 880 400 | 9 527 600 |
| Overført fra driftsregnskapet | 23 500 000 | 25 742 000 |
| Bruk av tidligere års udisponert | - | - |
| Bruk av disposisjonsfond | - | 29 815 000 |
| Bruk av bundne driftsfond | - | - |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 27 550 000 | 76 753 600 |
| Bruk av bundne investeringsfond | - | - |
| Sum finansiering | 202 427 200 | 159 988 200 |
| Udekket/udisponert | - | - |

Økonomisk oversikt løyving

| Økonomisk oversikt løyving | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|--|----------------------|----------------------|
| Anskaffing og bruk av midlar | | |
| Anskaffing av midlar | | |
| Inntekter driftsdel (kontoklasse 1) | 1 393 942 600 | 1 441 887 300 |
| Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0) | 62 872 200 | 139 300 200 |
| Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner | 184 944 200 | 63 302 500 |
| Sum Anskaffing av midlar | 1 641 759 000 | 1 643 990 000 |
| Bruk av midlar | | |
| Utgifter driftsdel (kontoklasse 1) | 1 299 941 600 | 1 341 083 100 |
| Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0) | 212 904 000 | 188 091 800 |
| Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner | 110 650 400 | 113 930 000 |
| Sum bruk av midlar | 1 623 496 000 | 1 643 104 900 |
| Anskaffing - bruk av midlar | 18 263 000 | 885 100 |
| Endring i ubrukte lånemidler | - | - |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift | - | - |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest | - | - |
| Reserverte tilleggsløyvingar | -21 100 000 | -20 700 000 |
| Endring i arbeidskapital | -2 837 000 | -19 814 900 |
| Avsetningar og bruk av avsetningar | | |
| Avsetningar | 35 850 000 | 99 054 000 |
| Bruk av avsetningar | 38 687 000 | 118 868 900 |
| Til avsetning seinare år | - | - |
| Netto avsetningar | -2 837 000 | -19 814 900 |
| Int. overføringar og fordelingar | | |
| Interne inntekter mv | 138 519 800 | 146 496 500 |
| Interne utgifter mv | 138 519 800 | 146 496 500 |
| Netto interne overføringar | 0 | 0 |

Oppgave over kommunale garantiar

| OVERSIKT OVER UTVIKLING I GARANTIANSVAR (justert i samsvar med vedtaket til kommunestyret) | | | | | | | | | | | | |
|--|--|---------|---------|---------|--------------------------------------|---------|----------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Person, firma, organisasjon Kommune-/fylkeskassa | Driftsgarantiansvar pr. utgangen av år | | | | Lånegarantiansvar pr. utgangen av år | | | | | | | |
| | Rekn. 17 | BUD. 18 | BUD. 19 | BUD. 20 | BUD. 21 | BUD. 22 | Rekn. 17 | BUD. 18 | BUD. 19 | BUD. 20 | BUD. 21 | BUD. 22 |
| IVAR | | | | | | | 192 027 | 192 027 | 192 027 | 192 027 | 192 027 | 192 027 |
| Dalabekk borettslag | | | | | | | 258 | 200 | 142 | 84 | 26 | - |
| Hå Foreldrelagsbarnehage | | | | | | | 3 475 | 3 258 | 3 041 | 2 824 | 2 607 | 2 390 |
| Barnebygg AS | | | | | | | 3 537 | 3 314 | 3 091 | 2 868 | 2 645 | 2 422 |
| Jæren Friluftsråd | | | | | | | - | 1 100 | 1 000 | 900 | 800 | 700 |
| Nye Loen | | | | | | | - | | 13 750 | 13 063 | 12 375 | 11 688 |
| Varhaug idrettslag,spillemid. | | | | | | | 9 702 | 9 702 | 9 702 | 9 702 | 9 702 | 9 702 |
| Varhaug idrettslag | | | | | | | - | 24 200 | 22 990 | 21 780 | 20 570 | 19 360 |
| Vigrestad IK, spillemid | | | | | | | - | - | 16 600 | 15 770 | 14 940 | 14 110 |
| Vigrestad IK | | | | | | | - | - | 8 800 | 8 360 | 7 920 | 7 480 |
| Vigrestad IK | | | | | | | - | - | 19 250 | 18 288 | 17 325 | 16 363 |
| Hå kyrkjelege fellestråd | | | | | | | 2 001 | 1 809 | 1 617 | 1 425 | 1 233 | 1 041 |
| Ogna idrettshall | 330 | 330 | 330 | 330 | 330 | 330 | | | | | | |
| Tryggheim barnehage | 180 | 180 | 180 | 180 | 180 | 180 | | | | | | |
| Sum garantiansvar | 510 | 510 | 510 | 510 | 510 | 510 | 211 000 | 235 610 | 292 010 | 287 091 | 282 170 | 277 283 |

| OVERSIKT OVER TILSKOTT TIL/FRÅ (FYLKES)KOMMUNALE BEDRIFTER OG INTER(FYLKES)KOMMUNALE SAMMENSLUTNINGER/SELSKAPER SOM FØRER EGET REGNSKAP | | | | | | | | | | | | |
|---|----------------------------|---------|---------|---------|----------------------------|---------|----------|---------|---------|---------|---------|---------|
| (Fylkes)kommunal bedrift/ Inter(fylkes)kommunal sammenslutning/seiskap | Tilskott fra kommunekassen | | | | Tilskott til kommunekassen | | | | | | | |
| | Rekn. 17 | BUD. 18 | BUD. 19 | BUD. 20 | BUD. 21 | BUD. 22 | Rekn. 17 | BUD. 18 | BUD. 19 | BUD. 20 | BUD. 21 | BUD. 22 |
| Kontrollutvalgsssekretariatet | 205 | 213 | 220 | 220 | 220 | 220 | | | | | | |
| Kommunerevisjonen | 881 | 909 | 1 020 | 1 020 | 1 020 | 1 020 | | | | | | |
| Interkomm. arkiv | 406 | 474 | 513 | 513 | 513 | 513 | | | | | | |
| Næringsmiddelktr. | 570 | 615 | 615 | 615 | 615 | 615 | | | | | | |
| Jæren friluftsråd | 266 | 270 | 270 | 270 | 270 | 270 | | | | | | |
| Jærmuseet + tillegg fra | 293 | 940 | 990 | 990 | 990 | 990 | | | | | | |
| Hå Bygdemuseum | 741 | 740 | 765 | 765 | 765 | 765 | | | | | | |
| Rogaland fylkeskommune | | | | | | | 10 900 | - | - | - | - | - |
| Sum tilskott til/frå | 3 362 | 4 161 | 4 393 | 4 393 | 4 393 | 4 393 | 10 900 | - | - | - | - | - |
| Med Jæren Everk er det slike relasjoner: | | | | | | | | | | | | |
| Refusjon lønnskjøring | | | | | | | 20 | 20 | 20 | 20 | 20 | 20 |
| Utgifter gatelys | 3 850 | 4 039 | 3 915 | 3 915 | 3 915 | 3 915 | | | | | | |

Hovudoversikt balanse

| OVERSIKT - BALANSE | | |
|--|-------------------------|-------------------------|
| | Rekneskap 2017 | Rekneskap 2016 |
| EIGENDELAR | | |
| Anleggsmidler | 4 174 087 318,68 | 3 768 582 309,77 |
| Av dette: | | |
| Faste eigendommer og anlegg | 2 592 866 035,13 | 2 296 130 588,57 |
| Utstyr, maskiner og transportmidlar | 27 500,16 | 41 250,12 |
| Utlån | 141 450 634,39 | 146 793 148,08 |
| Konserninterne langsiktige fordringar | 0,00 | 0,00 |
| Aksjer og andelar | 70 885 431,00 | 67 437 513,00 |
| Pensjonsmidlar | 1 368 857 718,00 | 1 258 179 810,00 |
| Omløpsmidlar | 666 814 520,54 | 684 885 264,68 |
| Av dette: | | |
| Kortsiktige fordringar | 108 462 379,28 | 99 190 544,78 |
| Konserninterne kortsiktige fordringar | 0,00 | 0,00 |
| Premieavvik | 56 418 685,00 | 57 672 180,00 |
| Aksjer og andelar | 0,00 | 0,00 |
| Sertifikat | 10 069 097,00 | 0,00 |
| Obligasjonar | 0,00 | 0,00 |
| Derivat | 0,00 | 0,00 |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | 491 864 359,26 | 528 022 539,90 |
| SUM Eigendelar | 4 840 901 839,22 | 4 453 467 574,45 |
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | |
| Eigenkapital | 1 702 481 229,84 | 1 552 219 187,21 |
| Av dette: | | |
| Disposisjonsfond | 189 726 573,08 | 184 424 504,91 |
| Bundne driftsfond | 40 034 995,33 | 43 762 852,97 |
| Ubundne investeringsfond | 96 388 611,71 | 117 051 809,85 |
| Bundne investeringsfond | 776 412,60 | 8 613 483,71 |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk | 29 818 428,36 | 44 554 542,91 |
| Rekneskapsmessig meirforbruk | 0,00 | 0,00 |
| Udisponert i inv.rekneskap | 0,00 | 0,00 |
| Udekket i inv.rekneskap | 0,00 | 0,00 |
| Kapitalkonto | 1 345 127 571,39 | 1 153 203 355,49 |
| Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (drift) | 608 637,37 | 608 637,37 |
| Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (inves) | 0,00 | 0,00 |
| Langsiktig gjeld | 2 888 187 511,67 | 2 686 233 741,40 |
| Av dette: | | |
| Pensjonsforpliktelsar | 1 684 126 927,00 | 1 591 410 419,00 |
| Ihendehaverobligasjonslån | 0,00 | 0,00 |
| Sertifikatlån | 0,00 | 0,00 |
| Andre lån | 1 204 060 584,67 | 1 094 823 322,40 |
| Konsernintern langsiktig gjeld | 0,00 | 0,00 |
| Kortsiktig gjeld | 250 233 097,71 | 215 014 645,84 |
| Av dette: | | |
| Kassekredittlån | 0,00 | 0,00 |
| Annen kortsiktig gjeld | 250 233 097,71 | 215 014 645,84 |
| Derivat | 0,00 | 0,00 |
| Konsernintern kortsiktig gjeld | 0,00 | 0,00 |
| Premieavvik | 0,00 | 0,00 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | 4 840 901 839,22 | 4 453 467 574,45 |
| MEMORIAKONTI | | |
| Av dette: | 76 100 299,92 | 87 144 946,17 |
| Ubrukte lånemidler | 59 227 762,44 | 70 854 785,18 |
| Ubrukte konserninterne lånemidler | 0,00 | 0,00 |
| Andre memoriakonti | 16 872 537,48 | 16 290 160,99 |
| Motkonto til memoriakontiene | -76 100 299,92 | -87 144 946,17 |

